



Møteinnkalling

Utval:	Kontrollutvalet i Stord kommune
Møtestad:	Fjernmøte, Teams
Dato:	19.04.2021
Tid:	14:00

Dersom nokon av medlemmene ikkje kan møte og må melde forfall, vert dei bedne om å gjere dette så tidleg som råd er ved **å ringa** til Hogne Haktorson tlf. 911 05 982.

Til varamedlemar er denne innkallinga å sjå på som ei orientering.
Dersom det vert aktuelt at varamedlemar må møta, vil det bli gjeve nærmare beskjed.

Det er planlagt at Hogne Haktorson møter frå sekretariatet, på dette møtet.

Tekniske opplysningar

- Det vert sendt eigen epost med link til teamsmøte.
- Ønskje om at deltakarane koplars seg opp 15 min. før, for test av lyd og bilde.
- I siste sak vil det bli røysta over om møtet skal lukkast. Om så skjer, blir det sendt eigen teamsinvitasjon til utvalsmedlemene om det.
- PS - Møtet vil bli streama frå kl. 14.00 og lagt ut på nettet.

Fredrik Litleskare
kontrollutvalsleiar

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Kopi: Vararepresentantar til kontrollutvalet
Ordførar
Revisor
Rådmann

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
Godkjenningssaker			
GK 3/21	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 4/21	Godkjenning av møteprotokoll frå møte 04.03.2021	2020/86	
Politiske saker			
PS 12/21	Sak frå Stord FrP til kontrollutvalet	2020/85	
PS 13/21	Forum for oppvekst i Sunnhordland - Forvaltningsrevisjonsrapport	2020/98	
PS 14/21	Kurs i regi av KPMG	2019/141	
PS 15/21	Årsmelding 2020 for Stord kontrollutval	2020/148	
PS 16/21	Stord kommune si rapportering av internkontroll og tilsyn ein gong i året	2019/129	
PS 17/21	Gjennomgang av møteprotokollar i Stord kommune	2019/130	
PS 18/21	Eventuelt	2020/89	
Referatsaker			
RS 4/21	Lovlegkontroll - Stord budsjett 2021 - økonomiplan 2021- 2024	2019/132	
RS 5/21	Stord kommune, budsjett 2021 og økonomiplan 2021-2024	2019/132	
RS 6/21	FKT - Medlemsinformasjon februar 2021	2019/13	
RS 7/21	FKT - medlemsinformasjon mars 2021	2019/13	
RS 8/21	Veileder og mal for kontrollutvalgets uttalelse til årsregnskapet og årsberetningen	2019/13	
RS 9/21	Veileder til kontrollutvalg- og revisjonsforskriften	2021/29	
Politiske saker			
PS 19/21	Val av revisor for Stord kommune - tilråding frå kontrollutvalet	2014/302	

Godkjenningssaker
GK 3/21 Godkjenning av innkalling og sakliste



Stord kommune

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saksnr: 2020/86-29
Saksbehandlar: Hogne Haktorson

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Stord kommune	4/21	19.04.2021

Godkjenning av møteprotokoll frå møte 04.03.2021

Møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 04.03.2021 er lagt ved saka.



Møteprotokoll

Utval:	Kontrollutvalet i Stord kommune
Møtestad:	Fjernmøte, Teams
Dato:	04.03.2021
Tid:	14:00 - 17:45 (Kurs om kommuneøkonomi for utvalet 12:00 - 14:00)

Følgjande faste medlemmer møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Fredrik Litleskare	Leiar	H
Stian Djuvsland	Nestleiar	FRP
Astrid-Cecilie F. Aleksandersen	Medlem	AP
Tore Jubskås	Medlem	SP

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Rigmor Svanberg	Medlem	FRP

Følgjande varamedlemmer møte:

Namn	Møtte for	Representerer
Kristian Magnussen	Rigmor Svanberg	FRP

Merknader

Andre som møte:

Namn	Stilling
Willy Hauge	Partner i KPMG AS (Tom. PS 8/21)
Magnus Mjør	Rådmann (Tom. PS 5/21)
Hege Etterlid	Økonomisjef (Tom. PS 5/21)
Lovise Vestbøstad	Plansjef (Tom. PS 5/21)
Inge Espenes	Einingsleiar (Tom. PS 5/21)
Jakob Bjelland	Fung. ordførar (tom. PS 6/21)
Hogne Haktorson	Kontrollsjef Vestland fylkeskommune, Sekret. for kontr. utv.

Fredrik Litleskare
utvalsleiar

Hogne Haktorson
utvalssekretær

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 1/21 GK 2/21	Godkjenning av innkalling og sakliste Godkjenning av møteprotokoll frå møte 03.12.2020	2020/86	
	Politiske saker		
PS 1/21	Sameige Leirvik Brygge - orientering frå rådmannen	2020/85	
PS 2/21	Eldøyane industriområde - orientering frå rådmannen	2020/85	
PS 3/21	Interimsrevisjonsrapport for 2020 - orientering frå rådmannen	2019/132	
PS 4/21	Forenkla etterlevingskontroll for 2019 - orientering frå rådmannen	2019/132	
PS 5/21	Oppfølging - Forvaltningsrevisjon plan og byggesakshandsaming	2019/45	
PS 6/21	Forenkla etterlevingskontroll for 2020 - risikovurdering	2019/132	
PS 7/21	Forvaltningsrevisjon innan beredskap - statusrapport	2020/190	
PS 8/21	Forum for oppvekst i Sunnhordland (FOS) - Status om forvaltningsrevisjon	2020/98	
PS 9/21 PS 10/21	Gjennomgang av møteprotokollar i Stord kommune Eventuelt	2019/130 2020/89	
	Referatsaker		
RS 1/21	Årsrapport 2019/2020 fra tilsynsutvalget for Stord sjukeheim og Knutsåsen omsorgssenter	2019/129	
RS 2/21	Julebrev fra FKT	2019/13	
RS 3/21	Invitasjon til FKT fagkonferanse 1. - 2. juni 2021	2019/13	
	Politiske saker		
PS 11/21	Konkurransenutsetting av revisjonstenester for Stord kommune - arbeidsmøte	2014/302	

Godkjenningssaker

GK 1/21 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll 04.03.2021 - Kontrollutvalet i Stord kommune

Handsaming i møte

Det kom ikkje fram merknader til innkalling og saksliste.

Vedtak

Innkalling og saksliste vart godkjent.

GK 2/21 Godkjenning av møteprotokoll frå møte 03.12.2020

Saksprotokoll 04.03.2021 - Kontrollutvalet i Stord kommune

Handsaming i møte

Det kom ikkje fram merknader til møteprotokoll frå møte 03.12.20.

Vedtak

Protokoll frå møte 03.12.20. vart godkjent.

Politiske saker

PS 1/21 Sameige Leirvik Brygge - orientering frå rådmannen

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

Saksprotokoll 04.03.2021 - Kontrollutvalet i Stord kommune

Handsaming i møte

Rådmannen orienterte om saka, og var bl.a. innom dette:

- Det handlar bl.a. om interesser knytt til næring ift. bumiljø.
- Kontrollutvalet sitt hovudfokus har vore på manglande oppfølging.
- Har tidlegare beklaga at saka ikkje vart følgt opp som ønskt frå starten av.
- Har no svart ut 5 punkt som kontrollutvalet ba om (vedlegg i saka)
- Arbeid med hamneplan pågår
- Støyrapport ligg føre
- Landstraum er på plass, og det vil bli incentivordningar for å bruka den
- Har hatt møte dei siste dagane med representantar for «Sameige Leirvik Brygge» og «Nok er nok på Eldøyane».
- Førebels referat frå møte med sameiget slutta med «takk for konstruktivt møte».

Utvalsleiar synest det var hyggeleg at det no har vore ein god dialog.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

PS 2/21 Eldøyane industriområde - orientering frå rådmannen

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

Saksprotokoll 04.03.2021 - Kontrollutvalet i Stord kommune

Handsaming i møte

Plansjef Lovise Vestbøstad viste ein presentasjon og orienterte om saka. Ho var bl.a. innom dette:

- Støymålar er permanent plassert i Eldøyane
- Støygrensa varierar ift. tid på døgnet og om det er kvardag, helg eller høgtid.
- Samla rapport om støymåling kjem omlag i april for fjoråret.
- I 2019 vart det registrert 83 døgn med overskridingar.
- Desse vert vurdert opp mot bedrifter og hamnestellet sine eigne loggføringar.
- Av dei 83 overskridingane er det 39 ein ikkje har funne forklaring på. Det vert vurdert som ikkje tilfredsstillande. Det vert arbeid med å finna prosentvis fleire forklaringar.
- Bedriftene har eigeninteresse i å redusera støy

Utvalseiar ønskte å motta meir informasjon om «varslingsrutinar når barrierene brytest». Ingen i utvalet hadde merknader til dette ønsket.

Utvalet ønskte og å få tilsendt den presentasjonen som plansjefen heldt i møtet.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

PS 3/21 Interimsrevisjonsrapport for 2020 - orientering frå rådmannen

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

Saksprotokoll 04.03.2021 - Kontrollutvalet i Stord kommune

Handsaming i møte

Økonomisjef Hege Etterlid orienterte om saka, og var bl.a. innom dette:

- System for logging av informasjon vart sett opp i september 2020, for rekneskap og løn
- Kan sjå kva endringar som er gjort.
- Få personar kan ta ut logg.
- Fullmaktsskjema utarbeida.
- Mindre gruppe som kan gjera alle endringar i systemet.
- Rollar i «Agresso» med færre tilgangar kan jobbast meir med.
- Kommunane Stord - Bømlo - Fitjar - har sams leverandørregister. Kan sjå på tilgongar for kven.
- Avveging - Må ikkje strupa tilgangar slik at det er vanskeleg å gjera arbeid på effektiv måte

Utvalet var innom spørsmålet om sjekk av logg. Det var elles oppfatta at det har vore ei positiv utvikling / ein god trend.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke

Vedtak

Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

PS 4/21 Forenkla etterlevingskontroll for 2019 - orientering frå rådmannen

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

Saksprotokoll 04.03.2021 - Kontrollutvalet i Stord kommune

Handsaming i møte

Økonomisjef Hege Etterlid orienterte om saka, og var bl.a. innom dette:

- Det vart oirorientert om kvifor tre innkjøp, kvar på over 100 000 kroner, ikkje var konkurranseutsett. Fellesnemnar var at det på det tidspunktet berre var oppfatta å vera ein reell leverandør.
- Det er gode prosedyrar i «Kompilo» - i kvalitetssystemet.
- Det er viktig at alle brukar dette. På leiarsamling vil det bli vegleia i prosedyrar.

Utvalseiar synest forklaringane var greie, men nemnte at desse skulle vore merka i konkurranseprotokollane. Det var og revisor sitt hovudansvar. Rådmannen synest og at dette er ei rimeleg forventning.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

PS 5/21 Oppfølging - Forvaltningsrevisjon plan og byggesakshandsaming

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ser positivt på at betringsarbeidet er kome noko lenger enn ved forrige rapportering i samband med forvaltningsrevisjon om plan og byggesakshandsaming.
2. Kontrollutvalet ber rådmannen koma med ny skriftleg status på oppfølging av forvaltningsrevisjonen til møte 06.09.2021. Statusrapporten vert å oversenda til sekretariatet innan 16.08.2021.

Saksprotokoll 04.03.2021 - Kontrollutvalet i Stord kommune

Handsaming i møte

I ordskiftet kom det fram at fagavdelinga er i gong med integrering av eit dataprogram - E-byggesak.

Plansjefen orienterte om utfordringar med bemanninga, bl.a. relatert til fleire fødselspermisjonar og vanskar med å få tak i erfarne kvalifiserte vikarar.

Rådmannen vart invitert til å gje ei munnleg orientering i utvalet sitt møte i september, i tillegg til den skriftlege orienteringa som går fram av vedtakspunkt nr. 2.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet ser positivt på at betringsarbeidet er kome noko lenger enn ved forrige rapportering i samband med forvaltningsrevisjon om plan og byggesakshandsaming.
2. Kontrollutvalet ber rådmannen koma med ny skriftleg status på oppfølging av forvaltningsrevisjonen til møte 06.09.2021. Statusrapporten vert å oversenda til sekretariatet innan 16.08.2021.

PS 6/21 Forenkla etterlevingskontroll for 2020 - risikovurdering

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tar informasjonen frå KPMG AS til orientering.
2. Kontrollutvalet ber også om at uttale om resultatet av den forenkla etterlevingskontrollen med økonomiforvaltninga vert sendt sekretariatet innan 28.04.2021 slik at den vert klar til handsaming i møte i kontrollutvalet 19.05.2021.

Saksprotokoll 04.03.2021 - Kontrollutvalet i Stord kommune

Handsaming i møte

Partner Willy Hauge i KPMG AS orienterte om risikovurdering / planar gjeldande forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga for 2020, der VAR-området står sentralt.

I ordsiftet vart det og spurt om / orientert om ordninga med driftstilskot til private barnehagar, herunder korleis evt. auka støtte til kommunale barnehagar også får som bieffekt ein auke i økonomien for private barnehagar.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet tar informasjonen frå KPMG AS til orientering.
2. Kontrollutvalet ber også om at uttale om resultatet av den forenkla etterlevingskontrollen med økonomiforvaltninga vert sendt sekretariatet innan 28.04.2021 slik at den vert klar til handsaming i møte i kontrollutvalet 19.05.2021.

PS 7/21 Forvaltningsrevisjon innan beredskap - statusrapport

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

Saksprotokoll 04.03.2021 - Kontrollutvalet i Stord kommune

Handsaming i møte

Av saksframlegget går det fram at forvaltningsrevisjonen er i rute, tidsmessig. Partner Willy Hauge i KPMG AS opplyste at det framleis stemmer.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

PS 8/21 Forum for oppvekst i Sunnhordland (FOS) - Status om forvaltningsrevisjon

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering, men er skuffa over at rapporten blir 4 månader forseinka ift. først avtalt levering.
2. Ferdig rapport vert å senda over til sekretariatet innan 25.03.2021.
3. Rapporten vert å handsama i kontrollutvalet sitt møte 19.04.2021.

Saksprotokoll 04.03.2021 - Kontrollutvalet i Stord kommune

Handsaming i møte

Utvalseiar var skuffa over at rapporten var blitt såpass forseinka. Det vart og merka at det ikkje hadde vore aktiv tilbakemelding når KPMG merka at tidsplanen ikkje heldt.

Partner Willy Hauge i KPMG AS beklaga forseinkinga, nemnte at noko av forseinkinga kjem seg av meir omfattande verifisering med eit samarbeidsprosjekt for 6 kommunar. Frå no av og ut meinte han KPMG skulle halda den nye framdriftsplanen, jmf. forslag til vedtak.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering, men er skuffa over at rapporten blir 4 månader forseinka ift. først avtalt levering.
2. Ferdig rapport vert å senda over til sekretariatet innan 25.03.2021.
3. Rapporten vert å handsama i kontrollutvalet sitt møte 19.04.2021.

PS 9/21 Gjennomgang av møteprotokollar i Stord kommune

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane til orientering.

Saksprotokoll 04.03.2021 - Kontrollutvalet i Stord kommune

Handsaming i møte

Grunna forfall vart gjennomgang av formannskapet sine protokollar i tida 02.12.20. - 24.02.21 utsett til neste møte.

Jmf. pågåande forvaltningsrevisjon var det fleire som hadde lagt merke til at det vert arbeid med nye avtalar gjeldande Forum for Oppvekst i Sunnhordland (FOS).

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak

Formannskapet sine protokollar i tida 02.12.20. - 24.02.21 vert gjennomgått i neste møte. Kontrollutvalet tar dei øvrige møteprotokollane til orientering.

PS 10/21 Eventuelt

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Saksprotokoll 04.03.2021 - Kontrollutvalet i Stord kommune

Handsaming i møte

Økonomi for kontrollutvalet.

Sekretariatet har hatt dialog med økonomisjefen om å få overført midlar for prosjekt som starta i 2020, men som vert ferdigstilt i 2021, slik utvalet ønskte, jmf. sak PS 47/20 i møte 3. desember - 20. Økonomisjefen har stadfesta at det i årsavslutningen er teke omsyn til restfinansiering av desse to prosjekta:

- Forvaltningsrevisjon av Forum for Oppvekst i Sunnhordland (FOS)
- Forvaltningsrevisjon innan beredskap.

Utvalet sette pris på den informasjonen

NKRF kontrollutvalskonferansen 2021 - digitalt arr. 21. - 22. april 2021.

Det var ønske om at utvalet er representert med 2 - 3 personar.

Utvalsleiar, nestleiar og Astrid-Cecilie F. Aleksandersen vil sjekka ut om det er råd å delta ift. arbeidssituasjonen.

Sekretariatet vil sjekka ut om det er råd å få med seg konferansen digitalt, etter at den er avvikla, dersom nokon ikkje kan delta i arbeidstida.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet ønskjer å vera representert med 2 - 3 personar på NKRF sin digitale kontrollutvalskonferanse 21. - 22. april 2021.

Referatsaker

RS 1/21 Årsrapport 2019/2020 fra tilsynsutvalget for Stord sjukeheim og Knutsåsen omsorgssenter

Saksprotokoll 04.03.2021 - Kontrollutvalet i Stord kommune

Handsaming i møte

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak

Referatsaka vert teken til orientering.

RS 2/21 Julebrev fra FKT

Saksprotokoll 04.03.2021 - Kontrollutvalet i Stord kommune

Handsaming i møte

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak

Referatsaka vert teken til orientering.

RS 3/21 Invitasjon til FKT fagkonferanse 1. - 2. juni 2021

Saksprotokoll 04.03.2021 - Kontrollutvalet i Stord kommune

Handsaming i møte

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak

Kontrollutvalet ønskjer å vera representert med 2 personar på FKT sin fagkonferanse 1. - 2. juni 2021, og prioriterer at leiar og nestleiar blir med der.

Politiske saker

PS 11/21 Konkurransetsetting av revisjonstenester for Stord kommune – arbeidsmøte

Forslag vedtak

Arbeidsmøte utan forslag til vedtak.

Saksprotokoll 04.03.2021 - Kontrollutvalet i Stord kommune

Handsaming i møte

Revisor var ikkje til stades ved handsaminga av saka.

Sidan tilboda inneheld informasjon av konkurransemessig betydning for tilbydarane er informasjonen unnateke offentleggjering, jf. offl. § 13, jf. forvl. § 13.

Møtet vart difor samrøystes lukka med heimel i kommunelova § 11-5 under handsaming av denne saka.

Sekretariatet orienterte om evalueringa som er føreteken. Drøfting i utvalet.

Det vart spurt om utvalet ville vita kva firma som hadde levert dei ulike tilboda, men det var ikkje nokon som ønskte i dette møtet.

Sak om innstilling i val av revisor kjem opp til handsaming i neste møte i kontrollutvalet.

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak

Informasjonen vart teken til orientering.

Politiske saker
PS 12/21 Sak frå Stord FrP til kontrollutvalet



Stord kommune

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saksnr: 2020/85-44
Saksbehandlar: Hogne Haktorson

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Stord kommune	12/21	19.04.2021

Sak frå Stord FrP til kontrollutvalet

Forslag til vedtak

Lagt fram utan forslag til vedtak.

Samandrag

Stord FrP har henvend seg til kontrollutvalet om forhold relatert til «...utviklinga i Stord Kommunalteknikk». Rådmannen er invitert for å orientera om sin oppfatning av saksforholda. Han har stadfesta at han blir med i møtet frå møtestart.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Sak frå Stord FrP til kontrollutvalet
- 2 Utval for plan og utvikling. Møteprotokoll for sak IS 4_21 i møte 08.04.21

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Stord FrP har henvend seg til kontrollutvalet om forhold relatert til «...utviklinga i Stord Kommunalteknikk». Epost frå Stord FrP er vedlagt.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i sak der utvalet vil innhenta informasjon, jf. kommunelova § 23-2.

Vurderingar og verknader

Henvendinga frå Stord Frp

Innhaldet i henvendinga frå Stord Frp er slik:

«Stord FrP har med stigande uro fulgt utviklinga i Stord Kommunalteknikk.

Døme på uheldig praksis er fleire, i seinare tid kan ein nemna

- *Utbyggingsstart ny veg til Grunnvågen utan å ha hand om alle eigedomar eller avtale med grunneigarar. Dette førte til høgt konfliktnivå og trong for ekspropriasjon. Det bør undersøkast om noko av årsaka ligg i kommunen sin forhandlingsteknikk og måte å møte innbyggjarane på. Sjøpodlen har i tillegg blitt forureina med fine partiklar pga manglande bruk av siltgardin.*
- *Riving av dam, Litlabø, utan å ha informert interessentar eller få eventuelt løyve frå kommunen. Ved sjekk av sakspapir her ser det ut til at det ikkje er tilstrekkeleg kontroll på restansar i sakskomplekset med NVE.*
- *Stort og pågående utslepp av ureinsa kloakk til Sagvåg, innafør ytterste terskel og utan naudsynt utsleppsløyve frå Statsforvaltaren. Ein må spørre seg om det også pågår eller har pågått slike utslepp andre stader i kommunen, og kva vurderingar som eventuelt ligg til grunn for slik arbeidsmetodikk.*

Dette, kombinert med manglande svar på legitime spørsmål frå folkevalde kan få det til å sjå ut som det har utvikla seg ein ukultur der ein meir eller mindre gjer som ein vil, utan å tilstrekkeleg hensynta innbyggjarane sine innspel og ynskjer, lovar og regelverk. Dette er i tilfelle svært alvorleg og må endrast.

Ber kontrollutvalet sjå på saka og kome med si vurdering.»

Om henvendingar generelt.

I tidlegare saksframlegg vart det på generelt grunnlag vist til skisse frå sekretariatet om korleis henvendingar kan handterast av kontrollutvalet. Sekretariatet har registrert gjennom sine 16-17 driftsår, pt. for 17 kontrollutval, at det er auke i tal henvendingar. Same inntrykket vert formidla frå kollegaer. Kvar henvending som kjem er unik. Det er såleis ikkje nokon fasit på korleis henvendingar skal handsamast. Men sekretariatet har utarbeidd ein skisse for evtnt. rekkefølge som kan nyttast ved henvendingar generelt sett:

1. Kontrollutvalet må bli gjort kjent med henvendinga. Samstundes blir det teke eit par avklaringar:
 - 1.1. Dersom det varsla forholdet td. er til ankehandsaming hjå kommunen eller fylkesmannen, så ventar kontrollutvalet normalt med å sjå nærare på saka.
 - 1.2. Det same gjeld om det varsla forholdet er til handsaming i rettsapparatet.
2. Kontrollutvalet drøftar så vegen vidare, 1. gong. Nokre alternative utfall kan vera desse:
 - 2.1. Kontrollutvalet meiner alt no at dette ikkje er ei sak for utvalet, og grunnjev dette.
 - 2.2. Utvalet treng meir informasjon for å kunna realitetshandsama henvendinga.
 - 2.2.1. Ein kan td. be rådmannen om å gje informasjon på neste møte.

- 2.2.2. Ein kan be sekretariatet om å skaffa fleire relevante dokument.
- 2.2.3. Ein kan be om innspel frå andre.
- 2.3. Utvalet har indikasjon på - ut frå henvendinga og evnt. kunnskap i kontrollutvalet, sekretariatet og/eller revisjonen - at dette er eit saksområde som ein bør sjå nærare på. Utvalet ser først og fremst på kommunen sine system og rutinar generelt sett og mindre på einskilt saker. Då kan td. dette skje:
 - 2.3.1. Dersom det er nært føreståande å laga ny plan for forvaltningsrevisjon eller å evaluera denne, kan ein få ei prioritering av saksfeltet det er henvending om, opp mot andre saksfelt.
 - 2.3.2. Dersom det snart skal bestillast ny forvaltningsrevisjon, kan ein vurderer om saksfeltet kan inkluderas i føremål og/eller problemstillingar for denne.
 - 2.3.3. Kontrollutvalet bestiller ein ny forvaltningsrevisjon med basis i saksfeltet henvendinga omhandlar. Sjå pkt. 2.4.1 om vegen vidare.
- 2.4. Kontrollutvalet har indikasjon på at henvendinga er så spesiell at utvalet vil sjå nærare på saka - det spesifikke innhaldet som henvendinga omtalar.
 - 2.4.1. Då er det vanleg å be revisjonen om å laga ein prosjektplan som fortel kva arbeid som skal gjerast og kva ressursar som skal brukast. Endeleg bestilling frå kontrollutvalet vil vera på basis av denne prosjektplanen.
- 3. Kontrollutvalet drøftar evnt. vegen vidare, 2. gong. Det vil vanlegvis vera i neste møte. Nokre alternative utfall:
 - 3.1. Utvalet kjenner seg i stand til å konkludera på om dei vil ta saka eller ikkje.
 - 3.2. Utvalet meiner framleis at dei treng meire informasjon, og vil be om det fram mot / i komande møte.
 - 3.3. Utvalet handsamar prosjektplan frå revisjonen, dersom det er bede om, og bestiller ein revisjon på saksfeltet eller om den konkrete saka.
- 4. Revisjonen arbeidar ut frå bestilling frå kontrollutvalet. Det er verdt å merka seg at revisjonen har tilnærming til oppdraget som og inkluderer stikkord som verifisering og kontradiksjon.
- 5. Kontrollutvalet si handsaming, 3. gong
 - 5.1. Utvalet vil no forhåpentlegvis vera i stand til å vurderer om ein skal sjå nærare på saka eller ikkje.
 - 5.2. Dersom det vart bestilt revisjon i førre møte, kan utvalet få ein milepelsrapport i dette møtet.
- 6. Revisjonen arbeidar / arbeidar vidare, ut frå bestilling frå kontrollutvalet.
- 7. Kontrollutvalet handsamar revisjonsrapport når denne er ferdig, inkl. uttale frå rådmannen.
 - 7.1. Utvalet innstiller overfor kommunestyret.
- 8. Kommunestyret handsamar revisjonsrapporten og gjer vedtak i saka
- 9. Det følgjer av forskrift, gjerne og stadfesta i kommunestyrevedtaket, at kontrollutvalet følgjer opp om tilrådingane blir følgt opp.
 - 9.1. Kommunestyret ber ofte rådmannen skriva ein handlingsplan til kontrollutvalet innan ein fastsett frist.
- 10. Kontrollutvalet handsamar handlingsplan frå rådmannen.
- 11. Kontrollutvalet ser på rådmannen si oppfølging fleire gonger, dersom ikkje alle tilrådingar er følgt opp.
- 12. Kontrollutvalet rapporterer til kommunestyret undervegs og / eller i årsmeldingar frå utvalet.

Som oppsettet viser, kan det gå fleire møter før kontrollutvalet er i stand til å realitetshandsama henvendinga, gjerne etter å ha skaffa meire informasjon.

Kontrollutvalet er og styrt av dei økonomiske rammene som er tildelt. Slik sett kan det og vera at utvalet må prioritera ned saka / saksfeltet som er omtala i henvendinga av økonomiske årsaker, sjølv om saka / saksfeltet isolert sett ville vore interessant å sjå nærare på.

Invitasjon til rådmannen.

For å vinna tid, er det skua til pkt. 2.2.1 i skissen overfor. I samråd med kontrollutvalsleiar er rådmannen invitert til å vera tilstades ved handsaming av denne saka, og han har takka ja til det. Rådmannen har fått slik bestilling:

- *«Me ber om at rådmannen orienterer om sin oppfatning av saksforholda som går fram av dei tre kulepunkta, samt evnt. merknader til 1. avsnitt etter kulepunkta.»*
- *«Det vert bede om at skriftleg kopi av orienteringa, td. notat eller PP-presentasjon, vert gjort tilgjengeleg for kontrollutvalet i møtet.»*
- *«Rådmannen vurderar sjølv om han vil ha nokon frå administrasjonen med seg.»*

Anna relevant informasjon?

Utval for plan og utvikling var samla 08.04.21. I deira sak IS 4/21 har rådmannen gjeve svar på 6 spørsmål frå Reinert Svanberg (FrP) relatert til hasterivinga av Jappaløken/Storstemmo. Noko av det som her er svart ut, kan vera av interesse ifm. andre kulepunkt i FrP si henvending til kontrollutvalet i denne saka. Derfor er protokollføring i nemnte sak IS 4/21 lagt inn som vedlegg i kontrollutvalet si sak.

Kontrollutvalsmøte 19.04.21.

I skrivande stund er det ukjent kva informasjon rådmannen kjem med i møtet. Kontrollutvalet må derfor i møtet vurdere informasjonen som vert gjeven opp mot dei problemstillingane som er reist av Stord FrP. Så må utvalet drøfta kva som vidare bør skje i saka. Skissen overfor kan gjerne koma til nytte ifm. vidare tilnærming.

Konklusjon

Henvendinga frå Stord FrP er kjent. Rådmannen gjev ei orientering i møtet. Denne vert også gjort skriftleg tilgjengeleg i møtet. Kontrollutvalet må etter det vurdere kva tilnærming utvalet vil ha vidare. Generell skisse om henvendingar kan då gjerne koma til nytte.

Fra: Reinert Svanberg (reinert.svanberg@gmail.com)

Sendt: 14.03.2021 18:47:42

Til: fredrik.litleskare@stord.kommune.no

Kopi: Hogne Haktorson; Gaute Straume Epland; Magnus Mjør; Stord kommune; Sigbjorn.framnes@gmail.com

Emne: Sak til kontrollutvalet

Vedlegg:

Attn:

Stord Kommune

Kontrollutvalet

v/Utvalsleiar Fredrik Litleskare

Stord FrP har med stigande uro fulgt utviklinga i Stord Kommunalteknikk.

Døme på uheldig praksis er fleire, i seinare tid kan ein nemna

- Utbyggingsstart ny veg til Grunnvågen utan å ha hand om alle eigedomar eller avtale med grunneigarar. Dette førte til høgt konfliktnivå og trong for ekspropriasjon. Det bør undersøkast om noko av årsaka ligg i kommunen sin forhandlingsteknikk og måte å møte innbyggerane på. Sjøpodlen har i tillegg blitt forureina med fine partiklar pga manglande bruk av siltgardin.
- Riving av dam, Litlabø, utan å ha informert interessentar eller få eventuelt løyve frå kommunen. Ved sjekk av sakspapir her ser det ut til at det ikkje er tilstrekkeleg kontroll på restansar i sakskomplekset med NVE.
- Stort og pågående utslepp av ureinsa kloakk til Sagvåg, innafør ytterste terskel og utan naudsynt utsleppsløyve frå Statsforvaltaren. Ein må spørre seg om det også pågår eller har pågått slike utslepp andre stader i kommunen, og kva vurderingar som eventuelt ligg til grunn for slik arbeidsmetodikk.

Dette, kombinert med manglande svar på legitime spørsmål frå folkevalde kan få det til å sjå ut som det har utvikla seg ein ukultur der ein meir eller mindre gjer som ein vil, utan å tilstrekkeleg hensynta innbyggerane sine innspel og ynskjer, lovar og regelverk. Dette er i tilfelle svært alvorleg og må endrast.

Ber kontrollutvalet sjå på saka og kome med si vurdering.

Med venleg helsing

Reinert Svanberg

Stord FrP

Stord kommune, Utval for plan og utvikling, utdrag frå møteprotokoll frå møte 08.04.2021

IS 4/21 Spørsmål til PUT frå Reinert Svanberg (FRP) - Mogleg utslepp i Sagvåg og Hasterivinga av Jappaløken/Storstemmo

Svar på spørsmål frå Reinert Svanberg (Frp)

Når det gjeld hasterivinga av Jappaløken/Storstemmo, kan rådmannen svare på følgande:

1. Vedtaket frå NVE ser ut til å vera basert på kommunen sin konsulent (VTA) sine vurderingar og beslutning om riving. Dette tyder på at det ikkje er NVE, men kommunen sjølv som har gått inn for å rive dammen. Er dette korrekt forståelse? **Svar:** Det er VTA (Vassdragsteknisk ansvarleg) Ole Dan Lundekvam som har hatt dialog med NVE i løpet av revurderingsprosessen. VTA har foreslått overfor NVE, sitat: «(...)Som midlertidig tiltak for Lapptjørna, inntil endelig alternativ er klart, vil nivået bli senket så langt ned som det er mulig ved hjelp av at sekundærdammen blir punktert og fundamentet da blir fjernet ned til fjell (på det stedet der sekundærdammen allerede er ramlet sammen). Det skal skje senest innen den 15. januar 2021. Videre tenkes det gjennomført et forprosjekt som skal utrede tekniske og kostnadmessige konsekvenser av alternativene 1) istandsetting av dammen (egentlig ny konstruksjon) hvis dagens nivå skal opprettholdes, 2) istandsetting av dammen (egentlig ny konstruksjon) hvis nivået senkes, 3) fjerning av dammen. Forprosjektet tenkes gjennomført i løpet av 2021. En antar endelig løsning (eventuelt ny dam) kan gjennomføres innen 2026.» NVE vedtok 26.1.21 å godkjenna revurderingsrapportane. Kommunen sin beslutning om å riva dammen er såleis basert på revurderingsrapportane og endeleg vedtak i NVE.

2. Kvifor vart ikkje vedtaket frå NVE påklaga, då det tydeleg kjem fram at det er mogleg? **Svar:** Damsikkerhetsforskrifta er ei forskrift som skal ivareta tryggleik for folk og eigedom, og Stord kommune er ansvarleg for tryggleiken knytt til dammane kommunen eig. Konklusjonen ekstern konsulent (Norconsult) og VTA har kome til etter revurdering av dammen er at det er trong for å gjennomføra strakstiltak, mellom anna sikring/sperring av tilkomst og seinking av vatnspegel, for å tilfredstillast krava i Damsikkerhetsforskrifta. Etter å ha fått råd frå ekstern konsulent og intern fagansvarleg om at tryggleiken er for dårleg, ikkje tilfredstillast forskrifta og at det er trong for strakstiltak, måtte Stord kommune i etterkant av vedtak i NVE hatt eit sterkt fagleg grunnlag for å klaga på dette vedtaket.

3. Kvifor vart det ikkje iverksatt alternative tiltak, istadenfor umiddelbar riving av viktige industrielle kulturminne? **Svar:** Alternative tiltak er vurdert. Konklusjonen om å senke vassnivået med 2 meter gjennom opning av deler av sekundærdammen var det meste rasjonelle og effektive måten å senke vassnivået.

4. Kvifor vart ikkje Venelaget for Gruo invitert til å kome med innspel? **Svar:** Venelaget burde vore informert om tiltaket før det vart gjennomført, sjølv om ein vanskeleg kan sjå for seg at resultatet hadde blitt eit anna. Venelaget vil bli involvert i forprosjektet, der ein skal vurdere ev. istandsetting av dammen.

5. Kan kommunal verksemd fritt rive kulturminner med gravemaskin? Er kommunal verksemd unnateke søknadsplikta i Plan og -Bygningslova? **Svar:** Kommunale einingar er ikkje frittekne for søknadsplikt. Stord kommunalteknikk konkluderte drøfting med VTA med at tiltaket ikkje er søknadspliktig.

6. Eit enkelt alternativ for seinking av vasstand er å pumpe dammen tom og skånsomt lage hol i dammen i nedkant. Dette er fullt teknisk mogleg. Kvifor vart ikkje dette vurdert, og om det vart vurdert, kvifor vart det ikkje gjort? **Svar:** Stord kommune har gjennomført eit tiltak som er fagleg og sikkerheitsmessig vurdert som det beste. Deler av damkonstruksjonen som vart fjerna var så skada at den utgjorde ein risiko. Eg har så langt ikkje fått svar på utfyllande spørsmål om eventuell vurdering av alternativet som inneber å pumpa dammen tom og punktera/fjerna tappeluka i botn av dammen, men vil koma tilbake til spørsmålet.



Stord kommune

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saksnr: 2020/98-49
Saksbehandlar: Hogne Haktorson

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Stord kommune	13/21	19.04.2021

Forum for oppvekst i Sunnhordland - Forvaltningsrevisjonsrapport

Forslag til innstilling

Kommunestyret ber rådmannen om:

1. Sikre at samarbeidet er underlagt demokratisk kontroll på ein måte som er hensiktsmessig for den einskilde kommune.
2. Sørge for at ein vurderer korleis kommunen kommuniserer moglegheitene for medverknad i høve til FOS til dei tillitsvalde i kommunen.
3. Sikre at det vert vurdert om det er behov for tydelegare kommunikasjon om kva FOS er og korleis FOS blir styrt.
4. Sikre at ein tydeleggjere kva kurs og kompetansehevingstilbod i regi av FOS som dei kan tilby til dei tilsette i oppvekstsektoren.
5. At rådmannen kjem med tilbakemelding på tilrådinga ovanfor til kontrollutvalet, med frist til 10.08.2021

Samandrag

Det er gjennomført forvaltningsrevisjon gjeldande Forum for oppvekst i Sunnhordland (FOS). Den er felles for kommunane Bømlø, Etne, Fitjar, Kvinnherad, Stord og Sveio. Føremålet med forvaltningsrevisjonen er å kartlegge kva rammer FOS opererer under og å kartlegge og vurdere erfaringane med og resultata til FOS. Forvaltningsrevisjonen vil vere forbetningsorientert, og vil ha som føremål å gje tilrådingar om tiltak dersom forvaltningsrevisjonen avdekkjer forbetningsområde. Det vert tilrådd at kontrollutvalet ber rådmann om tilbakemelding på forvaltningsrevisjonsrapporten.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Forum for oppvekst i Sunnhordland -
Forvaltningsrevisjonsrapport

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet i Stord kommune tok initiativ til å få gjennomført denne forvaltningsrevisjonen. Utvalet inviterte samstundes dei samarbeidande kommunane til å vera med på å ha ein sams forvaltningsrevisjon. Det gjeld då desse kommunane, i alfabetisk rekkefølge:

- Bømlo kommune
- Etne kommune
- Fitjar kommune
- Kvinnherad kommune
- Stord kommune
- Sveio kommune

Alle kommunane takka ja til å vera med på sin andel, der grunnsum utgjer 50% med lik sum pr. kommune, medan øvrige 50% reflekterer tal innbyggjarar i kommunane.

Endeleg bestilling vart sendt til KPMG 05.06.20, etter at stadfesting var motteken frå alle kommunane, samt at innspel frå eit par kommunar var handtert.

Kontrollutvalet har fått fleire løypemeldingar undervegs, derav om forseinkingar.

Forvaltningsrevisjonen har slikt føremål:

✓ Kartleggje under kva rammer FOS opererer

✓ Kartleggje og vurdere erfaringane med og resultatata til FOS.

Forvaltningsrevisjonen vil vere forbetningsorientert, og vil ha som føremål å gi tilrådingar om tiltak dersom forvaltningsrevisjonen avdekkjer forbetningsområde.

Forvaltningsrevisjonen fokuserer på to hovudtema:

✓ Rammene som FOS opererer under Det er viktig at samarbeidet i FOS blir regulert av klare rammer. Her vil vi sjå på kva rammer FOS opererer under, kva føringar deltakarkommunane legg for FOS si verksemd og i kva grad FOS etterlev rammer og føringar.

✓ Erfaringane med og resultatata til FOS Her vil vi rette blikket mot resultatata til FOS omkring deira kjerneoppgåver knytt til kurs og kompetanseheving. Samstundes vil vi ha eit brukarperspektiv, og sjå på erfaringane som barnehagane, skulane og kommunalt tilsette i oppvekstsektoren i deltakarkommunane har med FOS, og kurs- og kompetansehevingstilbodet dei tilbyr. Her vil vi mellom anna sende ut eit spørjeskjema til barnehagane, skulane og kommunalt tilsette i oppvekstsektoren i deltakarkommunane for å kartleggje deira erfaringar med FOS.

Problemstillingar:

1. I kva rammer opererer FOS:

- *Korleis er FOS organisert ?*
- *Kva mål og strategi har FOS ?*
- *Kva slags budsjett og rekneskap har FOS ?*
- *Korleis er den økonomiske situasjonen for FOS ?*
- *Korleis rapporterer FOS til deltakarkommunane ?*
- *Kva slags informasjon går frå FOS til kommunane ?*
- *Kva vedtekter har FOS ?*
- *Kva eigarskapsføringar og eigarskapsstrategi har deltakarkommunane for FOS ?*
- *Kva kjørereglar er etablert knytt til bruk av kommunale midlar i FOS ?*
- *Kva rammar og føringar er etablert for bruk av kommunale ressursar inn i FOS ?*
- *Kva har vore sentrale aktivitetar i FOS i 2019 ?*
- *Korleis medverkar kommunale tilsette innan oppvekstområde i FOS ?*

2. Kva er oppnådde resultat og erfaringar med FOS:

- Korleis opplev barnehagane og skulane at kurs- og kompetansetilbodet frå FOS fungerer ?
- I kva grad opplev barnehagane og skulane å få det kurs og kompetansetilbodet som dei har behov for ?
- I kva grad blir mål og strategiar etterlevd ?

Tilrådingar i rapporten:

Deltakarkommunane bør sikre at samarbeidet er underlagt demokratisk kontroll , på ein måte som er hensiktsmessig for den ein skilde kommune.

Deltakarkommunane bør vurdere korleis dei kommuniserer moglegheitene for medverknad i høve til FOS til dei tillitsvalde i kommunen.

Deltakarkommunane bør vurdere om det er behov for tydelegare kommunikasjon om kva FOS er og korleis FOS blir styrt, internt i den ein skilde kommune.

Deltakarkommunane bør tydeleggjere kva kurs og kompetansehevingstilbod i regi av FOS som dei kan tilby til dei tilsette i oppvekstsektoren.

Vedtakskompetanse

Det er kontrollutvalet som har ansvar for å gjennomføre slike revisjonar. Det er likevel kommunestyret som har avgjersmynde i saka, etter innstilling frå kontrollutvalet, når revisjonsrapport ligg føre, jf. kommunelova § 23-3.

Vurderingar og verknader

KPMG har levert rapport om felles forvaltningsrevisjon gjeldande Forum for oppvekst i Sunnhordland (FOS). Den vart ein del forseinka ift. framdriftsplanen, men revisjonsrapporten er no klar og ligg ved som vedlegg til saka.

Etter det sekretariatet kan sjå er prosjektet gjennomført i tråd med standard for forvaltningsrevisjonen (RSK 001). KPMG har nytta metodar som dokumentinnsamling og analyse, intervju og spørjeundersøking. Det er gjennomført intervju med 13 personar.

Av rapporten merkar sekretariatet seg bl.a. desse forholda, som også er omtalt i samandraget:

- Forvaltningsrevisor vurderar at FOS har ein opplevd nytteverdi for den ein skilde kommune.
- FOS hadde ikkje ein skriftleg avtale som regulerte samarbeidet mellom kommunane, men det er no utarbeidd ein slik avtale.
- Det har vore drøfting om samarbeidsform mellom revisor og kommunane. Forvaltningsrevisor er no av den oppfatning at kommunane har gjort ei grundig vurdering av dei juridiske rammene for samarbeidet, og at det er klargjort at samarbeidet slik det er organisert ikkje er omfatta av føresegna om interkommunalt samarbeid i kommunelova.
- Det er verdt å merka seg opplysningar om tillitsvalde sine merknader og revisor sine vurderingar i samband med det.

Revisjonsrapporten er sendt til dagleg leiar og eigarkommunane til uttale. Av eigarkommunane er det Fitjar kommune og Bømlo kommune som har vald å gje tilbakemelding til revisjonsrapporten. Tilbakemeldingane er integrert i rapporten som pkt. 6, side 31 - 33.

Fråsegn frå dagleg leiar i FOS:

«I rapporten går det fram at det under intervjuet med dagleg leiar i FOS, 2.september 2020, vart knytt usikkerheit til om FOS sitt system for tilsyn i barnehagar og gjennomføring av munnleg eksamen måtte inn under vertskommunesamarbeid. Det har sidan den tid vore avklara med KS


som har vært tydelege på at FOS ikkje trengte eit vertskommunesamarbeid. Vi er difor p.t. av den oppfatning at FOS ikkje er nøyde til å organisere tilsyn i barnehagar og gjennomføring av munnleg eksamen som vertskommunesamarbeid».

Konklusjon

Kontrollutvalet har eit særskilt ansvar for å følgje opp at kommunestyret sine vedtak i samband med handsaming av rapportar om forvaltningsrevisjon vert følgd opp. Det vert vist til Kommuneleva § 23-2, e) der det står dette:

«kontrollutvalget skal påse at e) vedtak som kommunestyret eller fylkestinget treffer ved behandling av revisjonsrapporter, blir fulgt opp.»

Forslag til innstilling i saksframlegget, byggjer på forslag i rapporten. På bakgrunn av dette vert det tilrådd at kontrollutvalet innstiller på at kommunestyret ber rådmannen om å koma med ei tilbakemelding på forvaltningsrevisjonsrapporten.



Forum for oppvekst i Sunnhordland (FOS)

Forvaltningsrevisjonsrapport

Bømlo kommune

Etne kommune

Fitjar kommune

Kvinnherad kommune

Stord kommune

Sveio kommune

Mars 2021

www.kpmg.no

Forord

Etter vedtak i kontrollutvala i Bømlo, Etne, Fitjar, Kvinnherad, Stord og Sveio har KPMG gjennomført ein forvaltningsrevisjon retta mot Forum for oppvekst i Sunnhordland (FOS). Denne rapporten svarar på kontrollutvalet si bestilling.

Oppbygging av rapporten

Våre konklusjonar og tilrådingar går fram av samandraget i rapporten. I kapittel 1, innleiinga til rapporten, presenterast føremål, problemstillingar, revisjonskriterier og metode. Kapittel 2 gir bakgrunnsinformasjon om Forum for oppvekst i Sunnhordland (FOS). I kapittel 3-4 blir revisjonskriterier konkretisert, samt at fakta og vurderingar blir presentert. I Kapittel 5 presenterer vi våre tilrådingar. I kapittel 6 er dagleg leiar og kommunedirektørane i deltakarkommunane sin uttale til rapporten tatt inn.

Vi vil takke FOS og kommunane for god hjelp i arbeidet vårt med forvaltningsrevisjonen.

Samandrag

Føremålet med forvaltningsrevisjonen er todelt:

- ✓ Kartleggje under kva rammer FOS opererer
- ✓ Kartleggje og vurdere erfaringane med, og resultata til, FOS

Under er våre vurderingar og tilrådingar.

Vurderingar

Rammer

Forvaltningsrevisor vurderer at FOS har ein opplevd nytteverdi for den einskilde kommune som tek del i samarbeidet. Det medfører betydeleg nytte å ha nabokommunar som tilsynsmynde i barnehagar mv. Vidare er det etter forvaltningsrevisors skjønn liten tvil om betydninga av nytta for den einskilde kommune gjennom samarbeid om kursverksemd mv. Kommunane er også einige om ein finansieringsmodell for FOS som er tilpassa forskjellane mellom kommunane.

FOS hadde ikkje ein skriftleg avtale som regulerte samarbeidet mellom kommunane. Det er no utarbeidd ein slik avtale. Forvaltningsrevisor vektlegg at ein slik avtale er viktig for å etablere tydelige rammer og retningslinjer for FOS. Etter vår vurdering blir rammene til FOS vurdert å vere uklare og utydelige på fleire område, irekna medverknad og medbestemmelse. Forvaltningsrevisor har fått tilbakemelding på at fleire av kommunane har handsama samarbeidsavtala i kommunestyret. Vår vurdering er at det er viktig at samarbeidet er underlagt demokratisk kontroll.

Forvaltningsrevisor har vurdert om FOS samarbeidet er så vidtrekkande at det fell inn under føresegna om interkommunalt samarbeid i kommunelova § 17-1 andre ledd, der det blir stilt krav til organiseringa av interkommunale samarbeid. I samband med faktaverifiseringa kom det tilbakemelding på dette frå alle samarbeidskommunane. Stord kommune syna til ei grundig utgreiing av dette spørsmålet, i samarbeid med KS. Det vart vidare syna til rettleiing om interkommunalt samarbeid om tilsyn frå Kunnskapsdepartementet. Forvaltningsrevisor er av den oppfatning at kommunane har gjort ei grundig vurdering av dei juridiske rammene for samarbeidet, og at det er klargjort at samarbeidet slik det er organisert ikkje er omfatta av føresegna om interkommunalt samarbeid i kommunelova.

Det har blitt lufta kritiske tilbakemeldingar og då særskilt frå tillitsvalde som ikkje oppfattar at FOS tek i vare tillitsvalde/kommunalt tilsette i oppvekstområdet sine interesser i tilstrekkeleg grad, irekna når kurs og satsingar vert sett i verk. Det er og uklart for einskilde av respondentane i intervjuet kva som er kommunale vedtak og kva som vert avgjerd innanfor ramma av FOS. Vår vurdering er at rammene for medverknad frå dei tillitsvalde i kommunane i FOS er i samsvar med rammene i hovudavtala. Vi ser likevel at dette er uklart for nokre av dei tillitsvalde. Kommunane kan i nokre tilfelle gi dei tillitsvalde meir informasjon om kva som skjer i FOS og korleis det påverkar dei tilsette sin arbeidskvardag. Samt å syne til at medverknad skal og kan skje i kommunen.

Forvaltningsrevisor vurderer òg at oppfatninga av kva FOS er ikkje er lik i fleire av kommunane. Tilbakemeldingane frå tillitsvalde på intervju er ikkje eins med tilbakemeldingane frå kommuneleiinga, kva gjeld medverknad og rammer for samarbeidet. Vi meiner det synar eit potensiale for betre informasjon og kommunikasjon internt om kva FOS er og korleis samarbeidet passar inn i kommuneorganisasjonen. Samstundes ser vi at det her er forskjell mellom kommunane.

Erfaringar og resultat

Revisjonen vurderer at deltakarkommunane gjennom FOS i stor grad samarbeider om oppgåver som blir løyst betre på regionalt nivå enn lokalt. Døme på slike oppgåver er munnleg eksamen og tilsyn i barnehagar. Samstundes fremjar samarbeidet det pedagogiske utviklingsarbeidet i regionen ved å leggje til rette for utveksling av idear og opplegg samt erfaringsdeling mellom kommunane.

Revisjonen vurderer at FOS bidreg med relevante kurs og kompetansehevingstiltak som tilsette i oppvekstsektoren i deltakarkommunane finn nyttig. Dette kjem fram av både spørjeundersøkinga og intervjuet. Samstundes framstår det som om FOS kunne vore tent med å tydeleggjere kva dei leverar av kurs og kompetansehevingstilbod til dei tilsette i oppvekstsektoren i deltakarkommunane ettersom det i variabel grad framstår som klart i intervjuet og i spørjeundersøkinga. Vi vurderer dermed at aktivitetar og tiltak i FOS i større grad kan forankrast hjå deltakarkommunane. Dette er ein av strategiane til FOS.

FOS er i ein prosess der dei i tiltakande grad å gjennomføre kompetanseutvikling som program, samstundes som ein gjennomfører færre tradisjonelle kurs. Dette er eit bevisst val frå FOS. Frå FOS si side opplev dei at slike program gjev grobotn for kontinuerleg forbetring og såleis har betydeleg ekstra nytte samanlikna med tradisjonell kursverksemd. Samstundes er dette i tråd med statlege føringar og forventingar til kompetanseutvikling i barnehage- og skulesektoren.

Tilrådingar

- ✓ Deltakarkommunane bør sikre at samarbeidet er underlagt demokratisk kontroll, på ein måte som er hensiktsmessig for den einskilde kommune.
- ✓ Deltakarkommunane bør vurdere korleis dei kommuniserer moglegheitene for medverknad i høve til FOS til dei tillitsvalde i kommunen.
- ✓ Deltakarkommunane bør vurdere om det er behov for tydelegare kommunikasjon om kva FOS er og korleis FOS blir styrt, internt i den einskilde kommune.
- ✓ Deltakarkommunane bør tydeleggjere kva kurs og kompetansehevingstilbod i regi av FOS som dei kan tilby til dei tilsette i oppvekstsektoren .

Innhold

1. Innleiing	1
1.1 Bakgrunn og føremål	1
1.2 Problemstillingar	1
1.3 Revisjonskriterier	2
1.4 Metode	2
2. FOS	4
3. Rammene til FOS	5
3.1 Revisjonskriterier	5
3.2 Fakta	5
3.3 Vurderingar	22
4. Resultat og erfaringar	24
4.1 Revisjonskriterier	24
4.2 Fakta	24
4.3 Vurderingar	29
5. Tilrådingar	30
6. Uttale frå dagleg leiar/kommunedirektørar	31
Vedlegg 1 Dokumentliste	35
Vedlegg 2 Revisjonskriterier	38

1. Innleiing

1.1 Bakgrunn og føremål

Etter vedtak i kontrollutvala i Bømlo, Etne, Fitjar, Kvinnherad, Stord og Sveio har KPMG gjennomført ein forvaltningsrevisjon retta mot Forum for oppvekst i Sunnhordland (FOS). Forvaltningsrevisjonen er retta mot FOS som organisasjon.

Føremålet med forvaltningsrevisjonen er todelt:

- ✓ Kartleggje under kva rammer FOS opererer
- ✓ Kartleggje og vurdere erfaringane med, og resultatata til, FOS

Forvaltningsrevisjonen vil vere forbetningsorientert, og vil ha som føremål å gi tilrådingar om å sette i verk tiltak dersom forvaltningsrevisjonen avdekkjer forbetningsområde.

1.2 Problemstillingar

1. I kva rammer opererer FOS?

- a. *Korleis er FOS organisert?*
- b. *Kva mål og strategi har FOS?*
- c. *Kva slags budsjett og rekneskap har FOS?*
- d. *Korleis er den økonomiske situasjonen for FOS?*
- e. *Korleis rapporterer FOS til deltakarkommunane?*
- f. *Kva slags informasjon går frå FOS til kommunane?*
- g. *Kva vedtekter har FOS?*
- h. *Kva eigarskapsføringar og eigarskapsstrategiar har deltakarkommunane for FOS?*
- i. *Kva kjørereglar er etablert knytt til bruk av kommunale midlar i FOS?*
- j. *Kva rammar og føringar er etablert for bruk av kommunale ressursar inn i FOS?*
- k. *Kva har vore sentrale aktivitetar i FOS i 2019?*
- l. *Korleis medverkar kommunalt tilsette innan oppvekstområdet i FOS?*

2. Kva er oppnådde resultat og erfaringar med FOS?

- a. *Korleis opplev barnehagane og skulane at kurs- og kompetansehevingstilbodet frå FOS fungerer?*
- b. *I kva grad opplever barnehagane og skulane å få det kurs- og kompetansehevingstilbodet som dei har behov for?*
- c. *Korleis opplever kommunalt tilsette innan oppvekstområdet at deira medverknadsrett blir tatt i vare i FOS?*
- d. *I kva grad blir mål og strategiar etterlevd?*

1.3 Revisjonskriterier

Revisjonskriteria er dei krav og normer som tilstand og/eller praksis i kommunen målast mot og desse må vere aktuelle, relevante og gyldige for kommunen. Sentrale kjelder til å utleie revisjonskriterier har vore:

- ✓ Lov om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven)
- ✓ God praksis for internkontroll. Vi vil her byggje på KS sine rettleiarar "85 tilrådingar for styrket egenkontroll" og "Rådmannens internkontroll"
- ✓ KS - Hovudavtale og hovudavtale-veileder
- ✓ Lov om barnehager (barnehageloven)
- ✓ Rettleiar «tilsyn med barnehager»
- ✓ Forskrift opplæringslova

1.4 Metode

Forvaltningsrevisjonen er gjennomført i samsvar med krav i RSK001 Standard for forvaltningsrevisjon¹. For å svare ut problemstillingane er fylgjande teknikkar nytta for å samle inn data:

- ✓ Dokumentinnsamling og analyse
- ✓ Intervju
- ✓ Spørjeundersøking

Til grunn for rapporten ligg ein gjennomgang og analyse av sentrale dokument opp mot revisjonskriteria. Liste over mottatt og gjennomgått dokumentasjon er tatt inn i vedlegg 1.

Det er gjennomført intervju med 13 personar:

- ✓ Dagleg leiar FOS
- ✓ Kommunalsjef/sectorleiar oppvekst i dei 6 deltakarkommunane
- ✓ Barnehagerådsgjevar
- ✓ 5 tillitsvalde innan oppvekstområdet

¹ Utgitt av Norges Kommunerevisorforbund

Intervju har vore ei sentral informasjonskjelde, og utvalet av personar er baserte på forventa informasjonsverdi, personane sin erfaring og formelt ansvar i forhold til forvaltningsrevisjonen sin formål og problemstillingar. Formålet med intervjuar har vore å få utfyllande og supplerande informasjon til dokumentasjonen vi har fått frå kommunen. Data frå intervjuar er verifiserte av respondentane, dvs. at respondentane har fått moglegheit til å lesa gjennom referata og gjera eventuelle korrigeringar.

Kommunane har sendt ut spørjeundersøkinga til sine tilsette på vegne av forvaltningsrevisor. Det er nytta spørjeskjemaverktøyet questback. Målgruppa for spørjeundersøkinga er vore tilsette i skule, barnehage og PPT. Føremålet med spørjeundersøkinga var å få innblikk i korleis dei tilsette opplever arbeidet med FOS. Vi fekk 109 svar på spørjeundersøkinga. Per kommune fordeler svara seg slik med 43 Bømlo, 42 Sveio, 11 Fitjar, 9 Stord, 4 Fitjar og 0 Kvinnherad. Av respondentane er over halvparten lærarar i skulen. Av omsyn til moglegheit for identifisering er det ikkje mogleg å gå nærare inn på fordelinga av respondentar.

Spørsmåla i spørjeundersøkinga er syna i Vedlegg 3 Spørjeundersøking

Datainnsamlinga vart avslutta 01.12.2020. Rapport er sendt dagleg leiar i FOS og kommunedirektørane i deltakarkommunane til uttale den 09.03.2021, med endeleg høyringsfrist den 23.03.2021.

2.FOS

Forum for oppvekst i Sunnhordland (FOS), heretter kalla FOS, er eit samarbeid mellom kommunane Bømlo, Etne, Fitjar, Kvinnherad, Stord og Sveio. Forumet har eksistert sidan tidleg på 1990-talet, med ulike namn, målgrupper og organisering. Noko av bakgrunnen for samarbeidet var at utdanningsdirektøren i Hordaland på slutten av 80-talet tok initiativ til å dele fylket inn i kursregionar mellom anna for å skulere skulesjefar og skuleleiarar. Samarbeidet fekk i starten namnet Sunnhordland kursregion. Kursregionen fekk etter kvart utvida oppgåvene, mellom anna grunna læreplanreformane og stadig auka behov for kompetanseheving. På slutten av 90-talet blei namnet skifta til FOS, og målgruppa blei utvida til også å gjelde barnehagesektoren.

Føremålet til FOS er å samarbeide om oppgåver som blir løyst betre på regionalt nivå enn på lokalt nivå. Samarbeidet skal bidra til å styrkje kommunen sin kompetanse og kapasitet innan oppvekstsektoren. Hovudoppgåva til FOS er å utføre kompetanseheving for kommunalt tilsette og andre samarbeidsaktørar.

Kommunane arrangerer felles kurs og kompetansehevande aktivitetar for tilsette gjennom FOS-samarbeidet.

3. Rammene til FOS

3.1 Revisjonskriterier

I kapittel 3 svarar vi på problemstilling 1: «i kva rammer opererer FOS»?

Revisjonskriterier er utleia frå:

- ✓ Lov om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven)
- ✓ God praksis for internkontroll. Vi vil her byggje på KS sine rettleiarar "85 tilrådingar for styrket egenkontroll" og "Rådmannens internkontroll"
- ✓ KS - Hovudavtale og hovudavtale-veileder
- ✓ Lov om barnehager (barnehageloven)
- ✓ Rettleiar «tilsyn med barnehager»
- ✓ Forskrift opplæringslova

For utdjuing av revisjonskriterier viser vi til vedlegg 2.

3.2 Fakta

3.2.1 Organisering

FOS samarbeidet er organisert som ein prosjektorganisasjon med fylgjande grupper:

- ✓ Styringsgruppe – ein representant frå kvar kommune si leiargruppe med ansvar for oppvekstområdet
- ✓ Barnehagegruppe – barnehagefagleg rådgjevar frå kvar kommune
- ✓ Grunnskulegruppe – skulefagleg rådgjevar frå kvar kommune
- ✓ Kulturskulegruppe – Kulturskulerektor frå kvar kommune
- ✓ Leiarfora for PPT – PPT-leiar frå kvar kommune

Kommunane skiftar på å ha leiinga i gruppene. Sekretariatet til FOS ligg i Sveio, og består av dagleg leiar i 80 % stilling. Dagleg leiar fungerer som sekretær for styringsgruppa og dei andre undergruppene etter avtale. Deltakarkommunane deler løna til dagleg leiar seg imellom. Elevantal i grunnskulen basert på GSI dannar grunnlaget for fordelinga mellom kommunane. I tillegg kjem eit sekretært tillegg på 5 % av løna til dagleg leiar som skal synleggjere dei administrative kostnadene knytt til sekretærfunksjonen.

Styringsgruppa har det overordna ansvaret for all verksemd i FOS, inkludert økonomi. Styringsgruppa har vidare ansvar for å samordne arbeidet i dei andre gruppene. Styringsgruppa kan ved behov opprette nye undergrupper. Leiarfunksjonen i styringsgruppa går på rundgang mellom kommunane med 2 års funksjonstid. Per dags dato har Kvinnherad kommune leiarfunksjonen i styringsgruppa. Leiar og nestleiar representerer FOS i samarbeidsfora som til dømes AU hjå Fylkesmannen si utdanningsavdeling.

Barnehagegruppa har ansvar for å kartleggje behov, ta initiativ til og arrangere kurs, etterutdanning og vidareutdanning innan barnehagesektoren. Gruppa skal på oppdrag eller etter avtale med

styringsgruppa også stå for gjennomføring av andre kvalitetsutviklingstiltak og kome med innspel på nye tiltak. Per august 2020 har Bømlo leiarfunksjonen i gruppa.

I regi av FOS samarbeider deltakarkommunane om tilsyn i barnehagane. Barnehagegruppa har ei undergruppe (tilsynsgruppa) som saman utgjør eit tilsynskorps. Dette tilsynskorpset utfører interkommunale tilsyns oppgåver på oppdrag frå kommunane. Samstundes er det alltid heimkommunen til barnehagen som har tilsyn som er ansvarleg for tilsynet. Det kjem fram av referatet frå møtet i styringsgruppa 26.05.2020 at gruppa ser på organiseringa av tilsynet og endringar i tilsynsverktøyet ved ny barnehagelov.

Grunnskulegruppa har ansvar for å kartleggje behov, ta initiativ til og arrangere kurs, etterutdanning og vidareutdanning innanfor grunnskule/vaksenopplæring. Gruppa skal på oppdrag eller etter avtale med styringsgruppa også stå for gjennomføring av andre kvalitetsutviklingstiltak og kome med innspel på nye tiltak. Gruppa har saman med representantar frå kommunane ansvar for regionale tiltak innan den kulturelle skulesekken. Per august 2020 har Sveio kommune leiarfunksjonen i gruppa.

I grunnskulegruppa er det ei undergruppe (eksamensgruppa) som arbeidar med ymse spørsmål kring gjennomføring av eksamen lokalt. Mellom anna evaluerer gruppa gjennomføringa av eksamen. Gruppa møtast ein gang årleg på hausten, og føretekk elles avklaringar på e-post gjennom året. FOS har på vegne av deltakarkommunane teke på seg oppgåva å administrere munnleg eksamen i kommunane. Bakgrunnen for dette er kravet i *forskrift til Opplæringslova § 3-29* om bruk av ekstern sensor. Skulane/kommunane melder inn lærarar som tek på seg sensoroppdrag til FOS, som oppnemnar sensorar og kursar desse.

I grunnskulegruppa er det også ei undergruppe (utdanningsvalgruppa) som har jobba med å planleggje nettverkssamling for rådgjevarane innan utdanningsval. Det er også ei undergruppe for vaksenopplæringa i kommunane.

Kulturskulegruppa har ansvar for å kartleggje behov, ta initiativ til og arrangere kurs innan kulturskulesektoren. Gruppa skal på oppdrag eller etter avtale med styringsgruppa også stå for gjennomføring av andre kvalitetsutviklingstiltak og kome med innspel på nye tiltak. Austevoll og Tysnes kommune møter også i kulturskulegruppa. Per august 2020 har Stord leiarfunksjonen i gruppa.

3.2.2 Vedtekter

Samarbeidsavtale og samarbeidsform

Det kjem fram av kommuneinternt notat til kontrollutvalet i Stord kommune at det ikkje ligg føre noko skriftleg avtale som regulerer samarbeidet i FOS. Samstundes eksisterer det ei signert avtale om organisert samarbeid om sekretariatet frå 1990. Avtalen gir retningslinjer for organisering, sekretariat, økonomi og arbeidsoppgåver. Notater konkluderer med at det bør utarbeidast ei skriftleg samarbeidsavtale, noko som mellom anna vil vere ryddig for å avklara føremål, oppgåver og medlemmane sine rettar og pliktar.

Det kjem fram av det kommuneinterne notatet at det ikkje er styringsgruppa som har tilsett dagleg leiar slik som det står i avtaleutkastet. Det er Sveio kommune som er arbeidsgjevar til dagleg leiar. Då kommunen tilsette noverande dagleg leiar var det etter tilråding frå eit utval. Utvalet gjennomførte intervju og kom med tilråding til kommunen. I utvalet satt det to personar frå styringsgruppa, ein frå Sveio kommune og ein tillitsvald frå Utdanningsforbundet i Sveio kommune.

Sveio kommune, som har sekretariatet for FOS, har arbeidsgjevaransvaret for dagleg leiar. Samarbeidskommunane innrettar seg etter dette ved å betale refusjonskrav til Sveio kommune som har arbeidsgjevaransvaret for sekretariatet. I notatet blir det konkludert med at det ligg føre ei munnleg avtale mellom partane om samarbeidet.

Det kjem fram av notat til styringsgruppa i FOS datert 24.05.19 at sak 47/90 i Sveio skulestyre er vedtaket som førte til etableringa av FOS. Det kjem fram av vedtaket at skulesjefane i kommunane er blitt samde om å skipe Kursregion Sunnhordland, som seinare fekk namnet FOS. Kommunane skal dele utgiftene knytt til funksjonen som dagleg leiar. Kommunane betalar etter storleik. Det vektleggjast at tiltaket er nødvendig for å drive effektiv etterutdanning.

Det kjem vidare fram av det kommuneinterne notatet at dei andre deltakarkommunane ikkje har vedteke samarbeidet. Vidare har ingen av kommunestyra i deltakarkommunane vedteke samarbeidet.

I notatet til styringsgruppa blir det vurdert at heimelen for samarbeidet er § 27 i kommunelova av 1954 om interkommunalt samarbeid. I det kommuneinterne notatet til Stord kommune blir det vurdert at dette ikkje er tilfelle då kommuneloven krev eit kommunestyrevedtak for å etablere interkommunalt samarbeid. Samarbeidet nyttar vertsomgrepet (sekretariatet ligg i Sveio), men på same vis som andre interkommunale samarbeidsformar krev vertskommunesamarbeid eit vedtak i kommunestyret. I Notatet blir det vurdert at FOS-samarbeidet ikkje er regulert i kommunelova. Samstundes blir det vurdert at då FOS ikkje er eit samarbeid om lovpålagte oppgåver og tenesteyting er samarbeidet lovleg.

Det kjem fram av det kommuneinterne notatet at FOS søker om tilskot på vegne av kommunane og samordnar avtalar mellom kommunane og samarbeidspartnarar som til dømes høgskulane. Samstundes kan ikkje FOS rettsleg binde kommunane då FOS ikkje er ein eigen juridisk person. Det går fram av intervju at alle tiltak i regi av FOS er frivillige for deltakarkommunane å delta i.

Det kommuneinterne notatet vektlegg at FOS er eit samarbeid som rommar planar for kompetansehevingstiltak for store delar av oppvekstsektoren. I den anledning kan det kanskje vere føremålstenleg å la kommunestyret ta stilling til samarbeidet, mellom anna for å sikre politisk kontroll på kor omfattande samarbeidet skal vere.

Dagleg leiar informerer om at FOS har utarbeidet eit utkast til samarbeidsavtale mellom kommunane. Denne ble sendt ut til deltakarkommunane på nyåret 2021. Det kjem fram av referatet frå møtet i styringsgruppa 26.05.2020 at det er sett ned ei arbeidsgruppe som skal jobbe fram eit forslag til avtale. Det kjem vidare fram av referatet at det kan vere aktuelt å invitere ein representant frå dei tillitsvalde med i gruppa. Dagleg leiar informerer om at det kan hende at FOS sitt system for tilsyn i barnehagar og gjennomføring av munnleg eksamen må inn under vertskommunesamarbeid.

Det kjem fram i intervju at det rår ei oppleving av styringsgruppa som ein konstruktiv arena for samarbeid. Fleire trekk frem ein god kultur for kunnskapsdeling og gjensidig forbetring som positive døme på at styringsgruppa fungerer bra.

Vedtekter

FOS har etablerte retningslinjer, som sist blei oppdatert 29.07.2019. Retningslinjene skildrar korleis FOS skal organiserast (sjå del 3.2.1 for nærmare informasjon). Retningslinjene setter også føremål og strategiar for FOS. Retningslinjene gir vidare instruksar for dagleg leiar, som skal fungere som sekretær for gruppene og utarbeide årsmelding for kvart skuleår. Årsmeldinga skal leggjast fram for styringsgruppa på siste møte før sommarferien (juni) saman med rekneskapsoversyn. I handsaminga av årsmeldinga skal styringsgruppa drøfte strategiar og arbeidsoppgåver for året som kjem. Dette skal munne ut i ein handlingsplan for FOS for neste skuleår. Handlingsplanen skal vere retningsgivande for arbeidet i FOS.

Vedtektene gir vidare rutinar for utforminga av budsjettet (sjå del 3.2.4). Vedtektene gir også rutinar for eventuell utmelding frå samarbeidet, samt samhandling med etablerte samarbeidspartnarar.

Stillingsinstruks for dagleg leiar kjem fram av utlysningsteksta for stillinga når ny dagleg leiar blei tilsett i 2017:

Dagleg leiar har ansvar for å koordinera all verksemd i FOS i tett samarbeid med styringsgruppa og dei andre undergruppene. Samarbeidet skal bidra til å styrka kommunane sin kompetanse og kapasitet innan oppvekstsektoren. Dagleg leiar er sekretær for styringsgruppa og dei andre undergruppene etter avtale og har ansvar for å koordinere arbeid med kompetanseutvikling, tilsyn i barnehage, munnleg eksamen, regionale tilbod innanfor den Kulturelle skulesekken, utviklingsprosjekt, m.m. Nynorsk vert nytta som skriftspråk.

3.2.3 Rutinar og prosedyrar

Instruks for munnleg eksamen

FOS har utarbeida ein instruks for gjennomføring av munnleg eksamen. Instruksen er utarbeida med bakgrunn i at FOS administrerer munnleg eksamen i regionen. Instruksen regulerer rammene for gjennomføringa av munnleg eksamen, og ansvarstilhøvet mellom FOS og kommunane/skulane. Instruksen inneheld også rutinar for gjennomføringa av munnleg eksamen.

Prosedyrar tilsyn barnehage

FOS har etter politisk vedtak i alle dei 6 kommunane fått løyve til å gjennomføre interkommunalt tilsyn. Desse tilsyna kjem i tillegg til tilsyn som kommunane gjennomfører i eigen regi. Tilsyna FOS gjennomfører er i kommunal regi, men blir utført av personar frå ei anna av FOS-kommunane.

FOS har utarbeida eit sett med prosedyrar for tilsyn med barnehagar. Prosedyrane skildrar korleis tilsynsprosessen skal gjennomførast. Prosedyrane skildrar også rolla og ansvaret til FOS, barnehagen, tilsynsleiar og tilsynsførarar.

Kommunane som barnehagemynde skal ha ein rullerande plan for tilsyn. FOS skal utarbeide ein plan for interkommunalt samarbeid om tilsyn og sende varsel om tilsyn til barnehagar. Tilsynsførarane gjennomfører tilsynet, medan tilsynsleiar utarbeidar tilsynsrapport.

Prosedyrane skildrar også den vidare prosessen om tilsynet avdekkjer lovbrøt.

Bømlo, Kvinnherad, Stord og Sveio kommune har utarbeida eigne planar for tilsyn med barnehagar. Desse kjem i tillegg til prosedyrane FOS har utvikla. Det kjem fram av e-postkorrespondanse at Etne kommune ikkje har hatt noko kultur for å lage planar for tilsyn. Kommunen vil ha meir fokus på dette i kommande periode.

Det kjem fram av tilsynsplanen til Bømlo at kvar kommune gjev og får utført tre årlege tilsyn i barnehagane. Det er høve til å kjøpe fleire tilsyn frå kvarandre. Styringsgruppa har utarbeid retningslinjer og satsar for dette.

Avtalar med samarbeidspartnarar

Kommunane i FOS har inngått ei partnerskapsavtale gjeldande for perioden 2018-2021 med opsjon på to nye år om desentralisert kompetanseutvikling med NLA Høgskulen. Avtala er basert under føresetnad av statleg finansiering av ordninga. Partnerskapsavtala skal bidra til å styrkje dei pedagogiske lærande profesjonsfellesskapa på skulane. Intensjonen er at alle grunnskulane i FOS skal gjennomført eit lokalt skulebasert kompetanseutviklingsarbeid over tre semester i samarbeid med NLA. I første omgang skal prosjekt knytast opp mot den statlege satsinga *Inkluderande barnehage- og skulemiljø 2017-2022* kor kommunane i FOS deltar. Eit av føremåla med avtalen er at lærarutdanningane skal spele ei meir aktiv rolle i den kontinuerlege utviklinga av lærarprofesjonen og skulen som lærande organisasjon.

Kommunane i FOS har vidare inngått ein intensjonsavtale med Høgskulen på Vestlandet (HVL). Føremålet med avtalen er å regulere samarbeid på overordna nivå mellom barnehagar, skular og andre område innan oppvekst i kommunane i FOS og aktuelle fagområde ved HVL. Avtalen gjeld for perioden 01.07.2019 til 31.07.2022. Det er eit mål å utvikle lærarutdanninga på HVL og det profesjonsfaglege fellesskapet i barnehage og skule. Samarbeidet er knytt opp mot:

- ✓ Rammeplanfornyng i barnehage
- ✓ Fagfornyng i skulen
- ✓ Regional ordning for kompetanseutvikling i barnehagen

- ✓ Desentralisert ordning for kompetanseutvikling i skulen
- ✓ Vidareutdanning

Samarbeid om forskings- og utviklingsarbeid (FoU), praksisopplæring og profesjonsutveksling nemnast som døme på aktuelle utviklingsområde i samarbeidet.

Det kjem fram av handlingsplan 2019-2020 at det er inngått ein samarbeidsavtale med Statped om systembaserte tenester retta mot tilsette i PPT. Det kjem fram av årsmeldinga 2018-2019 at det blir utarbeida årlege aktivitetsplanar som konkretiserer aktivitetane i samarbeidet.

3.2.4 Mål og strategiar

Mål

Det kjem fram av saksframlegget til sak 47/90 i Sveio skulestyre at måla med å etablere samarbeid om kursregion var:

- ✓ Vere eit regionalt nettverk for Sunnhordland
- ✓ Samarbeida om å løyse regionale oppgåver
- ✓ Betra ressursutnytting ved å koordinere planar og tiltak
- ✓ Fremje pedagogisk utviklingsarbeid i kursregionen ved å støtta, inspirere, utvikle idear saman, og utveksla idear og opplegg.

Etter retningslinjene til FOS er føremålet med samarbeidet: *Samarbeida om oppgåver som blir løyste betre på regionalt enn på lokalt nivå. Samarbeidet skal bidra til å styrka kommunen sin kompetanse og kapasitet innan oppvekstsektoren.*

Strategiar

Det kjem fram av retningslinjene at FOS har fylgjande strategiar:

- ✓ Tydeleg leiarskap som tek opp dagsaktuelle og framtidsretta tema
- ✓ Bruk av kunnskapsbasert viten gjennom alt utviklingsarbeid
- ✓ Tett kontakt med UH sektoren og våre samarbeidspartnarar
- ✓ Aktivitetar og tiltak i alle undergrupper skal vera godt forankra i medlemskommunane
- ✓ Årleg evaluering av utvalde satsingsområde samt nokre kurs og nettverk

I kommuneinternt notat til Stord kontrollutval, kjem det fram at FOS løyser kompetansehevingsoppgåver ved å:

- ✓ Samle fagfolk på tvers av kommunane
- ✓ Utarbeide handlingsplanar for kompetansetiltak
- ✓ Samordne søknadar frå kommunane til Fylkesmannen om statlege midlar for kompetansehevingstiltak
- ✓ Samordne kontraktinngåing mellom kommunane og høgskular/institusjonar om kompetansehevingstiltak

Handlingsplan 2019-2020 set fylgjande hovudsatsingar i FOS for åra 2019-2022:

- ✓ Inkludering, samskaping og medverknad
- ✓ Oppfølging og tiltak retta inn mot ny Stortingsmelding om *tidleg innsats og inkluderande fellesskap*
- ✓ Fagfornyinga

- ✓ Leiarutvikling
- ✓ God tverrfagleg samhandling

3.2.5 Budsjett og rekneskap

FOS sitt budsjett og rekneskap går under Sveio kommune sitt budsjett og rekneskap som ei eiga resultateining. Dagleg leiar utarbeidar budsjettet for FOS, og legg dette fram for styringsgruppa saman med rekneskapet på junimøtet.

Tabellen under viser budsjettet og rekneskapet til FOS i 2019:



1 SVEIO KOMMUNE (2020) - År/Periode 2019 1 - 12

26.06.2020

	Regnskap 2019	Per.b(end) 2019	Buds(end) 2019	Avvik(per.) 0
Ansvar: 13107 FOS				
Art-Gruppe: 10 Lønn				
10100 FAST LØN	535.558	536.800	536.800	-1.242
10500 ANNA LØN	63.010	120.000	120.000	-56.990
10509 SKATTEPLIKTIG DIETT	686	0	0	686
10511 SK.PLIKTIG KM-GODTGJERSLE	1.729	0	0	1.729
10904 ULYKKE- OG GRUPPELIVSFORIKRING	1.037	3.114	3.114	-2.077
10906 PENSJON - KLP FELLESORDNING	95.328	117.070	117.070	-21.742
10990 ARBEIDSGJEVARAVGIFT	98.928	109.295	109.295	-10.367
Sum art-Gruppe: 10 Lønn	796.277	886.279	886.279	-90.002
Art-Gruppe: 11 Andre driftskostnader				
11000 KONTORMATERIELL/KONTORREKVISI	216	2.000	2.000	-1.784
11150 MATVARER/BEVERTNING U/FRÅDRAG	38.515	100.000	100.000	-61.485
11200 ANNA FORBRUKSMATERIELL	0	1.500	1.500	-1.500
11205 UTGIFTSDEKNING, HOTELL,OPPHALD	892	15.000	15.000	-14.108
11206 GÅVER	0	5.000	5.000	-5.000
11303 MOBILTELEFON (BRUK OG FASTE AVC	2.951	5.000	5.000	-2.049
11402 GÅVE VED REPRESENTASJON	2.625	0	0	2.625
11500 KURSAVGIFTER,HOTELL VED KURS,O	808.694	1.281.430	1.281.430	-472.736
11600 KOST, OPPHALD, RESIEUTGIFTER, OI	1.734	5.000	5.000	-3.266
11601 KØYREGODTGJERSLE	12.685	15.000	15.000	-2.315
11700 UTG TIL FLY, TOG, BUSS, PARKERING	5.324	28.000	28.000	-22.676
11850 FORSIKRINGAR	0	2.000	2.000	-2.000
11900 HUSLEIGE - IKKJE INTERNHUSLEIGE	2.560	6.000	6.000	-3.440
11953 DRIFTSAVTALAR, LISENS EDB	0	10.000	10.000	-10.000
12001 KONTORINVENTAR OG UTSTYR	428	0	0	428
12002 TEKNISK INVENTAR OG UTSTYR	98	10.000	10.000	-9.902
12700 KONSULENTTENESTER - SAKSOMKOE	5.000	0	0	5.000
13700 DRIFTSAVTALAR MED PRIVATE/TILSK	0	140.000	140.000	-140.000
14290 MERVERDIavgift utenfor MVA-LOV	38.865	47.000	47.000	-8.135
14500 OVERFØRINGAR TIL KOMMUNAR	3.285.910	1.435.000	1.435.000	1.850.910
15500 AVSETJING TIL BUNDNE FOND	640.846	0	0	640.846
Sum art-Gruppe: 11 Andre driftskostnader	4.847.344	3.107.930	3.107.930	1.739.414
Art-Gruppe: 12 Inntekter				
16200 AVGIFTSFRITT SAL	0	-1.346.119	-1.346.119	1.346.119
17000 REFUSJONAR FRÅ STATEN	-1.791.487	-1.500.000	-1.500.000	-291.487
17290 KOMPENSASJON MOMS PÅLØPT I DRI	-38.865	-47.000	-47.000	8.135
17300 REFUSJON FRÅ FYLKESKOMMUNEN	0	-50.000	-50.000	50.000
17500 REFUSJON FRÅ KOMMUNAR	-1.511.990	-887.350	-887.350	-624.640
17700 REFUSJON FRÅ ANDRE	-174.500	-50.000	-50.000	-124.500
19500 BRUK AV BUNDNE FOND	-2.126.778	-100.000	-100.000	-2.026.778
Sum art-Gruppe: 12 Inntekter	-5.643.620	-3.980.469	-3.980.469	-1.663.151
Sum ansvar: 13107 FOS	0	13.740	13.740	-13.740
TOTALT	0	13.740	13.740	-13.740

Tabell 1: Budsjett og rekneskap FOS.

Av budsjettet går det fram at FOS har ein god driftsbalanse. Per tid er det noko meir midlar som går ut enn som kjem inn av inntekter. I 2019 bokførte FOS meir i inntekter enn budsjettert og noko høgare utgifter enn kva ein la opp til i budsjett. Samstundes har kostnader knytt til drift vore noko lågare enn kva budsjettet la opp til. Årsaka er i hovudsak at budsjetterte inntekter ved kurs og liknande blei flytta frå avgiftsfritt sal til refusjon frå kommunar i rekneskapet.

Vi har også registrert at det har vore eit større budsjett i FOS enn kva som har vore føreset kommunalt. Det kjem elles fram at kommunane betalte til saman meir enn 1,5 millionar i refusjonar i 2019 noko som var meir enn det dobbelte av budsjettet. Årsaka til dette er som nemnt over at det i rekneskapet er ført på ein annan post enn i budsjettet. Samstundes har fleire kommunar gjort forvaltningsrevisor merksam på at fleire tilsette deltok på kurs, konferansar, nettverkssamlingar, workshops osv. i 2019 enn det ein såg føre seg når budsjettet blei lagt.

Det går vidare fram av rekneskapen at FOS har gjort utstrakt grad av uttrekk av bundne fondsmidlar i 2019. Dette skuldast etter kva forvaltningsrevisor er kjend med at det er løyva tilskot frå staten ved Utdanningsdirektoratet og Statsforvaltaren. Dette tilskotet har vorte nytta til mellom anna prosjektet inkluderande barnehage og skulemiljø og ligg i posten bundne fond. Ei av kommunane har gjort forvaltningsrevisor merksam på at det ved tildeling av midlar til prosjekt som går over fleire år må det nyttast fond for å få ubrukte midlar med vidare til nytt driftsår. Dette er vanleg praksis i både FOS og kommunane.

Kostnadar knytt til drifta av FOS blir fordelt mellom deltakarkommunane basert på avtalte fordelingsnøklar (sjå kapittel 3.2.6).

I tillegg har vi fått tilsendt FOS si tertialrapportering for første tertial 2020:

Resultateining:		FOS		
Ansvarsområder som høyrer til eininga er:				
1. REKNESKAP				
1.tertial		01.01.-30.04		ÅB 2020 m endring
		Rekneskap	Periodebudsjett	
Utgifter		1 143 342	752 704	2 177 664
Inntekter		-1 180 016	-465 888	-2 177 664
Netto		-36 674	286 816	0
AVVIK FOR EINGA(budsjett-rekneskap)				323 490

Tabell 2: Tertialrapport FOS.

Som tabellen viser hadde FOS i første tertial eit mindreforbruk på 323,488,- kroner. Det kjem fram av tertialrapporten at dette i hovudsak skuldast to tilhøve:

- ✓ Tildeling på 200 000 frå Statsforvaltaren er ikkje delt ut til kommunane ved tidspunktet for tertialrapporteringa
- ✓ Periodiseringsfeil då store delar av utgiftene og inntektene til kurs bør leggjast til januar og februar

Det kjem vidare fram av tertialrapporten at FOS i framtida bør gjere ei budsjettendring slik at periodebudsjettet blir meir korrekt.

3.2.6 Fordeling av driftskostnader mellom deltakarkommunane

Sveio kommune fakturerer, som vertskommune for FOS, dei andre deltakarkommunane for driftskostnadane i FOS 2 gongar per år – i juni og desember. Driftskostnadane for FOS består av dagleg leiar si lønn, sekretærverksemd og møteverksemd. For dagleg leiar si sekretærverksemd får Sveio kommune som vertskommunerefusjon for at dei held kontor/sekretariat – tilsvarende 5 % av løna til dagleg leiar.

Elevtal i grunnskulen basert på GSI dannar grunnlaget for fordelinga av utgiftene mellom kommunane. Denne fordelinga er skildra i tabellen nedanfor basert på elevtal skuleåret 2019-2020:

Kommune	Elevtal	Elevprosent
Bømlo	1716	22,4 %
Etne	517	6,8 %
Fitjar	463	6 %
Kvinnherad	1646	21,5 %
Stord	2491	32,5 %
Sveio	825	10,8 %
Sum	7658	100 %

Tabell 3: Fordeling av driftskostnader.

For møteverksemda til dagleg leiar betalar kvar kommune 7.500,- i halvåret.

Desse fordelingsnøklane gav fylgjande fordeling mellom kommunane for dei administrative kostnadane i FOS våren 2020:

Kommune	Løn dagleg leiar	Sekretærverksemd*	Møteverksemd	Sum
Bømlo	95 099	4100	7500	106 699
Etne	28 652	1235	7500	37 387
Fitjar	25 659	1106	7500	34 265
Kvinnherad	91 220	3933	7500	102 653
Stord	138 049	5952	7500	151 501
Sveio	45 721	1971	7500	55 192

Sum	424 399	18 297	45 000	487 696
-----	---------	--------	--------	---------

Tabell 4: Fordeling av administrative kostnader mellom deltakarkommunane.

*Administrativt påslag som går til Sveio kommune for å halde kontor.

FOS arrangerer felles kurs og kompetansehevande aktivitetar for kommunane. Kursa er rabatterte eller gratis for medlemmar. Samstundes er prisane differensierte mellom kommunane, under føresetnad at kursa går på Stord:

- ✓ Stord (heimkommune) kr 550
- ✓ Fitjar: kr 500
- ✓ Bømlo/Sveio: kr 450
- ✓ Etne/Kvinnherad: kr 400

Prisane er satt opp utifrå reiseveg til heimkommunane. Om kurs går i ei av dei andre kommunane betalarar deltakarar frå denne kommunen heimkommunepriis (550 kr). Stord kommune får då den same prisen som gjeld for kursarrangørkommunen i pristabellen overfor.

Desse inntektene frå kompetansehevande aktivitetar blir nytta til å dekkje utgifter til kurshaldarar, lokale og mat mv.

3.2.7 Økonomisk situasjon

Ein av problemstillingane i forvaltningsrevisjonen er å svare på korleis den økonomiske situasjonen er for FOS. Ein av kommunane peiker på at FOS ikkje er ei eiga juridisk eining. Å skildre FOS sin økonomiske situasjon generelt vil difor ikkje gi eit korrekt bilete av FOS. Skildringa under vil heller syne dei økonomiske verknaden av FOS enn FOS sin økonomiske situasjon.

FOS får dei midlane som er naudsynt for å gjennomføre dei oppgåvene som er lagt til kommunesamarbeidet. Elles kjem det også fram at FOS bidreg til å hente inn pengar frå staten og at ein der igjennom potensielt sikrar meir pengar til kommunane enn kva som elles ville ha vore tilfelle. Det går også fram av intervju at det er knytt fordelar til samarbeidet kva gjeld den einskilde kommune sin pengebruk. Kvinnherad kommune gjorde ei vurdering av samarbeidet i 2009. Her kjem det fram at tilsette får tilgang til etter- og vidareutdanningstilbod av høg kvalitet til ein pris langt under det kommunen ville måtte betale åleine.

3.2.8 Rapportering og informasjon til deltakarkommunane

FOS ved dagleg leiar rapporterer på økonomi månadsvis til Sveio kommune (der dagleg leiar er tilsett). Det blir opplyst om at kommunalsjef i Sveio kommune tar eventuelle saker som dukkar opp i denne rapporteringa og som styringsgruppa burde vore orientert om vidare til styringsgruppa. I tillegg utarbeidar FOS tertialrapportar to gangar i året utanom årsrekneskapen, i tråd med Sveio kommune sitt delegeringsreglement og vedtekne rapporteringsrutinar.

FOS rapporterer til deltakarkommunane gjennom møter med styringsgruppa som består av kommunalsjefane for oppvekstsektoren. I tillegg rapporterer FOS på budsjett og rekneskap halvårleg. Tertialrapportane blir sirkulert til heile styringsgruppa. Budsjett blir lagt fram i august/september.

Det blir skreve saksliste og ført referat frå alle møta i gruppene i FOS, som styringsgruppa får tilsendt. Sakslistene og referata frå styringsgruppemøta blir sendt til postmottaka i medlemskommunane og gjort tilgjengeleg for tillitsvalde og andre tilsette i den einskilde kommune.

3.2.9 Eigarskapsføringar og eigarskapsstrategiar

Kva eigarskapsføringar og eigarskapsstrategiar har deltakarkommunane for FOS?

I tråd med føremålet skal FOS ta hand om oppgåver som blir løyst betre regionalt enn lokalt og bidra til å styrke kommunane sin kompetanse og kapasitet innan oppvekstsektoren. Dette medfører mellom anna å arrangere kurs på felles interkommunale kursdagar og å leie regionalt kompetansehevingsarbeid.

Det kjem fram av e-postkorrespondanse med Bømlo kommune at all aktivitet i FOS er basert på behov og planar i samarbeidskommunane. Vidare kjem det fram av Bømlo kommune sin kompetanseutviklingsplan for grunnskulen 2018-2021 at kommunane må melde sine behov inn til FOS. Det går imidlertid fram av intervju at det er stor variasjon i korleis og i kva omfang kommunane rapporterer behova inn til FOS og på den måten set sitt preg på kursporteføljen som FOS held i.

Behova vert i prinsippet vidareformidla frå den einssilde kommune inn i styringsgruppa. FOS arrangerer og har ansvar for ulike typar tilbod:

- ✓ Kompetansehevingsnettverk
- ✓ Workshops
- ✓ Kursdagar i emne som er ynskt og etterspurt frå kommunane
- ✓ Kursdagar med kjende og store føredragshaldarar
- ✓ Kurs og konferansar for leiararar
- ✓ Faste nettverk for barnehage, grunnskule, PPT og styringsgruppe
- ✓ Koordinering av samarbeid med universitets- og høgskulesektoren
- ✓ Regionale samlingar knytt til nasjonale satsingar
- ✓ Møte i samarbeid med Fylkesmannen
- ✓ Samarbeid om lokalt gitt eksamen med oppretta eksamensnettverk
- ✓ Nettverk for rådgjevarar med arena for samarbeid med vidaregåande skular
- ✓ Nettverk for kulturskulane i Sunnhordland

Det kjem fram av kompetanseplanen til Kvinnheradskulen at FOS tilpassar tilbod etter lokale behov i kommunane.

Kommunane har utarbeida planar og strategiar for oppvekstsektoren. Desse byggjer på nasjonale føringar og lokale behov, som er styrande for kommunane sine satsingsområde. Kommunane har utvikla fylgjande planar innan oppvekstsektoren:

- ✓ Bømlo kommune: Kommunedelplan oppvekst 2019-2024, handlingsplan 2019-2020 for Kommunedelplan oppvekst og kompetanseutviklingsplan for grunnskulen 2012-2021
- ✓ Etne kommune: Kvalitetsplan 2020-2024
- ✓ Fitjar kommune: Plan for kompetanseutvikling i grunnskulen 2020
- ✓ Kvinnherad kommune: Kompetanseplan skule og barnehage 2020-2022, kompetanseplan barnehagane i Kvinnherad 2020-21, kompetanseplan Kvinnheradskulen 2020-2022 og strategiplan kvalitet i barnehage, skule og SFO 2019-2024
- ✓ Stord kommune: Kvalitetsutviklingsplan for område oppvekst 2014-2017, strategi for inkluderande barnehage, skule og SFO 2018 og plan for kvalitetsutvikling i oppvekst 2014-2017
- ✓ Sveio kommune: Kvalitetsutviklingsplan 2016-2020, plan for kvalitetsutvikling i skular og barnehagar 2016-2020²

² Sveio kommune opplyser at dei for tida jobbar med utarbeide ny kvalitetsutviklingsplan.

Sveio kommune opplyser i oversendt notat at når satsingsområde er samanfallande for FOS-kommunane kan det samarbeidast om utviklingsprosjekt, nettverk og andre kompetansetiltak. Dei nemnte planane utgjør slik kommunane sine rutinar og strategiar for FOS-samarbeidet.

Det kjem vidare fram av tilsendt notat frå Bømlo kommune at i den grad kommunane har eigne kommunale retningslinjer og strategiar for FOS vil det vere for spesifikke samarbeid på utvalde område som til dømes samarbeid om eksamen.

3.2.10 Bruk av kommunale midlar og ressursar i FOS

Alle kommunane har med tilsette som jobbar aktivt i prosjektgruppene i FOS-samarbeidet. I hovudgruppene er det ein representant per kommune, medan det varierer kor mange tilsette kommunane har med i undergruppene.

Kommunane dekkjer sin delkostnad knytt til løn for dagleg leiar, samt kostnader knytt til møteverksemd og sekretærverksemd.

Kommunane blir gitt tilbod om samlingar, satsingar, nettverk, møte og kurs som leiarar og tilsette innan oppvekstsektoren kan melde seg på. Dette skjer i dialog med kommunalsjef/etatssjef oppvekst eller rådgjevar innan oppvekst i kommunen. Det er valfritt å delta på tilboda som FOS arrangerer.

I tillegg står FOS for utarbeiding av søknadar på statlege og fylkeskommunale tilskot og fordeler midlane vidare til kommunane i dei tilfella ein vinn fram og blir tildelt midlar.

3.2.11 Sentrale aktivitetar i FOS 2019

Kva har vore sentrale aktivitetar i FOS i 2019?

Årsmeldinga 2018/2019 viser til fylgjande nye tiltak som er sett i verk:

- ✓ Eit inkluderande barnehage- og skulemiljø
- ✓ Ny desentralisert ordning for kompetanseutvikling
- ✓ Regional ordning for kompetanseutvikling i barnehage
- ✓ Nye læreplanar – overordna del
- ✓ Digitalisering IKT-nettverk i FOS
- ✓ FOS og vegen vidare – diskusjon om kva FOS skal vere i framtida

Nettsida til FOS viser at fylgjande hendingar blei arrangert i 2019:

- ✓ Ungt entreprenørskap: SMARTcamp for lærarar
- ✓ Kurs: Avdekke, handtere og forebygge krenkelser og mobbeatferd i barnehagen
- ✓ Kurs: Sinte, unge, villfarne menn – vårt medansvar
- ✓ Kurs: Eit inkluderande læringsmiljø – korleis få det til?
- ✓ Livsmestring i barnehage og skole
- ✓ Skriftleg eksamen workshops – norsk, engelsk og matematikk
- ✓ Leiarkonferansen 2019 – klokt lederskap – i spennet mellom det lokale og det nasjonale
- ✓ Workshop Geogebra for mellomtrinnet
- ✓ Reguleringsvanskar i eit inkluderingsperspektiv
- ✓ Nettverkssamling – inkluderande barnehagemiljø
- ✓ Kurs: Spespednettverket – ASK

- ✓ Rådjevarsamling FOS
- ✓ Kurs: SFO-nettverket i FOS: kvalitet i FOS
- ✓ Kurs: Det digitale klasserommet: Kva må PPT kjenna til?
- ✓ Kurs: Korleis leggja til rette for ei god begynnaropplæring
- ✓ Kurs. Symje- og livbergingsopplæring ute
- ✓ Kurs: Elevbedrift
- ✓ Kurs for lærarar Økonomi & Karriereval
- ✓ Workshop Geogebra for ungdomstrinnet
- ✓ Barnehageleiarnettverk – Kva krevst av deg som leiar i ein barnehage
- ✓ Skuleleiarnettverk: «Læringsleiing i framtidens skule- fagfornyninga; moglegheiter og forventningar»
- ✓ Kurs: Spespednettverket – ASK
- ✓ Informasjonsmøte – partnerskap med Senter for fysisk aktiv læring (SEFAL)
- ✓ Kurs: Opplæringslova Kap. 9A³

Årsmeldingane til FOS fylgjer skuleåra. Av årsmeldinga for 2018/2019 kjem det fram at det i denne perioden blei gjennomført 11 møter i styringsgruppa, som totalt handsama 46 saker. Sakene som hadde ekstra fokus var:

- ✓ Leiarkonferansen
- ✓ Desentralisert ordning for kompetanseutvikling (skule)
- ✓ Regional ordning for kompetanseutvikling i barnehage
- ✓ Intensjonsavtale FOS-HVL
- ✓ Kompetanseutvikling for alle målgrupper
- ✓ Eit inkluderande barnehage- og skulemiljø
- ✓ Erfaringsutveksling – læringsøkter

Grunnskulegruppa hadde 10 møter og handsama 48 saker. Fylgjande saker nemnast som ekstra viktige i årsmeldinga:

- ✓ Kurs/kompetanseutvikling/lærande nettverk
- ✓ Eit inkluderande barnehage- og skulemiljø
- ✓ Erfaringsutveksling – læringsøkter
- ✓ Pedagogisk bruk av IKT

I læringsøktene var mellom anna IKT i skulen, § 9A i opplæringslova (psykososialt skulemiljø), arbeidslivsfag og inkluderande skulemiljø viktige tema.

Undergruppene eksamensgruppa og utdanningsvalgruppa hadde eit møte kvar.

³ Kapittel 9A i opplæringslova omhandlar elevane sitt skulemiljø – der alle elevar har rett til eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring: [Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa \(opplæringslova\) - Kapittel 9 A. Elevane sitt skulemiljø1 - Lovdata](#)

Barnehagegruppa hadde 9 møte og handsama 29 saker. Det vart arrangert 2 fellessamlingar med grunnskulegruppa der inkluderande barnehage- og skulemiljø var tema. Fylgjande saker nemnast som særleg viktige:

- ✓ Kurs/kompetanseheving/leiarkonferansen
- ✓ Inkluderande barnehagemiljø
- ✓ Erfaringsutveksling – læringsøktar

I læringsøktene var mellom anna § 19g⁴ i barnehagelova og Trygg i Fjell tema.

Undergruppa tilsynsgruppa gjennomførte 12 tilsyn.

Leiarforum PPT har gjennom samarbeidsavtalen med Statped hatt 2 samlingar omkring tematikken reguleringsvanskar i eit inkluderingsperspektiv og det digitale klasserommet. FOS og Statped utformar aktivitetsplanar for kvart skuleår som fastset aktivitetar gjennom skuleåret.

Kulturskulegruppa hadde skuleåret 2018/2019 4 møte, kor det blei handsama 27 saker. Særleg viktige saker som blir nemnt i årsmeldinga er:

- ✓ Erfaringsutveksling
- ✓ Rekruttering
- ✓ Samarbeid med HVL
- ✓ Planlegging av nettverksgrupper i FOS
- ✓ Øyo-seminaret
- ✓ Dei unges festspeldag

I tillegg nemner årsmeldinga rutinetiltak som til dømes:

- ✓ Munnleg eksamen
- ✓ «Eg vil byggja meg ein båt» - DKS-prosjekt i regionen i samarbeid med Sunnhordland museum
- ✓ Hospitering i samarbeid med Senter for Yrkesrettlegg og vidaregåande skular
- ✓ Samlingar for vaksenopplæringa
- ✓ 2 nettverkssamling for tilsette i SFO
- ✓ Betre Tverrfaglig innsats – oppfølging og vidareutvikling

Det kjem fram av handlingsplan 2019/2020 at FOS har fylgjande hovudsatsingar i perioden 2019-2022:

- ✓ Inkludering, samskaping og medverknad
- ✓ Oppfølging og tiltak retta inn mot ny Stortingsmelding om *tidleg innsats og inkluderande fellesskap*
- ✓ Fagfornyninga av læreplanen
- ✓ Leiarutvikling


⁴ §19g i barnehagelova omhandlar at kommunen skal sikre at born med nedsett funksjonsevne får eit eigna og tilrettelagt barnehagetilbod. I ny barnehagelov gjeldande frå 2021 er paragrafen flytta til § 37: [Lov om barnehager \(barnehageloven\) - Lovdata](#)

- ✓ God tverrfagleg samhandling

Av nye tiltak som er sett inn nemnast:

- ✓ Arbeidslivs faget – ei utfordring? Samling/workshop
- ✓ Leiarnettverk i FOS for barnehage og skule
- ✓ Implementering av nye læreplanar
- ✓ Digitalisering
- ✓ Tidleg innsats og inkluderande fellesskap – felles møtepunkt i høve ny Stortingsmelding

Figuren under viser korleis respondentane i spørjeundersøkinga vurderer kvaliteten på kurs- og kompetanseutviklingstilbodet dei har motteke i regi av FOS:



Figur 1: Korleis vurderer du kvaliteten på kurs- og kompetanseutviklingstilbodet du har motteke i regi av FOS? [N:109]

Som det går fram av figuren vurderer dei fleste som har vore på kurs i regi av FOS tilbodet som godt. Det er imidlertid berre om lag 1/3 av dei som har svart på spørjeundersøkinga som har teke del i undervisningstilbod frå FOS. Det går samstundes fram av intervju at FOS i stadig mindre grad arbeidar med kurs og kompetanseheving, men at ein jobbar meir med kontinuerleg kompetanseutvikling av barnehagane og skulane i deltakarkommunane. FOS er dermed meir aktuell for arbeid med nasjonale og lokale prioriterte prosjekt som t.d. DEKOMP og REKOMP.

3.2.12 Medverknad

Korleis medverkar kommunalt tilsette innan oppvekstområdet i FOS?

Det kjem fram av intervjudata at tillitsvalde i oppvekstsektoren ikkje har rett til å delta i FOS. All medverknad og drøfting i tråd med hovudavtalen skjer i den einstilte kommune.

Av innsendt notat frå Fitjar kommune kjem det fram at Utdanningsforbundet har ytra ynskje om å delta i møta til styringsgruppa i FOS. Ynskja er forankra i Hovedavtalen Del B. Førespurnaden blei avslått

av styringsgruppa, som meiner at medråderetten blir ivaretatt på kommunalt nivå i den enkelte kommune. Dette er ifylgje notatet i tråd med praksis i dei andre kursregionane i Hordaland.

I vurderinga vektleggjast det at FOS er ein tilretteleggjar for medlemskommunane. FOS gjer vidare ingen bindande vedtak for kommunane. FOS har eit mangfaldig tilbod, og det er opp til kommunane å komme med innspel utifrå sine fokusområde/handlingsplanar. Det blir bestemt på lokalt nivå om ein vil vere med på kurs, nettverk, konferansar, etc.

Det kjem fram av vurderinga at tillitsvalde får medverknad og informasjon gjennom dei kommunale prosessane som vert gjort i høve fokusområde/handlingsplanar innanfor skule og barnehage i den enkelte kommune. Her er tillitsvalde representert. I tillegg skal kvar kommune ha dialog med sine tillitsvalde i forkant av møta i FOS. Tillitsvalde har tilgang til sakslistar og referat frå møta i styringsgruppa. Tillitsvalde kan kome med innspel til saksliste og kompetanseutviklingstiltak.

Fylgjande kjem fram omkring dei kommunale prosessane i deltakarkommunane:

- Av kommuneinternt notat til kontrollutvalet i Stord kommune går det fram at tillitsvalde i Stord kommune medverkar i FOS gjennom kommunalsjefen og rådmannen sine månadlege møte med tillitsvalde, samt gjennom personalsjefen sine årlege drøftingsmøter. Kommunen sine framtidige kompetansebehov blir tatt opp i dette årlege drøftingsmøtet. Tilsvarende prosedyre er gjeldande i dei andre kommunane.
- Bømlo kommune opplyser i e-postkorrespondanse at medverknad skjer i faste møte med hovudtillitsvalde på kommunenivå.
- I Etne kommune er tillitsvalde med på drøftingar på lokalt nivå og hovudtillitsvald på kommunalt nivå.
- Fitjar kommune varetek medverknad på lokalt nivå. Etatssjef og rådgjevarar etterspør behov for kompetanseutvikling som kan samordnast gjennom FOS i leiarsamlingar med barnehagestyrarar og skuleleiarar.
Det er fleire eksterne instansar som har tilsyn med kommunane. Kontrollutvalet har bede rådmannen om oversikt over slike tilsyn som vart utført i 2020. Desse vil bli lagt fram for kontrollutvalet i møte 19.04.21. Sidan tilsyna gjeld 2020, vert dei nemnt her. Nokre tilsyn gjeld 2019 men rapportar har vore følgt opp i 2020:

- Fylkesmannen og brann og redningsetatane
 - Brannar i avfallsanlegg – inspeksjon ved SIM Svartasmåget miljøsentral

- Arbeidstilsynet
 - Forskrift om lønns- og arbeidsvilkår i offentlige kontraktar kjem m.a. til bruk for kommunale verksemdar som tildeler tenestekontraktar og bygge- og anleggskontraktar som overstig 2,05 million kroner ekskl. mva.
- Arbeidstilsynet
 - Om eigne og andre arbeidstakarar blir utsette for helseskadeleg eksponering for asbestfibrar.
- Tilsynsutvalet Stord sjukeheim
 - Formål bl.a. om å bli kjent med leing og organisering ved Knutsaåsen omsorgssenter
- Haugaland Kraft Nett AS
 - Kontroll av anlegg – Hagerupshuset Borggata 1
- Fylkesmannen
 - Grunnskuleopplæring for vaksne
- Stord brann og redning.
 - Branntilsyn den 06.12.2019 ved Rommetveit skule, jf. Lov av 14. juni 2002 nr. 20 (brann- og eksplosjonsvern lova) § 13 andre ledd og Forskrift om brannforebygging av 01.01.2016.
- Stord brann og redning.
 - Branntilsyn den 14.11.2019 i Tjødnalio barnehage, jf. brann- og eksplosjonsvern lova § 13, 2. ledd.

13 Andre saker / orienteringssaker i kontrollutvalet i 2020 (Ikkje uttømmande)

- Budsjettbrev 2020 frå Fylkesmannen i Vestland til Stord kommune
- Rekneskapsrapport for kontrollarbeidet i 2019
- Budsjettstode for kontrollutvalet sitt budsjett for 2020
- Reglement for kontrollutvalet.
- Forslag til budsjett for kontrollarbeidet i Stord kommune for 2021
- Årsmelding 2019 for kontrollutvalet
- Vurdering av revisjonsordning.
- Konkurransesaker om revisjonstenester - om fullmakt, konkurransegrunnlag og utlysing.
- Revisjonsplan, interimsrevisjonsrapport og forenkla etterlevingskontroll av økonomiforvaltninga.
- Henvendingar frå innbyggjarar.
- Henvending frå Sameige Leirvik Brygge, bl.a. om kommunen si oppfølging av henvendingar.
- Kontrollrapport 2019 vedrørande skatteoppkrevjarfunksjonen for Stord kommune. (Innkrevingsarbeidet er no blitt statleg).
- Orientering om personalsituasjonen hjå KPMG innan forvaltningsrevisjonsarbeidet.
- Informasjon om revidert eigarskapsmelding.

Stord, 19.04.2021

Fredrik Litleskare
Kontrollutvalsleiar Stord kommune

Kontrollutvalet
c/o Sekretariat for kontrollutvalet
Vestland fylkeskommune
Postboks 7900, 5020 Bergen
e-post: hogne.haktorson@vlfk.no | Mob. 911 05 982
e-post: roald.breistein@vlfk.no | Mob. 975 05 152
e-post: kjartan.haugnes@vlfk.no
e-post: helge.inge.johansen@vlfk.no
e-post: einar.kare.ulla@vlfk.no
e-post: kontrollutvalet@vlfk.no



Stord kommune

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saksnr: 2019/129-11
Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Stord kommune	16/21	19.04.2021

Stord kommune si rapportering av internkontroll og tilsyn ein gong i året

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tek den mottekne informasjonen om internkontroll i Stord kommune til orientering.
2. kontrollutvalet ber rådmannen komme i neste møte for å gjera greie for kva som er gjort/vil bli gjort i høve pålegg, avvik, feil, merknad mv. etter desse tilsyna:
 - Arbeidstilsynet (2020/3834-3)
 - Fylkesmannen og brann og redningsetatane (2020/4716-3)
 - Haugaland Kraft Nett AS (2016/784-56)
 - Fylkesmannen (2020/22-3)

Samandrag

Føremålet med denne saka er at kontrollutvalet skal verta orientert om rådmannen si rapportering til kommunestyret om internkontroll og resultatet av statlege tilsyn, jf. kommunelova § 25-2.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Svar - Stord kommune si rapportering av internkontroll og tilsyn ein gong i året
- 2 Tilsynsrapport med oppfyllelse av vedtak og varsel om pålegg
- 3 Tilsyn aksjon brann 2020 - SIM Svartasmoget - rapport
- 4 Tilsynsrapport
- 5 Tilsynsutvalget KO1
- 6 KONTROLLRAPPORT
- 7 Oversending av tilsynsrapport til Stord kommune.pdf
- 8 Stord kommune -.pdf

- 9 Tilsynsrapport Rommetveit Skule_60_1
- 10 TilsynsrapportTjdnalioBarnehage_63_1

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Sekretariatet sende slik e-post til Stord kommune 29.01.2021:

«Den nye kommunelova § 25-2 inneheld nye formuleringar når det gjeld rapportering av internkontroll og om resultat frå statlege tilsyn der det står dette:

«Kommunedirektøren skal rapportere til kommunestyret og fylkestinget om internkontroll og om resultater fra statlig tilsyn minst én gang i året.»

Denne rapporteringa vil vera nyttig og interessant for kontrollutvalet å få lagt fram som ei referatsak i løpet av vårhalvåret 2021.

Me ber om at kopi av rapportering om internkontroll og statlege tilsyn vert sendt til sekretariatet så snart det er klart, men seinast innan 15.04.2021.»

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i sak der utvalet vil innhenta informasjon, jf. kommunelova § 23-2.

Vurderingar og verknader

På bakgrunn av det som går fram over fekk vi 22.03.2021 vedlagte svar med 9 vedlegg frå rådmannen.

Rapportering om internkontroll:

Sekretariatet har merka seg at svaret når det gjeld rapportering om internkontroll er grundig og detaljert utforma og gjev eit godt oversyn over arbeidet med internkontroll i Stord kommune.

På bakgrunn av det som går fram over bør kontrollutvalet ta informasjonen om internkontroll i Stord kommune til orientering.

Rapportering av resultatet av statlege tilsyn:

Vi har vidare merka oss at rapportering av resultatet av statlege tilsyn også er utforma på ein grundig og detaljert måte. Her bør likevel kontrollutvalet vurdere å be rådmannen komme i neste møte for å gjera greie for kva som er gjort/vil bli gjort i høve pålegg, avvik, feil, merknad mv. etter desse tilsyna:

- Arbeidstilsynet (2020/3834-3) med frist til: 01.04.2021
 - Pålegg: Asbest - Informasjon og opplæring
 - Pålegg: Asbest - Rutine for å kartlegge asbest ved oppdragsarbeid
- Fylkesmannen og brann og redningsetatane (2020/4716-3) med frist til: 01.03.2021
 - Avvik: Lagring av EE-avfall er ikkje forsvarleg
 - Merknad: Opplæring av tilsette for handtering av branntilløp bør betrast
 - Merknad: Deteksjon/varsling av brann på kontorbygget manglar
 - Merknad: Det står ein stender i brannkum
- Haugaland Kraft Nett AS (2016/784-56) ikkje oppgjeve frist:
 - Feil: Det var i for stor utstrekning lagt opp til bruk av bevegeleg leidning. Jf. fel § 16
 - Feil: Anlegget var provisorisk og oppfylte ikkje forskriftas sikkerheitskrav. Jf. fel § 10
 - Feil: Lysarmaturen mangla kuppel/skjerm. Jf. fel § 22
 - Kommentar: Det er patronsikringer i anlegget. Det anbefales å bytte disse til automatsikringer med innebygget jordfeilvern.

- Fylkesmannen (2020/22-3) med frist til: 12.04.2021
 - Avvik: Eigar har ikkje gjennomført risikoanalyse
 - Avvik: Verksemda har manglande eller ufullstendig systematisk gjennomgang av eigen branntryggleiken (HMS)
 - Merknad: Brannalarmanlegget er av ein eldre type, og bør skiftast ut.

Vi gjer for ordens skuld også merksam på at rapport om internkontroll og resultatet frå statlege tilsyn skal sendast kommunestyret, jf. kommunelova § 25-2.

Konklusjon

Det vert tilrådd at kontrollutvalet tek den mottekne informasjonen om internkontroll i Stord kommune til orientering.

Vidare vert det tilrådd at kontrollutvalet ber rådmannen komme i neste møte for å gjera greie for kva som er gjort/vil bli gjort i høve pålegg, avvik, feil, merknad mv. etter desse tilsyna:

- Arbeidstilsynet (2020/3834-3)
- Fylkesmannen og brann og redningsetatane (2020/4716-3)
- Haugaland Kraft Nett AS (2016/784-56)
- Fylkesmannen (2020/22-3)

Hogne Haktorson

Vår dato: 02.02.2021
Vår ref: 2021/420 - 3189/2021 / 446
Dykkar ref:

Svar - Stord kommune si rapportering av internkontroll og tilsyn ein gong i året

Viser til mail datert 29.01.21. I brevet vert det bedt om at kopi av rapportering om internkontroll og statlege tilsyn vert sendt til sekretariatet så snart det er klart, men seinast **innan 15.04.2021**.

Rådmannen oppfattar rapporteringskravet som todelt:

1. Rapportering om internkontroll, jf. kommunelova § 25-2.
2. Rapportering om statlege tilsyn i perioden 01.01.20 – 31.12.20.

Til pkt. 1: Rapportering om internkontroll, jf. kommunelova § 25-2.

Rapportkravet i kommunelova § 25-2 vart innført i samband med ny kommunelova av 2018 og tredje i kraft 01.01.21. Året me har lagt bak oss er i stor grad prega av koronasituasjonen, og er det framleis. M.a. skulle det vore gjennomført eit interntilsyn på Rehabilitering, helse og omsorg i høve til informasjonstryggleik - auka bruk av digitale hjelpemiddel. Dette har blitt utsett på ubestemt tid. Vonaleg vil § 25-2-rapporten finna si form når verda igjen normaliserer seg. Allereie eksisterande rapporteringar frå rådmann til politisk nivå, er blitt gjennomført som vanleg. Viser her til månadsrapportar, arbeidsliste, tertialrapportar, årsrekneskap og årsmelding. Også desse rapportane inneheld element av internkontrollrapportering. Tema som vert rapportert gjennom den ordinære rapporteringa er:

Økonomi - Status, prognose utbyggings- og investeringsprosjekt
Tenesteproduksjon, handlingsplan og satsingar – Status, måloppnåing og prognose
Medarbeidarar – Sjukefråvær, status og prognose samt medarbeidartilfredsheit og
Oppfølging av politiske vedtak – Status for vedtak, oppfølging og gjennomføring

For ordens skuld laga ein modell for å synleggjera rapporteringsansvaret frå rådmann til politisk nivå. Inn under dette fell også rapporteringsansvar i høve til oppgåver knytt til utgreiingsoppdrag investeringar/prosjekt som går fram av rådmannen si arbeidsliste. Dersom prosjektet som går fram av arbeidslista, skal også rapporteringa skje m.a. i arbeidslista. Dersom prosjektet ikkje går fram av arbeidslista, skal prosjektet rapporterast i tråd med Prosjekthandboka i Stord kommune. Tekst som er **merka grøn**, er knytt til rapportering i prosjekt.

Type	Rådmann	Tema	Frist	Kva?
Månadsrapport Jf. Økonomireglement pkt. 4.1. Elements 2016/249	UTVALA (OKU, RHO OG PUT) FORMANNSKAPET	Større avvik/hendingar	Månadleg 10 dagar før politisk møte jf. Innlev. av politiske saker, avs. 7	1. Større avvik/hendingar
HMT-rapport Jf. Driftsstyret PS 4/14	DRIFTSUTVALET ARBEIDSMILJØUTVALET Munnleg orient. til KS	Sjukefråværsstatistikk og HMT-avviksstatistikk	Månadleg 10 dagar før politisk møte jf. Innlev. av politiske saker, avs. 7	1. Status
Arbeidsliste Jf. Økonomireglement pkt. 4.1. og pkt. 6.1 Elements 2015/3825	DRIFTSUTVALET UTVALA FORMANNSKAPET	Verbalpunkt i budsjettvedtak, samt andre politiske oppdrag, typisk ut over ordinær drift. <i>Herunder investeringsprosjekt som er definert gjennom politiske oppdrag og difor går fram av arbeidslista, jf. PS 49/2017</i> . I praksis går lista også til OKU/PUT/RHO, samt driftsstyret. Prosjekt skal rapporterast til politisk prosjekteigar, og det må leggjast til grunn at formannskapet har fått delegert mynde som rapportmottakar av kommunestyret, jf. øk. Regl.	Månadleg 10 dagar før politisk møte jf. Innlev. av politiske saker, avs. 7	1. Status 2. Prognose for framdrift 3. Større avvik/hendingar
Tertialrapport Jf. Økonomireglement pkt. 4.1. og pkt. 6.1. Sjå også Prosjekthandbok pkt. 2.3.6. Tertialrapport vart utvida til også å omhandla nøkkeltalstyring for HMT Jf. Driftsstyret PS 4/14 Elements 2018/1639	FORMANNSKAPET KOMMUNESTYRET	Vurdera verksemda i høve til budsjetttrammer og premissar. Hovudrapportering, drift + <i>investeringsprosjekt som er definert gjennom politiske oppdrag og difor går fram av arbeidslista, jf. PS 49/2017</i> Status for sjukefråvær og HMT	20.05. og 20.09 (Frist for utsending fredagen) Rekneskapen pr. 30.04 og 31.08.	1. Økonomistatus - sml. budsjettvedtak 2. Prognose sluttresultatet – sml. Budsjettvedtak 3. Tenesteyting – status jf. vedtekne mål 4. Avviksanalyse - årsaka til innrapporterte avvik 5. Ved større prosjekt (bygg/anlegg eller uklare føresetnader) – val av konkurranseform 6. Medarbeidarar – Sjukefråvær, status og prognose samt 7. Status for sjukefråvær og HMT
Årsrekneskap Jf. Økonomireglement pkt. 4.1. og rekneskapsforskrifta. Elements 2018/1902	REVISJONEN KONTROLLUTVALET FORMANNSKAPET KOMMUNESTYRET	Rekneskap til revisjonen Rekneskap med revisjonsmelding og årsmelding til Kontrollutvalet. Kontrollutvalet gjev uttale til kommunestyret (info til Formannskapet) Formannskapet innstiller til kommunestyret	15.02. Vedtak før 30.06	1. Rekneskap 2. Revisjonsmelding 3. Årsmelding
Forstudierapport	KOMMUNESTYRET	Motteke frå ansvarleg kommunalsjef (AK). Vedlegg til politisk sak (PS).	Avtalt tid	1. Forstudie
Forprosjektrapport Sluttrapport Jf. prosjekthandbok pkt. 2.2.8. Vedlegg 1, pkt. 2.	KOMMUNESTYRET KOMMUNESTYRET	Motteke frå AK. Erfaringar som er gjort i prosjektarbeidet med vekt på grad av måloppnåing i samsvar med prosjektplanen (min. 2 sider, maks 10 sider).	Avtalt tid Når sluttproduktet vert sett i drift	1. Forprosjekt Sluttrapporten skal skilje mellom: 1. Prosjektadministrativ sluttrapport, med erfaring og læring 2. Prosjektfagleg sluttrapport relatert til måla, erfaring og læring.

I kommunelova [§ 25-1](#) heiter det at kommunar skal ha internkontroll med administrasjonen si verksemd for å sikra at lover og forskrifter vert følgd. Rådmannen i kommunen er ansvarleg for internkontrollen. Internkontrollen skal vera systematisk og tilpassast verksemda sin storleik, eigenart, aktivitetar og risikohøve.

Ved internkontroll etter [§ 25-1, 3. ledd](#) skal rådmannen

- a) *utarbeide en beskrivelse av virksomhetens hovedoppgaver, mål og organisering*
- b) *ha nødvendige rutiner og prosedyrer*
- c) *avdekke og følge opp avvik og risiko for avvik*
- d) *dokumentere internkontrollen i den formen og det omfanget som er nødvendig*
- e) *evaluere og ved behov forbedre skriftlige prosedyrer og andre tiltak for internkontroll.»*

Rådmannen skal etter [§ 25-2](#), rapportera til kommunestyret om internkontrollen. Eg oppfattar at det då vert vist til [25-1, 3. ledd](#). Desse forholda er søkt ivareteke i kommunen sitt elektroniske internkontrollsystem Compilo. Det er også andre elektroniske system som ivaretek kvalitetsarbeidet, herunder Profil, Elements, Familia, m.v., men det er Compilo som er hovudsystemet for internkontroll.

Ad a) «utarbeide en beskrivelse av virksomhetens hovedoppgaver, mål og organisering»

I Compilo vil ein finna skildringar av verksemda sine hovudoppgåver, mål og organisering. Hovudoppgåvene går fram av sjølve oppbygginga av strukturen i compilo, der ein tek utgangspunkt i lovpålagde oppgåver på dei ulike tenesteområda. Deretter er det drege opp eit skilje mellom kvalitetssikring av utøving av mynde på den eine sida, og utøving av tenester på den andre. Budsjett- og økonomiplan, der mål for inneverande 4 års periode går fram, er lagra i compilo, saman med ei rekkje andre overordna dokument. Her kan nemnast m.a. kommuneplan, delegasjonsdokument, samt både politisk og administrativt organisasjonskart.

Ad b) «ha nødvendige rutiner og prosedyrer»

Stord kommune har pr. i dag 2 141 prosedyrar (samle-nemning for alle typar dokument som er lagra i compilo). 522 dokument er ikkje revidert innan fristen. Ca. 40 % av restansane ligg på Sunnhordland interkommunale barnevern.

Prosedyrane er fordelt slik: RHO: 474, OKU: 696, PUT: 202, Støttetenester/elles: 769

Prosedyrane skildrar korleis me skal levera tenester og utøva mynde i samsvar med lovkrava. Med «lovkrava» meiner ein i denne samanhengen ikkje berre pålegg som kan utleiast av lova sin ordlyd, men også tilhøyrande forskrifter, forarbeid, rettspraksis og andre relevante rettskjelder. Alle desse kjeldene kan gje utfyllande informasjon om kva lova sin ordlyd inneber. Politiske vedtak og føringar, t.d. stortingsmeldingar, eller/og kommunen sine egne retningslinjer, er døme på andre kjelder som kan seie noko om kva krav og forventningar som skal leggest til grunn for tenestene vi skal levere, og mynde me skal utøva. Desse vedtaka ligg i elements, man kan ha fått tyding for innhald i konkrete prosedyrar. Døme på dette er prosedyre for sal av fast eigedom og bygningsmasse i Stord kommune.


Stord kommune gjekk over til ny versjon av compilo 01.08.2020. Innloggingar før dette tidspunkt er difor ikkje sporbare i den nye systemet. I perioden 01.08.20 til og med 31.12.20 var det ca. 7 800 innloggingar. Desse var fordelt slik (med underliggende):


✚ Rådmann	- 144
✚ RHO kommunalsjef KJG	- 4 353
✚ OKU kommunalsjef MJH	- 2 185
✚ PUT plansjef LVE	- 120

- ✚ Personal- og organisasjonssjef - 585
- ✚ Stord kommunale eigeendom - 121
- ✚ Stord kommunalteknikk - 121
- ✚ Økonomisjef (med underliggjan) - 215

Ad c) «avdekke og følge opp avvik og risiko for avvik»

Når prosedyrane ikkje vert etterlevd, manglar eller er mangelfulle, dannar dette grunnlag for å melda avvik. Avvikshandtering er nærare skildra i prosedyra om avvik i compilo. I Compilo kan avvika meldast elektronisk av tilsette. Avvika vert sendt til næraste overordna for handtering og lukking, etter nærare prosedyrar for oppfølging av avvik. Dersom ikkje næraste overordna ikkje tek hand om avviket innan 21 dagar, vert det sendt vidare til vedkommande sin overordna. Dersom heller ikkje denne handterer avviket, vert det sendt vidare oppover i organisasjonsstrukturen. Til sist havnar avviket hjå underteikna, som returnerer avviket til rette vedkommande for handtering. Her er eit oversyn over avvika i Stord kommune i 2020:





Ad d) «dokumentere internkontrollen i den formen og det omfanget som er nødvendig»

Compilo fungerer som ein prosedyrebank, slik at både gjeldande og tidlegare prosedyrar kan finnast att. Også avviksrapportar og forlagsrapportar vert lagra elektronisk. Det same gjeld gjennomførte risiko- og sårbarheitsanalyser. Dersom det vert gjennomført interntilsyn, så vert desse dokumentert i vårt sakshandsamingssystem Elements.

Ad e) «evaluere og ved behov forbedre skriftlige prosedyrer og andre tiltak for internkontroll.»

Prosedyrane er gjenstand for systematisk overvaking ettersom Compilo set krav om årleg revidering av alle dokument i systemet. Alle prosedyrane som ligg i compilo er knytt til ei rolle. Den som til ei kvar tid er i rolla, vil få ei elektronisk påminning om kva tid prosedyra skal reviderast.

Kvalitetssikringsarbeidet handlar også om å identifisere suksessfaktorane. I samband med at Compilo fekk eit nytt design i juli 2020, vart det difor i tillegg til avviksrapportering, også innført forlagsrapportering.

Årshjul

Det er ein eigen modul i Compilo som gjer det moglege å etablera elektroniske årshjul, med tilhøyrande prosedyrar, på alle nivå i organisasjonen. Me har pr. idag følgjande overordna årshjul, altså årshjul som vert fordelt til alle einingsleiarane, eller til andre strategisk viktige posisjonar:

- Administrativt årshjul
 - Alle månader: Månadsrapport - økonomi m.m.
 - Jan.: Rekneskapsavslutning/Årsoppgjer
 - Jan.: Årsrapportar frå einingane
 - Jan.: Årsmelding for kommunen
 - Jan.: Handlingsplanar frå einingane
 - Jan., feb., mars og april: Medarbeidarsamtalar
 - Mars: Brukarundersøkingar
 - Mai, og sept.: Tertianrapportering / Budsjettrevisjon
 - Mai: Investeringsbudsjett for neste år
 - Mai: Analyse av brukarundersøking
 - Sept.: Budsjettprosessen fortset
 - Sept.: ROS analyse - Kontroll av informasjonstryggleiken
 - Jan.: Årleg informasjonstryggleiksrapport - Einingsleiarar
 - Juni: Oppstart av arbeid med neste års budsjett

- HMT/Miljøfyrtårn
 - Januar:
 - Februar:
 - Mars: Miljøfyrtårn – Årleg klima- og miljørapport
 - April: Vernerunde og ROS 1.tertial – tema:Innemiljø
 - Mai: Miljøfyrtårn – Årleg klima- og miljørapport - presentasjon til tilsette og offentleggjing på nettsida
 - Juni:
 - Juli:
 - August: Vernerunde og ROS 2.tertial – tema: Ergonomi, førstehjelp og tryggleik. Planlegging av medarbeidarundersøking – forarbeid, gjennomføring og etterarbeid.
 - September:
 - Oktober: Medarbeidarundersøking – gjennomføring annakvart år
 - November:
 - Desember: Vernerunde og ROS 3.tertial – tema: Systematisk HMT, psykososialt arbeidsmiljø og Ytre miljø. Etterarbeid medarbeidarundersøking.

- Brannvern:
 - April, juni, aug., okt. og des.: Sjekkliste brannvernleiarar
 - April og sept.: Opplæring og brannøvingar

- Informasjonstryggleik:
 - Jan.: Årleg informasjonstryggleiksrapport IKT (gjennomførande)
 - Jan.: Årleg informasjonstryggleiksrapport Tryggleiksansvarleg/rådmann (Kontrollerande og styrande)
 - Jan.: Møte: Førebuing av tryggleiksrevisjon i arbeidsgruppa
 - Mars: Leiinga sin gjennomgang
 - Juni og nov.: Møte i Tryggleiksforum
 - Sept.: ROS analyse - Styring av informasjonstryggleik (Rådmannen)
 - Sept.: ROS analyse - Kontroll av informasjonstryggleiken (Tryggleiksansvarleg)
 - Okt.: ROS analysen - Gjennomføring av informasjonstryggleik (IKT)
 - Nov: ROS analyse - Dagleg informasjonstryggleik (Einingsleiarane)

ROS-analysar

Det er ein eigen risiko- og sårbarheitsmodul (ROS) i Compilo. ROS-analysane vert nytta som er verkty for å forbetra drifta. I perioden 01.01.20-31.12.20 vart følgjande ROS-analysar gjennomført:

- [Målsetnad - Auka deltaking i SFO \(6-9 år\) 1128 Tenesteproduksjon Kommunalsjef OKU-MHI Dyrseth, Iren -X](#)
- [ROS: Dagleg informasjonstryggleik - Sagvåg barnehage 2020 1129 Daglig informasjonssikkerhet Sagvåg barnehage, avd. Nysæter Østrem, Gisle -](#)
- [ROS: Dagleg informasjonstryggleik - Sagvåg barnehage avd. Nysæter 2020 1130 Daglig informasjonssikkerhet Sagvåg barnehage, avd. Nysæter Østrem, Gisle -](#)
- [Stord Hamnestell - Covid 19 pandemi 1132 Tenesteproduksjon Hamn Hamn, systemansvarleg Kolstø, Marianne](#)
- [Stord Hamnestell arbeidsområder og Covid 19 1133 Tenesteproduksjon Hamn Kolstø, Marianne -](#)
- [ROS:Tilgang til sensitive personopplysningar via heimekontor 1134 Daglig informasjonssikkerhet Stord kommune Østrem, Gisle -](#)
- [Opning av servicebygg og brygger 1135 Tenesteproduksjon Hamn Kolstø, Marianne -](#)
- [Fritidsmesse 18.08.20 1137 Personalforvaltning Fagavdeling NMK Dyrseth, Iren -X](#)
- [Tilgjenge på dei sosiale tenestene i NAV 1138 Tenesteproduksjon NAV Pedersen, Rune -](#)
- [ROS: Arrangement på biblioteket 1139 Tenesteproduksjon Bibliotek Ruhs, Camilla -](#)

Til pkt. 2: Rapportering om stateleg tilsyn i perioden 01.01.20 – 31.12.20

Gjennomførte tilsyn	Avvik og pålegg	Status/frist
<p>Arbeidstilsynet (2020/3834-3):</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Bidra til at kommunen som arbeidsgjevar og byggherre arbeider systematisk for å forhindra at både eigne og andre arbeidstakarar blir utsette for helseskadeleg eksponering for asbestfibrar. Herunder: <ol style="list-style-type: none"> a. korleis kommunen som arbeidsgivar og utleiger sikrar at vanleg drift og vedlikehald i eigne bygg og leidningsnett ikkje medfører eksponering for asbestfibrar. b. korleis kommunen som byggherre planlegg og følgjer opp rive- og rehabiliteringsprosjekt der asbest kan finnast. 	<p>Krav om opplysningar</p> <p>Pålegg - Asbest - informasjon og opplæring (ikkje saneringsarbeid)</p> <p>Pålegg - Asbest - rutine for å kartlegge asbest ved oppdragsforhold</p>	<p>Oppfylt</p> <p>01.04.21.</p> <p>01.04.21</p> <p>(Førebels er det utarbeidd prosedyrar som skal gjennomgåast saman med verneombod, tillitsvalde og tilsette på vedlikehaldsavdelinga.)</p>

<p>Fylkesmannen og brann og redningsetatane (2020/4716-3):</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Brannar i avfallsanlegg - Inspeksjon ved SIM Svartasmåget miljøsentral, herunder: <ol style="list-style-type: none"> a. Styringssystem, kompetanse og risikoanalysar b. Om avfallsfraksjonane, under dette farleg avfall, vert oppbevart forsvarleg og brannsikkert c. Brannsikkerheit i byggverk, produksjon, transportmiddel eller annan innretning d. Plikt til å unngå forureining og løyve frå Fylkesmannen 	<p><u>Avvik:</u> Lagring av EE-avfall er ikkje forsvarleg</p> <p><u>Merknad:</u> Opplæring av tilsette for handtering av branntilløp bør betrast</p> <p>Deteksjon/varsling av brann på kontorbygget manglar</p> <p>Det står ein stender i brannkum</p>	<p>01.03.21</p>
<p>Arbeidstilsynet (2020/4362-2)</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Forskrift om lønns- og arbeidsvilkår i offentlige kontraktar kjem m.a. til bruk for kommunale verksemder som tildeler tenestekontraktar og bygge- og anleggskontraktar som overstig 2,05 million kroner ekskl. mva. 	<p><u>Avvik:</u> Ingen avvik</p>	
<p>Tilsynsutvalet Stord sjukeheim (2019/3210-3)</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Formålet med tilsynet var å <ol style="list-style-type: none"> a. Bli kjent med ledelse og organisering ved Knutsåsen omsorgssenter. b. Få innsyn i hvordan hverdagen er for beboere og personalet. c. Omvisning på huset for å bli kjent i bygget, samt å hilse på beboere og personal vi treffer underveis. 	<p><u>Avvik:</u> Ingen avvik</p>	

<p>Haugaland Kraft Nett AS (2016/784-56)</p> <p>1. Kontroll av anlegg – Hagerupshuset Borggata 1</p>	<p>1 Lokale Det var i for stor utstrekning lagt opp til bruk av bevegelig ledning. Jf. fel § 16 <i>Kommentar: SALONG: Panelovn er tilkoblet med skjeteledning. Utstyr av den typen må få fast montert stikkontakt eller annet egnet tilkoblingsmetode.</i></p> <p>2 Lokale Anlegget var provisorisk og oppfylte ikke forskriftens sikkerhetskrav. Jf. fel § 16 <i>Kommentar: Lysarmatur over benk i Kafekjøkken var ikke permanent tilkoblet manglet jordforbindelse. Lysarmatur må tilkobles forskriftsmessig.</i></p> <p>3 Kjeller Lysarmaturen manglet kuppel/skjerm. Jf. fel § 22 <i>Kommentar: Takbeslag i kjeller manglet kuppel og må utbedres.</i></p> <p>4 Merknad KOMMENTAR: <i>Kommentar: Det er patronsikringer i anlegget. Det anbefales å bytte disse til automatsikringer med innebygget jordfeilvern.</i></p>	
<p>Fylkesmannen (2020/332-17)</p> <p>1. Grunnskuleopplæring for voksne. Målet med tilsynet er å kontrollere om kommunen oppfylder krava i regelverket innanfor dette tema.</p>	<p>Gje rettleiing og vurdere retten til vaksne som ønskjer/søkjer om grunnskuleopplæring</p> <p>Kartlegge behovet for opplæring</p> <p>Gjere vedtak med eit korrekt innhald tilpassa den enkelte vaksne.</p>	<p>Oppfylt</p> <p>Oppfylt</p> <p>Oppfylt</p>
<p>Fylkesmannen (2020/22-3)</p> <p>1. Stord brann og redning gjennomførte branntilsyn den 06.12.2019 på Rommetveit skule, jf. brann- og eksplosjonsvern lova § 13, 2. ledd. Tilsynet omfatta gransking av at:</p> <ol style="list-style-type: none"> at brannobjektet er bygd, utstyrt og vedlikehalde i samsvar med gjeldande lover og forskrifter om førebygging av brann at brannobjektet er tilgjengeleg og tilrettelagt for rednings- og sløkkjeinnsats at internkontrollen i verksemda er føremålstenleg for å nå mål på tryggleiksområdet at spesifiserte aktivitetar vert etterlevd slik som forklart 	<p><u>Avvik</u> Eigar har ikkje gjennomført risikoanalyse Avvik frå: §9 Eigarens systematiske tryggleiksarbeid i Forskrift om brannforebygging Kommentarar: Eigar og brukar må gå saman for å utføra ein risikovurdering på området branntryggleik.</p> <p>Verksemda har manglande eller ufullstendig systematisk gjennomgang av eigen branntryggleiken (HMS) Avvik frå: §12 Brukarens systematiske tryggleiksarbeid i Forskrift om brannforebygging Kommentarar: Eigar og brukar må gjennomføra eigenkontroll i objektet og dokumentera dette.</p> <p><u>Merknad</u> Brannalarmanlegget er av ein eldre type, og bør skiftast ut.</p>	<p>12.04.20</p>

<p>Fylkesmannen (2020/22-2)</p> <p>1. Stord brann og redning gjennomførte branntilsyn den 14.11.2019 i Tjødnalio barnehage, jf. brann- og eksplosjonsvern lova § 13, 2. ledd.</p> <p>Tilsynet omfatta gransking av at:</p> <ol style="list-style-type: none"> a. at brannobjektet er bygd, utstyrt og vedlikehalde i samsvar med gjeldande lover og forskrifter om førebygging av brann b. at brannobjektet er tilgjengeleg og tilrettelagt for rednings- og sløkkjeinnsats c. at internkontrollen i verksemda er føremålstenleg for å nå mål på tryggleiksområdet d. at spesifiserte aktivitetar vert etterlevd slik som forklart 	<p><u>Avvik</u></p> <p>Ikkje alle nyansatte og vikarer har fått tilstrekkeleg informasjon om opptreden i ein brannsituasjon før dei blir sett i arbeid</p> <p>Avvik fra: §12 Brukarens systematiske tryggleiksarbeid i Forskrift om brannforebygging</p> <p>Kommentarer:</p> <p>Det vert gjeve opplæring, men all brannvernopplæring av nytilsette og vikarar skal dokumenterast.</p> <p><u>Merknad</u></p> <p>Både eigar og brukar av bygget har eit digitalt dokumentasjonssystem (IK-bygg) som skal nyttast. Brukarane av dette systemet bør få betre opplæring i dette, slik at det kan nyttast best mogleg.</p>	<p>Oppfylt</p>
--	--	----------------

Med helsing

Iren Dyrseth
Controller

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift



Vedlegg:

- 1 Tilsynsrapport med oppfyllelse av vedtak og varsel om pålegg
- 2 Tilsyn aksjon brann 2020 - SIM Svartasmoget - rapport
- 3 Tilsynsrapport
- 4 Tilsynsutvalget KO1
- 5 KONTROLLRAPPORT
- 6 Oversending av tilsynsrapport til Stord kommune.pdf
- 7 Stord kommune -.pdf
- 8 Tilsynsrapport Rommetveit Skule_60_1
- 9 TilsynsrapportTjdnalioBarnehage_63_1



STORD KOMMUNE
Postboks 304
5402 STORD

Orgnr 939866914

Tilsynsrapport for STORD KOMMUNE org.nr. 939866914

Vi viser til tilsyn hos STORD KOMMUNE org.nr. 939866914

Viser til postalt tilsyn - krav om opplysninger - STORD KOMMUNE av 22.9.2020. Viser vidare til tilbakemelding frå kommunen av 30.11.2020.

I tilsynet fann vi forhold som ikkje er i samsvar med regelverket. Her er ei oversikt over Arbeidstilsynets reaksjonar i saka.

#	Reaksjon	Status	Frist
1	Krav om opplysninger	Oppfylt	
2	Pålegg - Asbest - informasjon og opplæring (ikkje saneringsarbeid)	Varsla	01.04.2021
3	Pålegg - Asbest - rutine for å kartlegge asbest ved oppdragsforhold	Varsla	01.04.2021

Oppsummering av tilsynet

Arbeidstilsynet vil gjennom dette postale tilsynet bidra til at kommunen som arbeidsgivar og byggherre arbeider systematisk for å forhindre at både eigna og andre arbeidstakarar blir utsette for helseskadeleg eksponering for asbestfibrar. I tilsynet undersøkte vi derfor følgjande:

- korleis kommunen som arbeidsgivar og utleiger sikrar at vanleg drift og vedlikehald i eigne bygg og leidningsnett ikkje medfører eksponering for asbestfibrar.
- korleis kommunen som byggherre planlegg og følgjer opp rive- og rehabiliteringsprosjekt der asbest kan finnast.

Frå tilsynet vil vi nevne:



- Dei fleste driftsoperatørane i Stord kommune har erfaring som handverkarar (tømrar, røyrleggjar, elektriskar) og kjennar til problematikken og helsesisiko ved asbest.
- Dersom det vert oppdaga asbest ved arbeid i bygg, vert det teke kontakt med føretak som har godkjenning for handtering av asbesthaldige materialar (Stord kommune har rammeavtale med føretak som har slik godkjenning).
- Stord kommune har oversikt over alle kommunale bygg som er oppført før 1985
- Er ein usikker på om det er asbestmaterialar i eit bygg vert det teke prøver av materialane. Dersom det viser seg at materialane inneheld asbest, tingar ein sanering hos eit føretak som har naudsynt godkjenning frå arbeidstilsynet.
- Ved akutte oppdrag der det vert oppdaga asbesthaldige materialar vert området stengt av. Brukarar, arbeidsgjevar og verneombod vert informert før det vert sett i gang sanering.
- Kommunen har ikkje skriftlege rutiner for å kartlegge asbest ved oppdragsforhold, men har sett i gang arbeid med å få slike rutinar på plass.
- Ved byggeprosjekt, som inneberer riving eller rehabilitering, vert det gjennomfører ei miljøkartlegging før jobben blir utført. Kartlegginga vert utført av innleidd kvalifisert konsulentfirma som kartlegg kva miljøfarlege produkt som finnast i bygninga, til dømes asbest. Kartlegginga resulterer i ein miljøsaneringsrapport. Denne vert lagt ut saman med anbudsdokumenta og levert til utførande entreprenør, som sørgjer for at asbestholdige produkt blir tatt hand om i samsvar med regelverket til arbeidstilsynet. Ut frå dette lager utførande entreprenør ei sikker jobbanalyse før arbeidet tek til, ut frå grad av farlege stoff m.m.

Varsel om pålegg

Dette er eit varsel om at Arbeidstilsynet kjem til å gi STORD KOMMUNE pålegg om å rette opp forhold som ikkje er i samsvar med regelverket. Før vi vedtar pålegg, har de rett til å kommentere saka.

Gi oss skriftleg tilbakemelding innan 15.01.2021 dersom de meiner at skildringa nedanfor ikkje er korrekt, eller dersom de har kommentarar til dei pålegga vi varslar, og dei fristane vi har sett. Etter denne datoen kan vi vedta pålegg.

[Send oss tilbakemeldingen via eDialog](#). Oppgi referansenummer 2020/5602.

Asbest - informasjon og opplæring (ikkje saneringsarbeid)

Arbeidsgivaren skal sørge for at verneombodet og arbeidstakarar som kan bli utsette for støv med asbestfiber, får nødvendig informasjon og opplæring.

Innan 01.04.2021 må de sende oss:

- stadfesting av at vaktmeistrar og anna nøkkelpersonell har fått nødvendig informasjon og opplæring om kvar asbest førekjem, og kvar asbest typisk kan førekomme i den typen bygg og installasjonar som kommunen eig
- stadfesting av at vaktmeistrar og anna nøkkelpersonell har fått nødvendig informasjon og opplæring om kva rutinar som skal følgast dersom det er mistanke om asbest



- stadfesting av at det er gitt informasjon og opplæring til vaktmester og anna nøkkelpersonell om moglege helseeffektar ved innanding av asbesthaldig støv
- stadfesting av at verneombodet har fått nødvendig informasjon og opplæring
- skildring av korleis arbeidsgivar sikrar framtidig informasjon og opplæring og opplæring

Dette står i regelverket:

Arbeidsgivaren skal sørge for at arbeidstakarane blir gjorde kjende med ulykkes- og helsefarar som kan vere knytte til arbeidet, og at arbeidstakarane får nødvendig opplæring, øving og instruksjon.

Arbeidsgivaren skal sørge for at arbeidstakarane og verneombodet får informasjon og opplæring om farlege kjemikaliar som førekjem eller kan førekomme på arbeidsplassen.

Dette har vi funne hos dykk:

Stord kommune har ikkje i tilstrekkelig grad sørga for at vaktmeistrar og anna nøkkelpersonell har fått nødvendig informasjon og opplæring om kvar asbest førekjem og kvar asbest typisk kan førekomme i den typen bygg og installasjonar som kommunen eig

Dette er brot på arbeidsmiljøloven § 3-2 første ledd bokstav a, forskrift om organisering, ledelse og medvirkning §§ 8-1 og 9-1 og forskrift om utførelse av arbeid, bruk av arbeidsutstyr og tilhørende tekniske krav (forskrift om utførelse av arbeid) §§ 3-4 og 3-5.

Asbest - rutine for å kartlegge asbest ved oppdragsforhold

Arbeidsgivaren skal utarbeide ein skriftleg rutine som sikrar at det ved oppdragsforhold som kan medføre inngrep i asbesthaldig materiale, blir gjort nødvendige kartleggingar av moglege asbestførekjestar før arbeidet blir sett i gang. Rutinane skal utarbeidast i samarbeid med verneombodet / ein representant for dei tilsette.

Innan 01.04.2021 må de sende oss:

- ein kopi av den skriftlege rutinen
- informasjon om korleis den skriftlege rutinen er gjord kjend
- informasjon om korleis verneombodet / representanten for dei tilsette har medverka

Dette står i regelverket:

Systematisk helse-, miljø- og sikkerheitsarbeid inneber at arbeidsgivaren skal sette i verk rutinar for å avdekke, rette opp og førebygge brot på krav fastsette i eller i medhald av denne lova. Arbeidstakarane og deira tillitsvalde skal medverke i utarbeidinga av rutinen.

Arbeidsgivaren skal sørge for å kartlegge og dokumentere førekomsten av kjemikaliar, mellom anna støv med asbestfiber, og vurdere all risiko for helsa og sikkerheita til arbeidstakarane i samband med det.



Dette har vi funne hos dykk:

Stord kommune har ikkje ei skriftleg rutine som sikrar at det ved oppdragsforhold som kan medføre inngrep i asbesthaldig materiale, blir gjort nødvendige kartleggingar av moglege asbestførekomstar før arbeidet blir sett i gang.

Dette er brot på arbeidsmiljøloven §§ 3-1 første ledd og andre ledd bokstav e og 2-2 første ledd, forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskriften) §§ 5 andre ledd nr. 7 og 6 og forskrift om utførelse av arbeid, bruk av arbeidsutstyr og tilhørende tekniske krav (forskrift om utførelse av arbeid) § 3-1.

Oppfylte pålegg

Viser til tilbakemelding frå kommunen av 30.11.2020.

Vi stadfestar å ha mottatt dokumentasjon/opplysningar.

På bakgrunn av opplysningane ser Arbeidstilsynet kravet som oppfylt.

Send dokument eller kommentarar via eDialog

Bruk eDialog viss de skal sende oss dokumentasjon digitalt eller for å svare på dette brevet. Hugs å oppgi referansenummer 2020/5602. Les meir om eDialog på www.arbeidstilsynet.no/kontakt-oss/post/.

Gi informasjonen vidare til verneombodet

Verneombodet skal gjerast kjent med vedtak frå Arbeidstilsynet. Vi ber derfor om at du som arbeidsgivar gir ein kopi av dette brevet til verneombodet. Dersom verksemda ikkje har verneombod, gir du kopien til representanten for dei tilsette.

Sjå arbeidsmiljølova §§ 6-2 sjette ledd og 18-6 åttande ledd.

Meir informasjon?

De finn informasjon om gongen i eit tilsyn og reaksjonane vi kan gi, på arbeidstilsynet.no/om-oss/tilsyn/.



Med helsing
Arbeidstilsynet

Jan Petter Sæbø
seksjonsleiar

Sigrid Røyhus
seniorinspektør

Dette brevet er elektronisk signert.



SIM Svartasmåget miljøsentral
Meatjønnsv. 43
5412 Stord

Sakshandsamar::
Gøsta Hagenlund 5764 3121

Inspeksjonsrapport: Inspeksjon ved SIM Svartasmåget miljøsentral

Kontrollnummer: 2020.408.I.FMVL

Kontaktpersonar ved inspeksjonen:

Frå verksemda:
Malvin Andahl, Lars Halleraker, Janne Hillersøy

Frå Fylkesmannen i Vestland:
Gøsta Hagenlund og Hallvard Hageberg
Frå Stord brann og redning:
Ragnhild Vad
Frå Fitjar brann og redning:
Tore Nesbø

Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten gjeld resultatet frå inspeksjon ved SIM Svartasmåget miljøsentral den 8.10.2020. Rapporten er å sjå på som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil innan to veker etter at rapporten er motteken.

Fylkesmannen i Vestland og brann og redningsetatane fann 1 avvik og ga 3 merknader under inspeksjonen.

Avvik:

1. Lagring av EE-avfall er ikkje forsvarleg

Merknad:

1. Opplæring av tilsette for handtering av branntilløp bør betrast
2. Deteksjon/varsling av brann på kontorbygget manglar
3. Det står ein stender i brannkum

Oppfølginga etter inspeksjonen er nærare omtalt på side 3.

Elektronisk dokumentert godkjenning, utan underskrift

Gøsta Hagenlund
sjefingeniør

Toril Mulen
seniorrådgjevar

Kopi til: Stord kommune
Fitjar kommune
Stord brann og redning
Fitjar brann og redning

1. Informasjon om den kontrollerte verksemda

Ansvarleg eining

Namn: SIM Svartasmåget miljøsentral	
Organisasjonsnr.: 973793268	Eigd av: 958284837
Bransjenr. (NACE-kode): 38.210	

Kontrollert eining

Namn: SIM Svartasmåget miljøsentral	Anleggsnr.: 4615.0042.02 (ordinært avfall) 4615.0010.05 (deponi)
Kommune: Fitjar	Fylke: Vestland
Anleggsaktivitet: -	
Løyve gitt: 29.6.09	Sist endra: 30.11.18

2. Bakgrunn for inspeksjonen

Tilsynet er del av ein landsomfattande tilsynsaksjon med brannar i avfallsanlegg. Målet med aksjonen er å redusere brannar og miljøverknadene av brannar i avfallsanlegg ved å kontrollere at verksemdene arbeider forsvarleg med førebyggjande arbeid for å hindre at brann oppstår, og å redusere miljøverknadene om brann oppstår.

Miljødirektoratet og Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB) koordinerer aksjonen. Miljødirektoratet og fylkesmannen fører tilsyn med forureiningslova og tilhøyrande forskrifter, medan brann- og redningsvesenet fører tilsyn med krava i brann- og eksplosjonsvernlova og forskriftene om brannførebygging og handtering av farleg stoff. Internkontrollforskrifta er heimla i begge lovene.

Tilsynet er gjennomført i medhald av forureiningslova § 48, brann- og eksplosjonsvernlova § 13 og forskrift om farleg stoff § 23.

Inspeksjonstema

- Styringssystem, kompetanse og risikoanalysar
- Om avfallsfraksjonane, under dette farleg avfall, vert oppbevart forsvarleg og brannsikkert
- Brannsikkerheit i byggverk, produksjon, transportmiddel eller annan innretning
- Plikt til å unngå forureining og løyve frå Fylkesmannen

Rapporten gjeld avvik og merknader som vart påvist under inspeksjonen. Han gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeidet miljøstatusen eller det brannførebyggjande arbeidet til verksemda.

Avvik frå forureiningsregelverket innan andre tema som vart påvist under synfaringa er også omtalt i rapporten.

Definisjonar

Avvik: Manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

Merknad: Eit tilhøve som tilsynsetatane meiner det er nødvendig å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

Andre tilhøve: Saker som kom fram under inspeksjonen og som det kan vere nyttig for verksemda og sakshandsamarar å kjenne til. Informasjon om verksemda og kommentarar til tema som vart tekne opp under inspeksjonen, men som ikkje vart klassifisert som avvik eller merknader, kan også inngå her.

3. Oppfølging etter inspeksjonen

SIM Svartasmåget miljøsentral pliktar å rette opp avvika som er omtalte i denne rapporten så snart som råd. For at Fylkesmannen og Stord brann og redning skal kunne avslutte saka, ber vi om at de innan **1.mars 2021** sender ei skriftleg utgreiing som viser kva tiltak som er gjennomførde eller planlagde.

Vi ber også om at verksemda innan same dato sender inn ei kort utgreiing av korleis merknader er vurderte, eventuelt korleis dei vil verte følgde opp.

Vi ber om at de stiler svarbrev eller e-post (fmvlpost@fylkesmannen.no) til Fylkesmannen i Vestland v/Gøsta Hagenlund og til Stord brann og redning (post@stord.kommune.no) ved Ragnhild Vad.

4. Vedtak om gebyr

Vi viser til informasjon og varsel om gebyrplikt som vart gitt til verksemda den 25.9.20. Verksemdar skal betale gebyr for kontrollar utførte av Fylkesmannen i samsvar med § 39-3 i forureiningsforskrifta. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Gebyrsatsar for kontroll av verksemdar etter forureiningslova er fastsette i forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8.

På bakgrunn av venta ressursbruk må SIM Svartasmåget miljøsentral betale eit gebyr på kr 13 300,- for inspeksjonen, jf. forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8. Dette svarer til gebyrsats 4 for tilsyn som varar inntil ein dag. Miljødirektoratet vil sende dykk ein faktura for innbetaling til statskassa. Fylkesmannen viser elles til forureiningsforskrifta kapittel 39 om innkrevjing av gebyr til statskassa.

Klagerett

Vedtaket om gebyr kan klagast på til Miljødirektoratet, jf. § 28 i forvaltningslova. Ein eventuell klage bør vere skriftleg grunngjeven og adressert til Miljødirektoratet, men skal sendast via Fylkesmannen i Vestland. Fylkesmannen vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til Miljødirektoratet for endeleg vedtak. Gebyret som er fastsett ovanfor, må likevel betalast inn. Dersom Miljødirektoratet tek klagen til følge, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

5. Innsyn

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Fylkesmannen i Vestland (jf. offentleglova).

6. Avvik

Avvik 1 Lagring av EE-avfall er ikkje forsvarleg

Avvik frå: Avfallsforskrifta § 11-5, § og vedlegg 4, pkt. 1 bokstav d) og g) og § 1-8, løyvet pkt. 1.2

Kommentarar til regelverket:

Alt farleg avfall i verksemda må lagrast forsvarleg. Det inneber mellom anna som minimum at farleg avfall må lagrast skilt frå anna avfall, kvar avfallstype må lagrast for seg under tak og på fast dekke med oppsamling av eventuell avrenning.

Avviket er basert på følgande observasjonar:

Verksemda lagrar større einingar av EE-avfall ute (komfyr, kjøleskap m.m.). Lagringa skjer på asfaltert flate som har avrenning til sluk. Sluket er truleg kopla på overflateavrenninga. Lagringa inneber ein fare for forureining (mellom anna frå korrosjon eller lekkasje av flytande miljøgifter).

7. Merknader

Merknad 1 Opplæring av tilsette for handtering av branntilløp bør betrast

Kommentarar:

Dei tilsette bør ha meir opplæring og brannøvingar, for å kunne handtere betre eit eventuelt branntilløp i startfasen.

Merknad 2 Deteksjon/varsling av brann på kontorbygget manglar

Kommentarar:

Det bør vera ei form for deteksjon/varsling av brann på hovudbygget (kontorbygg).

Merknad 3 Det står ein stender i brannkum

Kommentarar:

Stender i brannkum må fjernast

8. Dokumentunderlag

Lovgrunnlaget for inspeksjonen var:

- Lov om vern mot forurensningar og om avfall (forureiningslova)
- Forskrift om begrensning av forurensning (forureiningsforskrifta)
- Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta)
- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskrifta)
- Brann- og eksplosjonsvernlova
- Forskrift om brannførebygging

- Forskrift om farleg stoff

Framlagd dokumentasjon som vart nytta for å verifisere faktiske tilhøve:

- Brannkart Svartasmoget
- Risikovurdering brann på deponiet m.m.



STORD KOMMUNE
Postboks 304
5402 STORD

Orgnr 939866914

Tilsynsrapport for STORD KOMMUNE org.nr. 939866914

Vi viser til tilsyn hos STORD KOMMUNE org.nr. 939866914

Sted:	Videomøte, 5417 STORD
Når:	05.11.2020
Til stede fra dere:	Magnus Mjør (Rådmann), Marianne Polden Fjeldstad (Innkjøpsjef), Arne Bjelland (Einingsleiar Stord kommunale eigedom SKE), Roy-Sverre Amundsen (Einingsleiar Stord kommunalteknikk SKT), Øystein Leirvik Onarheim (Prosjektleiar bygg og anlegg SKE), Frode Hatlevik (Prosjektleiar bygg og anlegg SKE), Øyvind Dahl (Prosjektleiar bygg og anlegg SKE), Leif Arne Kjærland (Prosjektleiar bygg og anlegg SKE), Rune Hansen (Fagleiar SKE), Arnstein Hetlesæter (Fagleiar SKT), Annlaug Tenold (Personal og organisasjonssjef) og Iren Dyrseth (Controller)
Til stede fra Arbeidstilsynet:	Geir Gjærde (seniorinspektør) og Eirin Frigård (seniorrådgiver)

Oppsummering av tilsynet

I tilsynet fant vi ikke brudd på regelverket vi mener det er nødvendig å følge opp videre.

Hensikten med tilsynet var å kontrollere om offentlige oppdragsgivere bidrar til at arbeidstakere i virksomheter som utfører tjenester og bygge- og anleggsarbeider på vegne av det offentlige, ikke har dårligere lønns- og arbeidsvilkår enn det som følger av gjeldende allmenngjøringsforskrifter eller landsomfattende tariffavtaler.

Arbeidstilsynet sender e-post med invitasjon til å gi tilbakemelding på tilsynet etter de aller fleste forhåndsmeldte tilsyn. Dersom virksomheten deres får tilsendt undersøkelsen, håper vi at de som var til stede under tilsynsbesøket vil ta seg tid til å svare på den. Det vil være nyttig for vårt videre forbedringsarbeid.



Tilsynet ble innledet ved en kort presentasjon av møtedeltakerne og informasjon om gjennomføring av tilsynet.

Forskrift om lønns- og arbeidsvilkår i offentlige kontrakter (heretter forskriften) kommer blant annet til anvendelse for kommunale virksomheter som tildeler tjenstekontrakter og bygge- og anleggskontrakter som overstiger 2,05 millioner kroner ekskl. mva.

Kommunen hadde i forkant av tilsynet sendt inn eksempler på konkurransegrunnlag og kontrakter som er inngått innenfor områdene bygg og helse. Arbeidstilsynet gikk under tilsynet gjennom den innsendte dokumentasjonen.

Arbeidstilsynet finner at konkurransegrunnlaget og de innsendte kontraktene oppfyller kravene satt i forskriften §§ 5 (krav til kontraktsklausul om lønns- og arbeidsvilkår) og 6 (krav til informasjon).

Kommunen har implementert en rutine for oppfølging og kontroll av inngåtte kontrakter som faller inn under forskriften. Arbeidstilsynet finner at kravet satt i forskriften § 7 (kontroll) er oppfylt.

Send dokumenter eller kommentarer via eDialog

Bruk eDialog hvis dere skal sende oss dokumentasjon eller for å svare på dette brevet. Husk å oppgi referansenummer 2020/42316. Les mer om eDialog på www.arbeidstilsynet.no/kontakt-oss/post/.

Gi informasjonen videre til verneombudet

Verneombudet skal gjøres kjent med vedtak fra Arbeidstilsynet ([arbeidsmiljøloven § 18-6 \(8\)](#)). Vi ber derfor om at du som arbeidsgiver gir en kopi av dette brevet til verneombudet. Hvis dere ikke har verneombud, skal du gi kopien til representanten for de ansatte.

Mer informasjon?

Dere finner informasjon om gangen i et tilsyn og reaksjonene vi kan gi, på arbeidstilsynet.no/om-oss/tilsyn/.



Med hilsen
Arbeidstilsynet

Cathrine Prah Reusch
seksjonsleder

Geir Gjærde
seniorinspektør

Dette brevet er elektronisk signert.

RHO utvalget

Tilsynsutvalget for Stord sjukeheim og Knutsaåsen omsorgssenter.

Tilsynsrapport fra Knutsaåsen omsorgssenter.

Tid: Torsdag 1. oktober 2020, kl. 13 – 15.

Deltakere: Marita Vassnes, Susan Hassan Abdallah (til kl. 14.15) og Ingrid Jahn Jordåen.

Tilsynet var varslet på forhånd.

Fra Knutsaåsen omsorgssenter møtte einingsleiar Kristin Steinsland, samt avdelingsleder og assisterende einingsleiar Lidveig Stubhaug.

Formålet med tilsynet var å

- Bli kjent med ledelse og organisering ved Knutsaåsen omsorgssenter.
- Få innsyn i hvordan hverdagen er for beboere og personalet.
- Omvisning på huset for å bli kjent i bygget, samt å hilse på beboere og personal vi treffer underveis.

Knutsaåsen omsorgssenter er en heldøgnsinstitusjon med til sammen 46 plasser, fordelt på 2 avdelinger. Avdeling 1 er en somatisk avdeling som har 26 plasser, delt i 2 grupper av 13 beboere. Avdeling 2 er en avdeling for beboere med demens som har 20 plasser.

Det er 47 årsverk tilknyttet omsorgssenteret. Her er høy fagdekning med sykepleiere og fagarbeidere, noe mer bruk av assistenter i helgene. Bemanning på hverdager i avdeling 1 er 10 ansatte på dagvakt og 6 ansatte på kveldsvakt. På helg er det 8 på dag og 6 på kveld. Avdeling 2 er bemannet med 8 på dagvakt og 6 på kveldsvakt. På helg er det 6 ansatte i arbeid på begge skift. Dette er bemanning pr. dags dato, som ble oppjustert som et smitteverntiltak etter at koronapandemien startet. Under ordinær drift er bemanningen lavere da personalet kan arbeide på tvers mellom gruppene. Natt er organisert med stort sett faste nattevakter, med minimum 1 sykepleier på vakt.

Mange av de ansatte har høye stillingsprosjenter. Utenom sine ansatte tar Knutsaåsen omsorgssenter imot studenter, lærlinger og andre som har behov for en form for læring/trening, for eksempel språktrening i regi av NAV. Omsorgssenteret har sjukeheimslege i arbeid 1 dag i uken.

Det er liten "turnover" blant personalet, noe som tyder på god trivsel. Dette gjenspeiler seg

også i positivt resultat av medarbeiderundersøkelser, der personalet ytrer at de opplever trivsel og at de har en god arbeidsplass, ifølge einingsleiar.

Det er ikke ansatt merkantil ressurs på Knutsaåsen, noe som oppleves som et stort behov. De merkantile oppgavene, f.eks. bestilling av varer og materiell, faller ofte på avdelingsledere eller einingsleiar, som har mange arbeidsoppgaver allerede. Det er heller ikke stilling til å ansette en aktivitør på Knutsaåsen. Det er flere år siden denne stillingen ble fjernet, men det oppleves at behovet for aktivitør absolutt er til stede.

Knutsaåsen omsorgssenter ble bygget som et aldershjem, til en helt annen brukergruppe enn dagens beboere og deres behov.

En utfordring som kjennes på i hverdagen, er at det er knapt med areal her. Det mangler gode dagligstuer, særlig i 2. etg. på avd. 1. Dette resulterer i at beboerne bruker gangen utenfor rommene sine, som oppholdssted. Gangen oppleves som smal og mørk av tilsynsutvalget. Vi blir fortalt at det har kommet kommentarer fra pårørende til beboere, at det ser ut som om beboerne "sitter på utstilling". Dette ser vi på som svært uheldig. Hele Knutsaåsen har blitt oppgradert utvendig med nye vinduer, bordkledning og ventilasjon på hele huset. Innvendig er det et etterslep på vedlikehold, særlig på avdeling 2.

Det er en fin og trivelig sansehage mellom bygningene til omsorgssenteret. Den har blitt noe oppgradert i senere tid, og det er planer for videre oppgradering på dette uteområdet. Den er mye brukt, spesielt på sommerhalvåret.

Omsorgssenteret har en felles forsamlingsstue, kalt Peisestova, hvor det forgår mange kjekke aktiviteter. Her arrangeres for eksempel bingo, konserter i regi av kulturskolen og Stovegubbane for å nevne noen. Frelsesarmeen er på Knutsaåsen 2. hver uke i Peisestova. Stuen har blitt oppgradert med en stor tv-skjerm nylig. Tanken er at en skal kunne overføre kulturinnslag som en kompensasjon for færre fysiske underholdningstilstelninger under den pågående koronapandemien. Omsorgssenteret har inngått et samarbeid med Skogatufto barnehage med besøk annen hver uke. Et samarbeid som blir satt stor pris på!

I kjelleren på Knutsaåsen omsorgssenter er det vaskeri. Drift av vaskeriet er i samarbeid med avdeling for habilitering. Oppgavene til vaskeriet er blant annet stell og vask av klærne til beboere, samt dyner/puter fra Stord sjukeheim.

Det er også egen salong for frisør i kjelleren. Annen hver uke har beboerne tilbud om frisørtime her. Denne tjenesten fungerer som andre frisørsalonger med tanke på bestilling av time og betaling for tjenestene. Beboerne har også tilbud om timeavtale med fotpleier. Av andre aktiviteter kan passasjersykkel til bruk ute og innendørs trimsykkel med skjerm og musikk nevnes.

Det finnes en egen facebookside for omsorgssenteret hvor det blir lagt ut bilder og info om dagligdagse hendelser og øyeblikk. En fin side for å få et innblikk i hverdagen på Knutsaåsen!

I tilsynsutvalgets møte ble vi presentert for trivsel og samarbeidsforum for Knutsåsen omsorgssenter som hadde oppstart høsten 2020. Dette skal være et rådgivende organ. Formålet er å i hovedsak styrke brukermedvirkning og øke kvaliteten på tjenestene.

Trivsel og samarbeidsforumet skal bestå av

- brukerrepresentanter for Knutsåsen omsorgssenter.
- Pårørenderepresentant fra begge avdelingene.
- Representant fra eldrerådet
- Ansattrepresentant
- Ledergruppen
- Andre inviterte ved behov.

Det skal holdes møte 2 ganger i året, og ellers ved ekstraordinære saker.

Da koronapandemien kom til i Norge i mars 2020, ble også Knutsåsen omsorgssenter stengt for besøkende, utenom til kritisk syke beboere, for å hindre smittespredning. Det har ikke vært smittetilfeller på institusjonen så langt. Personalet opplevde da økt uro blant noen av beboerne. Det ble lagt til rette for at besøkende kunne stå på utsiden av Knutsåsen og vinke til beboerne gjennom vindu. Det ble forsøkt kommunikasjon gjennom elektroniske verktøy som nettbrett. Personalet har rapportert om varierte tilbakemeldinger fra beboerne om disse tiltakene. For noen beboere fungerte dette bra, for andre mindre bra.

Et annet tiltak som ble satt verk er endret tidspunkt for middagsservering, til et tidligere tidspunkt på dagen enn vanlig. Dette for å unngå mange kontaktpunkt mellom avdelinger omgrupper, samt at middag blir håndtert av det faste kjøkkenpersonalet. Dette har blitt godt tatt imot av både beboere og personalet, og det er ytre ønske om å fortsette med denne ordningen videre framover. Målet er likevel at middagstidspunktet skal tilbake til opprinnelig dagsplan.

Besøktiden er fortsatt strammet inn til faste tider på formiddag og kveld. Alle som besøker omsorgssenteret blir registrert med navn og til hvilken tid besøket finner sted.

Av ymse som ble snakket om under tilsynsutvalgets besøk, ble sammenlikninger av Stord sjukeheim og Knutsåsen omsorgssenter nevnt flere ganger. Stord sjukeheim har fått mye oppmerksomhet pga nyåpnet bygg, og kan blant noen, av den grunn framstå som "bedre" enn Knutsåsen omsorgssenter. Det er derfor svært viktig at det blir formidlet ut, at disse 2 institusjonene leverer like gode tjenester, av like god kvalitet. Det er også viktig at beboere, deres pårørende og ansatte ved Knutsåsen opplever å bli satset på i framtiden når det kommer til midler for blant annet utbedring av bygg.

Annet som savnes blant de ansatte er nok tid til en-til-en samtaler med beboerne. Det kan bli mye fokus på aktiviteter og gjennomføring av disse. Kanskje for mye for eldre, sjuke mennesker? Organisering av alle aktiviteter krever mye tid av personalet. En aktivitør er et stort savn blant de ansatte, som nevnt tidligere i rapporten, og kunne ha frigjort mer tid til samtaler og en-til-en kontakt.

Det kom i den forbindelse forslag om å se på muligheter til samarbeidsprosjekt med musikk- og kunststudenter ved HVL og ungdomsskolene ved valgfagklassene "innsats for andre".

Vi var på en hyggelig omvisning i bygget med Lidveig Stubhaug. Vi traff ikke så mange ansatte som hadde tid til å prate med oss, men de vi traff fortalte om en kjekk og hektisk arbeidsplass, med høyt trivselsnivå. Vi pratet også med noen få beboere, som syntes til å ha det bra.

Marita Vassnes

Susan Hassan Abdallah

Ingrid Jahn Jordåen

STORD KOMMUNE
Postboks 304

KONTROLLRAPPORT

5402 STORD

02.10.2020

Anleggsadresse Borggata 1 HAGERUPSHUSET BORGGATA 1 5417 STORD	Anleggsnr. 010090001-001	Saks nr. 100351	Pinkode 1719
	Kontrollør Rune Larsen	Dato 29.09.2020	
	Behandlet av Rune Larsen	Kontrolltype VERIFIKASJON	

RÅPPORT OM UTBEDRING AV FEIL/MANGLER

Kontroll av Deres anlegg er utført av Det lokale elektrisitetstilsyn ved Haugaland Kraft Nett AS.
Tilstede ved kontrollen var Kafevert, jf. Forvaltningsloven § 15.

Meldingen om rettingsarbeidet slik det er utført punkt for punkt, samt målt isolasjonsmotstand etter rettingsarbeid hvor dette er relevant, skrives på rapporten og sendes til Det lokale elektrisitetstilsyn.

Kontrollen av Deres anlegg 010090001 - 001 - Borggata - 1 - HAGERUPSHUSET BORGGATA 1 er utført som en stikkprøvekontroll, og det ble funnet følgende feil/mangler:

- Lokale** Det var i for stor utstrekning lagt opp til bruk av bevegelig ledning. Jf. fel § 16
Kommentar: SALONG: Panelovn er tilkoblet med skjøteledning. Utstyr av denne typen må få fast montert stikkontakt eller annet egnet tilkoblingsmetode.
- Lokale** Anlegget var provisorisk og oppfylte ikke forskriftens sikkerhetskrav. Jf. fel § 10
Kommentar: Lysarmatur over benk i Kafekjøkken var ikke permanent tilkoblet og manglet jordforbindelse. Lysarmatur må tilkobles forskriftsmessig.
- Kjeller** Lysarmaturen manglet kuppel/skjerm. Jf. fel § 22
Kommentar: Takbeslag i kjeller manglet kuppel og må utbedres.
- Merknad** KOMMENTAR:
Kommentar: Det er patronsikringer i anlegget. Det anbefales å bytte disse til automatsikringer med innebygget jordfeilvern.

RETTELSE ER UTFØRT AV:	Isol.motst. ved kontroll	Etter utbedring
	Ikke målt M Ω M Ω
Dato	Underskrift montør	Rune Larsen
.....	02.10.2020	Elsikkerhetsingeniør
Dato	Stempel og underskrift av elektroinstallatør	Dette dokumentet er elektronisk godkjent og derfor ikke signert av DLE.
.....	Dato	



Stord kommune
Postboks 304
5402 STORD

Saksbehandlar, innvalstelefon
Astrid Terese Aam, 5764 3185

Oversending av tilsynsrapport til Stord kommune

Fylkesmannen har ført tilsyn med kommunen i perioden 30. oktober 2019 og fram til i dag.

Vi har gjort vedtak med pålegg om retting, jf. kommunelova § 30-4. Vedtaket kjem fram av tilsynsrapporten som er vedlagt.

Tilsynsrapporten er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova. De kan klage på vedtaket.

Meir informasjon om klagefristen og korleis de går fram om de vil klage, finn de i tilsynsrapporten.

Vi gjer merksam på at tilsynsrapporten er eit offentleg dokument. Vi publiserer våre tilsynsrapportar på vår heimeside.

Med helsing

Mats Petter Sydengen
seksjonsleiar

Astrid Terese Aam
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent



Stord kommune
Postboks 304
5402 STORD

Saksbehandlar, innvalstelefon
Berit Rygg, 5764 3109

Stord kommune - førebels tilsynsrapport – varsel om vedtak

Vi har ført tilsyn med tema grunnskuleopplæring for vaksne. I tilsynet har vi funne at de ikkje oppfyller regelverket på dette området. Dette er eit varsel om at vi vil gjere vedtak slik det kjem fram i den vedlagde rapporten.

De har rett til å uttale dykk før vi gjer vedtak, jf. forvaltningslova § 16. De kan uttale dykk om alt i rapporten. Det inneber vår beskriving av fakta, vår forståing av lova, våre vurderingar og våre konklusjonar. Frist for uttale står i rapporten.

Dersom de meiner rapporten inneheld feil, bør de grunngje kvifor.

På bakgrunn av uttalen frå dykk, vil vi vurdere om det er grunnlag for å endre innhaldet i rapporten.

Ta kontakt dersom de har spørsmål.

Med helsing

Mats Petter Sydengen
seksjonsleiar

Berit Rygg
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Stord Kommune
Postboks 304
Postboks 304
5402 Stord

Dykkar ref: Vår ref:
2020/8

Saksbehandlar:
Ragnhild Vad

13.03.2020

Tilsynsrapport

Rømmetveit Skule

Stord brann og redning gjennomførte branntilsyn den 06.12.2019 i ovannemnde objekt. Tilsynet vart gjort etter Lov av 14. juni 2002 nr. 20 (brann- og eksplosjonsvern lova) § 13 andre ledd og Forskrift om brannforebygging av 01.01.2016.

Tryggleiksnivået i objektet er vurdert i høve til krava i Forskrift om brannforebygging og HMS-lovgivinga.

Til stades ved tilsynet:

Brannvern leiar/for verksemda/for brukar:	Britt Kristin Ladehaug, Borghild Gullberg Bakka
Verneombod:	Anette Landa Helland
For brannvesenet:	Ragnhild Vad

Innleiing

Føremålet med tilsynet var å vurdere om eigar/verksemd/brukar ved objektet arbeider systematisk med branntryggleiken. Frå brannvesenet vart det lagt vekt på å gjere ei heilskapleg vurdering av alle forhold som kan påverke at brann bryt ut, og konsekvensar av brann. Eit slikt tilsyn er ikkje ein tilstandsrapport for objektet.

Tilsynet omfattar mellom anna gransking av:

- at brannobjektet er bygd, utstyrt og vedlikehalde i samsvar med gjeldande lover og forskrifter om førebygging av brann
- at brannobjektet er tilgjengeleg og tilrettelagt for rednings- og sløkkjeinnsats
- at internkontrollen i verksemda er føremålstenleg for å nå mål på tryggleiksområdet
- at spesifiserte aktivitetar vert etterlevd slik som forklart

Omfang

Tilsynet vart innleia med gjennomgang av tidlegare tilsynsrapportar, internkontrollrutinar, brannteknisk dokumentasjon og teikningar. Deretter vart det gjort ein stikkprøvekontroll på objektet, og intervju for å verifisere at krav er oppfylt.

Oppfølging etter siste gangs tilsyn

Førre branntilsyn vart halde: 22.09.2017

Stord brann og redning
Postboks 304
5402 Stord

Vabakkjen 2
post@stord.kommune.no
Org.nr 939 866 914

Telefon: 53496846/53496845
brann@stord.kommune.no

Generelt

Objektet er bygd, og nytta som skulebygg i risikoklasse 3.

Definisjonar:

AVVIK:

Brot på krav fastsett i eller i medhald av helse-, miljø- og tryggleiks lovgiving.

MERKNAD:

Forhold som tilsynsmyndigheitene meiner det er riktig og påpeike for å ivareta helse, miljø og tryggleik, og som ikkje vert omfatta av definisjonen for avvik.

KOMMENTARAR:

Utfyllande forklaring av avvik/funn som framstiller dei faktiske forhold ved objektet.

Avvik

Følgjande avvik vart konstatert under tilsynet:

Avvik 1

Eigar har ikkje gjennomført risikoanalyse

Avvik fra:

§9 Eigarens systematiske tryggleiksarbeid i Forskrift om brannforebygging

Kommentarer:

Eigar og brukar må gå saman for å utføra ein risikovurdering på området branntryggleik.

Avvik 2

Verksemda har manglande eller ufullstendig systematisk gjennomgang av eigen branntryggleiken (HMS)

Avvik fra:

§12 Brukarens systematiske tryggleiksarbeid i Forskrift om brannforebygging

Kommentarer:

Eigar og brukar må gjennomføra eigenkontroll i objektet og dokumentera dette.

Merknad

Følgjande forhold vart påpeika under tilsynet:

Anmerkning 1

Brannalarmanlegget er av ein eldre type, og bør skiftast ut.

Andre forhold

Det var eit ønske om at brannvesenet kunne delta som observatørar ved ei brannøving. Rektor tek kontakt når dette er aktuelt.

Oppsummering/avsluttande møte

På oppsummeringsmøtet vart dei registrerte avvika og merknadene gjennomgått.

Det var semje om at eigar/verksemd/brukar finn løysingar for å rette opp avvika og merknadane som er angitt i rapporten.

Tilbakemelding

Med visning til Forskrift om brannforebygging og HMS lovgivinga ber brannvesenet om ei skriftleg tilbakemelding med framdriftsplan som viser korleis og når påpeika avvik vil verte retta. Framdriftsplanen skal sendast til Stord brann og redning innan 12.04.2020.

Med helsing

Ragnhild Vad

Kopi: Stord kommunale eigedom v/Rune Hansen

Tjødnalio barnehage
Sætravikvegen 3
5410 Sagvåg

Dykkar ref: Vår ref:
2020/6

Saksbehandlar:
Ragnhild Vad

10.02.2020

Tilsynsrapport

Tjødnalio Barnehage

Stord brann og redning gjennomførte branntilsyn den 14.11.2019 i ovannemnde objekt. Tilsynet vart gjort etter Lov av 14. juni 2002 nr. 20 (brann- og eksplosjonsvern lova) § 13 andre ledd og Forskrift om brannforebygging av 01.01.2016.

Tryggleiksnivået i objektet er vurdert i høve til krava i Forskrift om brannforebygging og HMS-lovgivinga.

Til stades ved tilsynet:

Brannvern leiar:
For verksemda/brukar: Anita G.Borrevik
For eigar: Ove Nesbø
For brannvesenet: Ragnhild Vad

Innleiing

Føremålet med tilsynet var å vurdere om eigar/verksemd/brukar ved objektet arbeider systematisk med branntryggleiken. Frå brannvesenet vart det lagt vekt på å gjere ei heilskapleg vurdering av alle forhold som kan påverke at brann bryt ut, og konsekvensar av brann. Eit slikt tilsyn er ikkje ein tilstandsrapport for objektet.

Tilsynet omfattar mellom anna gransking av:

- at brannobjektet er bygd, utstyrt og vedlikehalde i samsvar med gjeldande lover og forskrifter om førebygging av brann
- at brannobjektet er tilgjengeleg og tilrettelagt for rednings- og sløkkjeinnsats
- at internkontrollen i verksemda er føremålstenleg for å nå mål på tryggleiksområdet
- at spesifiserte aktivitetar vert etterlevd slik som forklart

Omfang

Tilsynet vart innleia med gjennomgang av tidlegare tilsynsrapportar, internkontrollrutinar, brannteknisk dokumentasjon og teikningar. Deretter vart det gjort ein stikkprøvekontroll på objektet, og intervju for å verifisere at krav er oppfylt.

Oppfølging etter siste gangs tilsyn

Førre branntilsyn vart halde: 19.10.2017

Stord brann og redning
Postboks 304
5402 Stord

Vabakkjen 2
post@stord.kommune.no
Org.nr 939 866 914

Telefon: 53496846/53496845
brann@stord.kommune.no

Generelt

Barnehage på eit plan.

Har brannalarmanlegg.

Definisjonar:**AVVIK:**

Brot på krav fastsett i eller i medhald av helse-, miljø- og tryggleiks lovgiving.

MERKNAD:

Forhold som tilsynsmyndigheitene meiner det er riktig og påpeike for å ivareta helse, miljø og tryggleik, og som ikkje vert omfatta av definisjonen for avvik.

KOMMENTARAR:

Utfyllande forklaring av avvik/funn som framstiller dei faktiske forhold ved objektet.

Avvik

Følgjande avvik vart konstatert under tilsynet:

Avvik 1

Ikkje alle nyansatte og vikarer har fått tilstrekkeleg informasjon om opptreden i ein brannsituasjon før dei blir sett i arbeid

Avvik fra:

§12 Brukarens systematiske tryggleiksarbeid i Forskrift om brannforebygging

Kommentarer:

Det vert gjeve opplæring, men all brannvernopplæring av nyttilsette og vikarar skal dokumenterast.

Merknad

Følgjande forhold vart påpeika under tilsynet:

Anmerkning 1

Både eigar og brukar av bygget har eit digitalt dokumentasjonssystem (IK-bygg) som skal nyttast. Brukarane av dette systemet bør få betre opplæring i dette, slik at det kan nyttast best mogleg.

Andre forhold

Hovudinstrykket etter tilsyn er at verksemda har god orden, og gode rutinar for kontroll og ettersyn av brannsikringsinstallasjonar.

Tilsynsmynde ber om å få ein kopi av brannteknisk prosjektering og brannteikningar av eigar.

Oppsummering/avsluttande møte

På oppsummeringsmøtet vart dei registrerte avvika og merknadene gjennomgått.

Det var semje om at eigar/verksemd/brukar finn løysingar for å rette opp avvika og merknadane som er angitt i rapporten.

Tilbakemelding

Med visning til Forskrift om brannforebygging og HMS lovgivinga ber brannvesenet om ei skriftleg tilbakemelding med framdriftsplan som viser korleis og når påpeika avvik vil verte retta. Framdriftsplanen skal sendast til Stord brann og redning innan 11.03.2020.

Med helsing

Ragnhild Vad

Kopi: Stord kommunale eigedom KF, Postboks 304, 5402 Stord



Stord kommune

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saksnr: 2019/130-19
Saksbehandlar: Hogne Haktorson

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Stord kommune	17/21	19.04.2021

Gjennomgang av møteprotokollar i Stord kommune

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane til orientering.

Samandrag

Gjennomgang av møteprotokollar frå politiske organ vert i all hovudsak sett på kontrollutvalet si saksliste til kvart møte. Møteprotokollane kan og lastast ned frå Stord kommune si heimeside, under «Politikk -> møteinnkallingar og møteprotokollar».

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet har gjort vedtak i sak PS 63/19 av 11.12.19., om at særskilt ansvar for gjennomgang av møteprotokollar skal fordelast slik:

Politisk organ:	Kontrollutvalsmedlem:
Kommunestyret	Fredrik Litleskare
Formannskapet	Rigmor Svanberg
Utval for rehabilitering, helse og omsorg	Stian Djuvsland
Utval for oppvekst og kultur	Astrid-Cecilie F. Aleksandersen
Utval for plan og utvikling	Tore Jubskås

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å handsame sak om gjennomgang av møteprotokollar, jf. kommunelova § 23-2.

Vurderingar og verknader

Protokollane gjev primært informasjon om dei sakene som har vore til politisk handsaming. Kontrollutvalet kan be om nærare informasjon om enkeltsaker og drøfta ulike problemstillingar som ein finn av særleg interesse. Dette er ein av fleire måtar å gjera seg kjent med det politiske arbeidet i kommunen, og kunna fanga opp saker som no eller på eit seinare tidspunkt kan vera eit aktuelt saksfelt for kontrollutvalet.

Kontrollutvalet fatta slik vedtak 04.03.21 i sak PS 09/21:

«Formannskapet sine protokollar i tida 02.12.20. - 24.02.21 vert gjennomgått i neste møte. Kontrollutvalet tar dei øvrige møteprotokollane til orientering.»

Til dette møtet vil det vere aktuelt med gjennomgang av desse møteinnkallingane / protokollane:

Politisk organ:	Møtedatoar i 2020 / 2021
Kommunestyret	25.03
Formannskapet	02.12 11.01 27.01 24.02 16.03 07.04 (14.04)
Utval for rehabilitering, helse og omsorg	10.03 07.04
Utval for oppvekst og kultur	09.03 (06.04 går ut grunna få saker)
Utval for plan og utvikling	11.03 08.04

(Dato/ar i parentes gjeld møter der protokoll ikkje låg føre då saksframlegget vart fullført)

Konklusjon

Dersom det ikkje kjem fram noko særskilt under gjennomgangen, vert det tilrådd å ta møteprotokollane til orientering.



Stord kommune

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saksnr: 2020/89-7
Saksbehandlar: Hogne Haktorson

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Stord kommune	18/21	19.04.2021

Eventuelt

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Samandrag

Det vert lagt opp til å ha eventuelt på saklista for å ivareta det enkelte medlem i utvalet sin moglegheit til sjølv å ta opp saker eller gjera vedtak i saker som ikkje er på saklista.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Vedtak i kontrollutvalget 11.03.2020 i PS 7/20 der utvalet vedtok å ha eventuelt som sak i kvart møte.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i denne saka, jf. kommunelova § 11-3 og § 23-2.

Vurderingar og verknader

Dersom det vert teke opp saker som krev nærare undersøkingar, eller innhenting av fleire opplysningar, før ein kan konkludere med at det er ei sak for kontrollutvalet, bør utvalet be sekretariatet førebu sak om dette til neste møte.

I dette møtet:

Det vil vera naturleg at KPMG AS orienterer om status på forvaltningsrevisjon innan beredskap. Rapport skal opp som sak på neste kontrollutvalsmøte.

Konklusjon

Føremålet er å gje opning for å få nærare undersøkingar av saker som kontrollutvalet ønskjer å få utgreidd til neste møte, eventuelt til eit seinare møte i utvalet. Dessuten eventuelt å få orientering frå rådmannen eller andre i eit seinare møte.

Referatsaker
RS 4/21 Lovlegkontroll - Stord budsjett 2021 - økonomiplan 2021-2024



STORD KOMMUNE

Postboks 304

5402 STORD

Saksbehandlar, innvalstelefon

Jorunn Fosse Fidjestøl, 5764 3156

Lovlegkontroll av vedtak frå Stord kommune om budsjett 2021 og økonomiplan 2021 - 2024

Statsforvaltaren viser til oversending frå Stord kommune datert 18.12.2020, som kom inn til Statsforvaltaren 05.02.2021.

Vedtak

Stord kommune sitt vedtak om budsjett og økonomiplan 2021-2024 av 26.11.2020, sak PS 72/20 er lovleg.

Bakgrunn for saka

Stord kommunestyre gjorde vedtak om budsjett og økonomiplan 2021-2024 den 26.11.2020 i sak PS 72/20. Prosessen fram mot budsjettvedtaket går fram av kommunens saksframstilling:

«I Stord kommune starta budsjettprosessen med at det vart halde budsjettkonferanse i formannskapet 07.09.20. Budsjettkonferansen har m.a. som føremål å sikra openheit og debatt kring budsjettførebuingane. Desse var invitert: Formannskapet, gruppeleiarar i Ap, V, MDG og Raudt, hovudtillitsvald i Fagforbundet, Utdanningsforbundet, NSF, NITO, komitéleiar i utval for rehabilitering, helse og omsorg og administrasjonen. I konferansen fekk deltakarane presentert rammene for kommande budsjettår av rådmannen.

Rådmannen la fram sitt forslag til budsjett til kommunestyret for orientering 22.10.20. Budsjettframlegget vart drøfta og det vart svart på spørsmål i utvida formannskap 02.11.20 (gruppeleiarar i alle parti er representert).

Det følgjer av kommunelova § 14-3, 3. ledd, at formannskapet innstiller til vedtak om årsbudsjett. Rådmannen presenterte si innstilling til budsjett for formannskapet 04.11.20. Formannskapet si innstilling til budsjettvedtak, vart tilrådd med 8 mot 1 røyst. Innstilling vart lagt ut til offentleg ettersyn, saman med SV sine forslag til justeringar av rådmannen sitt budsjettframlegg.»

I kommunestyremøtet 26.11.2020 vart det lagt fram eit alternativt framlegg til budsjett og økonomiplan. Framlegget kom frå ei samarbeidsgruppe av partia Ap, Sp, KrF, MDG, H og Frp.



Kommunestyret fekk så om lag to timar til å gå gjennom framlegget før saka skulle handsamast. Endringane i høve til det opphavlege framlegget går fram av saksprotokollen til kommunestyret. Samanlikna med det opphavlege framlegget, vart det gjort vedtak om 45 endringspunkt, inkludert følgjande endringar i sjølve budsjett-tala:

Endringar samanlikna med det opphavlege framlegget			
Driftsbudsjettet			
2021	2022	2023	2024
-142 950	-2 141 950	-641 950	-641 950
Investeringsbudsjettet			
2021	2022	2023	2024
-5 100 000	-27 500 000	40 000 000	0
Effekt driftsbudsjettet			
2021	2022	2023	2024
-255 000	-1 630 000	370 000	370 000

Vi viser til saksdokumenta for fullstendig oversikt. Samla budsjett vart vedteke med 32 mot 3 røyster, der SV og Raudt stemte mot framlegget.

Representantane Hilde Hauglid og Anna Sofie Valvatne Ekeland (SV), Tore Roth Blokhus (R) og Geir Angelteveit (V) sette fram krav om lovlegkontroll av vedtaket.

Dei ønskjer å undersøkje «om kommunens etablerte sedvane med politisk lansering av endeleg budsjett knappe timer før handsaming er i tråd med intensjonen i kommuneloven om 'alminnelig ettersyn'. Budsjett som har vore til offentleg ettersyn er rådmannen sitt budsjett uten endringar.»

Kommunestyret vurderte kravet om lovlegkontroll 17.12.2020, sak 87/20, jf. kommunelova § 27-1. Kommunen konkluderte med at vedtaket er lovleg, og sende saka vidare til Statsforvaltaren. Ved ein feil vart oversendinga av lovlegkontrollen adressert til Vestland fylkeskommune, og Statsforvaltaren i Vestland mottok saka først 05.02.2021.

Regelverk

Lovlegkontroll med kommunale avgjerder er regulert i kommunelova¹ kap. 27. Etter kommunelova § 27-1 kan tre eller fleire medlemmer av kommunestyret saman bringe kommunale avgjerder inn for departementet til kontroll av om avgjerda er lovleg, og kravet må vere sett fram innan tre veker etter at avgjerda vart teken.

For kommunale avgjerder er statsforvaltarane delegert avgjerdsrett, jf. rundskriv H-25/92 frå det dåverande Kommunal- og regionaldepartementet. Nærare retningslinjer for lovlegkontroll er gitt i rundskriv H-2299 av 21.10.2013.

Kva som kan kontrollerast følgjer av kommunelova § 27-2. Dersom ei kommunal avgjerd vert teken opp til kontroll, skal Statsforvaltaren etter § 27-3 bokstav a til c ta stilling til om:

- innhaldet i avgjerda er lovleg

¹ Lov om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven) LOV-2018-06-22-83, i kraft frå 01.11.2019.



- avgjerda er teken av nokon som har mynde til å ta slik avgjerd
- avgjerda har kome til på rett måte

Kommunen si utøving av forvaltningsskjønn kan ikkje prøvast. Statsforvaltaren skal oppheve vedtaket dersom det er gjort feil som gjer avgjerda ugyldig.

Statsforvaltaren si vurdering

Kravet om lovlegkontroll er sendt inn mindre enn tre veker etter vedtaket er gjort, og er fremja av tre medlemmar av kommunestyret, jf. kommunelova § 27-1.

Vedtak om budsjett og økonomiplan er eit endeleg vedtak som er gjort av kommunestyret, og fyller såleis vilkåra for lovlegkontroll i kommunelova § 27-2 første ledd bokstav a.

Som kommunen også har skrive, så er sjølve innhaldet i avgjerda lovleg, og avgjerda er teken av kommunestyret, som har mynde til å gjere budsjettvedtak.

Spørsmålet vert difor om vedtaket er kome til på rett måte, med andre ord om det er ein sakshandsamingsfeil at det alternative budsjettframlegget som vart lagt fram av samarbeidsgruppa 26.11.20, ikkje vart lagt ut til offentleg ettersyn.

Følgjande går fram av kommunelova § 14-3, fjerde ledd:

«Innstillingen til økonomiplan og årsbudsjett, med alle forslag til vedtak som foreligger, skal offentliggjøres minst 14 dager før kommunestyret eller fylkestinget behandler den. Dette gjelder ikke for innstillinger om endring i vedtatt økonomiplan eller årsbudsjett.»

Statsforvaltaren er samd med kommunen om at kravet til offentleggjering gjeld alle framlegg til vedtak «som foreligger». Kravet til offentleggjering gjeld då dei framlegg til vedtak som ligg føre på tidspunktet for offentleggjering. Vi kan ikkje sjå at det er haldepunkt for at det alternative framlegget var ferdig før offentleggjering av innstillinga.

Spørsmålet vert då om det kan leggjast fram nye framlegg til budsjett og økonomiplan på eit seinare tidspunkt, og om det er krav til offentleggjering av slike nye framlegg.

Det følgjer av reglement for Stord kommunestyre punkt 14 at det kan setjast fram forslag i eit kommunestyremøte. Vidare går det fram at dersom forslaget er omfattande, *«skal møtestyraren syta for at forslaget vert trykt opp og delt ut eller sendt elektronisk for gjennomlesing før røystinga.»*

Slik vi har forstått saka, har alle fått høve til å gå gjennom framlegget. Vi forstår at det er ønskjeleg med lenger tid for å handsame eit innkome budsjettframlegg. Samstundes er det eit visst rom for at representantane i kommunestyret, med grunnlag i framlegget frå rådmannen som er sendt ut i god tid, kan kome med endringsframlegg fram til budsjettframlegget vert vedteke. Dernest følgjer det av kommunelova § 14-3 første ledd at årsbudsjett og økonomiplan skal vedtakast før årsskiftet, og kommunen har såleis plikt til å få dette gjort innan årsskiftet.

Vi kan etter dette ikkje sjå at regelverket er til hinder for at det kan leggjast fram alternative framlegg etter at opphavlege framlegg er lagde ut. Ut frå dei endringane som er gjort, kan vi heller ikkje sjå at endringane samanlikna med opphavleg budsjett er av ein slik storleik at kommunestyret ikkje skal kunne gjere ei slik endring.



Vi kan etter dette ikkje sjå at det er ulovleg å handsame framlegg som er kome inn i eller rett før møtet, og vi har konkludert med at budsjettvedtaket er lovleg.

Statsforvaltaren ber Stord kommune underrette kravstillarane om resultatet av lovlegkontrollen.

Statsforvaltarens vedtak kan ikkje klagast på.

Med helsing

Gunnar O. Hæreid
ass. statsforvaltar

Anne Kristin Kayser Eitungjerde
seksjonsleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent



Stord kommune,
Postboks 304,
5402 STORD

Saksbehandlar, innvalstelefon
Håvard Rød, 5557 2143

Stord kommune – budsjett 2021 og økonomiplan 2021–2024

Stord kommunestyre har i møtet 26.11.2020, sak 75/20, handsama og vedteke budsjett 2021 og økonomiplan for 2021-2024. Vi har motteke saksdokumenta til orientering.

Kommunen er ikkje under statleg kontroll og godkjenning. Budsjett og økonomiplan er difor ikkje kontrollert etter kommunelova § 28-1 (Robek-registrerte kommunar). For alle kommunar kontrollerer Statsforvaltaren at budsjett og økonomiplan er i balanse. Dette brevet er ei tilbake-melding om korleis vi vurderer kommunen sin økonomi og utviklinga slik ho er planlagt i budsjett og økonomiplan.

Som følge av covid-19 får kommunane ulike utfordringar med økonomien. Våre vurderingar er gjorde med grunnlag i kommunen sitt opphavlege budsjett og økonomiplan, og vi vil følge konsekvensane av covid-19 særskilt opp i samband med statlege tiltak som blir sette i verk.

Oppsummering

Kommunen sitt disposisjonsfond er no komen opp på det nivået som det minst bør vere.

Kommunen si lånegjeld ligg på eit høgt nivå. Det er viktig å dempe dei faktiske investeringane og låneopptaka framover for å unngå at kommunen sitt gjeldsnivå blir for høgt i løpet av dei komande åra. Nivået på investeringar og låneopptak bør vere vesentleg lågare enn i budsjettet og økonomiplanen.

Budsjett 2021

I førebels rekneskap for 2020 er det eit netto driftsoverskot med kr 65,0 mill. Det utgjer 4,0 prosent av driftsinntektene i 2020.

Netto driftsoverskot i budsjettet for 2021 er kr 12,5 mill. Det utgjer 0,8 prosent av driftsinntektene.

Kommunen har budsjettert med kr 586,0 mill. i skatt på eige og inntekt for 2021. Ordinær skatt og rammetilskot er budsjettert med til saman kr 1104,3 mill.

Inntektsprognosen for 2021 er no oppdatert med innkomen skatt i 2020. Budsjetterte inntekter er noko høgare enn i den siste inntektsprognosen. Skatt og rammetilskot kan difor vere budsjettert



noko for høgt. Kommunen vil vurdere dei frie inntektene nærare etter første tertial og eventuelt gjennomføre budsjettrevisjon dersom det er behov for det.

Det er budsjettert med kr 48,0 mill. i eigedomsskatt for 2021. Innkomen eigedomsskatt i 2020 var om lag kr 52,1 mill. Reduksjon i eigedomsskatt frå 2020 til 2021 skuldast at botnfrådraget er auka. Skattesatsane er uendra frå 2020 til 2021.

Kommunen fekk i 2020 kr 2,66 mill. i utbetaling frå Havbruksfondet. Det er i dei neste åra i økonomiplanen innarbeidd ei inntekt frå fondet med kr 2,6 mill. årleg.

Kommunestyret har gjort vedtak om å betale lånegjelda med minimumsavdrag, basert på § 14-18 i kommunelova. Det er budsjettert med kr 67,0 mill. i ordinære avdrag (utanom avdrag på formidlingslån). Kommunen legg opp til å auke dei ordinære avdraga i budsjettet i år for å oppfylle minstekravet.

I 2021 er det budsjettert med brutto investeringar for til saman kr 784,3 mill. Den største investeringa er i Nysæter ungdomsskule. I overkant av 60 prosent av dei budsjetterte investeringane i 2021 er gebyrfinansierte investeringar innan vatn og avlaup.

Investeringane i vatn og avlaup er planlagt lånefinansierte fullt ut. Dei andre investeringane er i hovudsak planlagt finansierte med bruk av lån. Dessutan blir dei finansierte med moms-kompensasjon og investeringstilskot m.m.

Det er gjort vedtak om følgjande låneopptak i budsjettet for 2021:

Startlån til vidare utlån,	kr 75,0 mill.
Lån til investering i vatn og avlaup,	kr 488,4 mill.
Andre lån,	kr 108,6 mill.
Lån til Stord hamnestell,	kr 36,6 mill.
Sum	kr 708,6 mill.

Kommunen si brutto langsiktige lånegjeld ved utgangen av 2020 var kr 2 534 mill. (førebeles rekneskap), medrekna startlån til vidare utlån. Dette utgjer 156 prosent av sum driftsinntekter i 2020. Lånegjelda var til same tid om lag kr 134.000,- per innbyggjar.

Dei faktiske investeringane innan vatn og avlaup kan bli vesentleg lågare enn det som er budsjetterte for i år.

Økonomiplan 2021 - 2024

Økonomiplanen skal vise korleis langsiktige utfordringar, mål og strategiar i kommunale planar skal følgjast opp. Saman med årsbudsjettet skal han vise kommunestyret sine prioriteringar og løyvingar og dei mål og premisser som økonomiplanen og årsbudsjettet byggjer på. Kommuneplanens handlingsdel, med same formål, kan inngå i økonomiplanen.

I økonomiplanperioden er det for åra 2022-2024 lagt opp til noko høgare netto driftsoverskot årleg enn i 2021. Det er først for det siste året i planperioden at det er lagt opp til netto driftsoverskot på det tilrådde nivået, det vil seie minst 1,75 prosent av driftsinntektene. Dei faktiske



netto driftsoverskota i 2019 og 2020 vart betre enn dette, jamfør blant anna lågt rentenivå og positiv utvikling i finansmarknaden.

Det er planlagt å redusere skattesatsen for eigedomsskatt på bustader og fritidseigedomar i økonomiplanperioden. Eigedomsskatteinntektene er difor pårekna å bli reduserte gjennom planperioden 2021-2024.

Kommunen sitt disposisjonsfond var kr 87,5 mill. ved utgangen av 2020 (førebels rekneskap). Det utgjer 5,4 prosent av driftsinntektene i 2020. Dette er ein vesentleg auke samanlikna med nivået eit år tidlegare.

Det er budsjettert med store investeringar i økonomiplanperioden, særleg i 2021. Sjølv om det er planlagt ei nedtrapping av investeringane i dei neste åra i planperioden etter 2021, inneber det ein stor pårekna auke i kommunen si brutto lånegjeld. Ein stor del av dei planlagde låneopptaka i planperioden vil vere gebyrfinansierte. Dette utgjer 2/3-delar av planlagde låneopptak. Om lag 15 prosent av låneopptaka i perioden er startlån til vidare utlån.

Dei faktiske investeringane og låneopptaka knytt til vatn og avlaup kan bli vesentleg lågare enn det som er innarbeidd i økonomiplanen.

Finansielle måltal

Etter kommunelova § 14-2 bokstav c skal kommunestyret sjølv vedta finansielle måltal (handlingsreglar) for utvikling av kommunen sin økonomi. Finansielle måltal skal brukast i planlegging og styring, som grunnlag for å ta i vare den økonomiske handleevna over tid.

Kommunen har lagt til grunn følgjande finansielle måltal:

1. Netto driftsresultat på 1,75 prosent av driftsinntektene i løpet av økonomiplanperioden.
2. Eit disposisjonsfond på 2 prosent av driftsinntektene kvart år i perioden. Disposisjonsfondet blir sett i samanheng med akkumulert premieavvik for pensjon.

Det er ikkje lagt til grunn noko måltal knytt til lånegjelda.

Statsforvaltaren sine vurderingar

Vi legg til grunn at kommunen gjennomfører budsjettrevisjon dersom den faktiske utviklinga i dei frie inntektene dei første månadene i år syner at budsjetterte inntekter er for høge.

Det er viktig å ha tilstrekkeleg driftsreserve til blant anna å kunne møte ei svikt i inntektene. Kommunen sitt disposisjonsfond er no komen opp på det nivået som det minst bør vere, det vil seie over 5,0 prosent av driftsinntektene. Etter vår vurdering er det likevel ikkje ei målsetjing at fondet skal vere størst mogleg.

Kommunen si lånegjeld ligg allereie på eit høgt nivå. I økonomiplanen er det lagt opp til store låneopptak. Ein del av dei planlagde låneopptaka vil vere gebyrfinansierte. Det er viktig å dempe dei faktiske investeringane og låneopptaka framover til eit vesentleg lågare nivå enn i økonomiplanen. Kommunen må unngå at gjeldsnivået blir for høgt i løpet av dei komande åra.



Med helsing

Gunnar O. Hæreid
fung. statsforvaltar

Nils Erling Yndesdal
kommunaldirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Fra: Forum for Kontroll og Tilsyn (fkt@fkt.no)

Sendt: 25.02.2021 12:37:03

Til: Forum for Kontroll og Tilsyn

Kopi:

Emne: FKT - Medlemsinformasjon februar 2021

Vedlegg: FKT_prot_210215.pdf;medlemsinfo febr 2021.pdf

Vårens konferanser, du finner informasjon om innhold og påmelding på FKTs nettsider:

[Sekretariatskonferansen 16.-17. mars 2021, Digital/Teams](#)

[Fagkonferansen 1.-2. juni 2021, Ålesund](#)

Det er åpnet for påmelding. FKT planlegger med at den årlige fagkonferansen og årsmøtet arrangeres som en fysisk samling. Alternativet er å lage en digital produksjon som strømmes/sendes direkte til deltakerne. Deltakeravgiften vil da blir betraktelig redusert. Opplysninger om eventuelle endringer legges ut fortløpende.

Veiledere

[Kontrollutvalgets uttalelse til årsregnskapet](#)

Vi takker for alle innspill og for deltakelse og engasjement i høringsmøtet 14. januar. Styret behandlet høringsinnspillene 15. februar.

I høringsrunden fikk flere tilbakemeldinger på at veilederen er for omfattende og faglig krevende. I tillegg mener flere at det er en utfordring med korte frister mellom avleggelse av årsregnskap og årsberetning, og politisk behandling. Disse utfordringene mener vi kan løses ved at kontrollutvalg og sekretariat selv tilpasser malen til egen praksis ved å ta veilederen gradvis i bruk. Det første året vil være det mest krevende. Flere tema og flere år kan derfor innarbeides gradvis, og sekretariatene kan utvide bruken gradvis til flere kommuner.

Veilederen er et tema både på sekretariatskonferansen og fagkonferansen. FKT vil også vurdere å tilby kurs til høsten.

Veiledere under arbeid

	<p><u>Registrering og dokumentasjon av regnskapsopplysninger (bokføring)</u></p> <p>I den ordinære regnskapsrevisjon inngår også revisjon av kommunens registrering og dokumentasjon av regnskapsopplysninger. Formålet er å gi betryggende sikkerhet for at kommunen har oppfylt bokføringsregelverket sine krav om å etablere et grunnlag for å utarbeide årsregnskapet og kontrollere dette. Revisor må ta stilling til kommunens bokføringssystemer og -praksis mtp. vesentlig feilinformasjon i årsregnskapet. Bokføringen vil derfor bli underlagt undersøkelser og vurderinger av revisor som integrert del av revisjon av årsregnskapet</p> <p>Videre attesterer revisor på de terminvise (6 stk.) skattemeldingene for merverdikompensasjon til skatteetaten, og gjør kontroller på rutiner/systemer samt stikkprøvekontroller i samband med denne attestasjonsoppgaven.</p> <p>Revisor attesterer også årlig på kontrolloppstilling over samlede bokførte og innberettede beløp knyttet til lønnsopplysninger mv til skatteetaten, og gjør kontroller på rutiner/systemer samt stikkprøvekontroller i forbindelse med denne attestasjonsoppgaven.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Bokføring <ul style="list-style-type: none"> ○ Er det fra revisor rapportert/kommunisert vesentlige svakheter når det gjelder registrering og dokumentasjon av kommunens regnskapsopplysninger, som bør komme kommunestyret til kunnskap. • Behandling av merverdiavgift og mva. – kompensasjon <ul style="list-style-type: none"> ○ Har revisor utført utvidede kontroller på området, og hvilke funn er gjort? ○ Hvor store feil har revisor avdekket ifb. attestasjonene og hvor store beløp utgjør tapt kompensasjon pga. feil behandling i kommunen. ○ Hvordan vurderer revisor risiko og intern kontroll når det gjelder behandling av mva.-kompensasjon ○ Er det i noen av kildene rapportert/kommunisert om vesentlige svakheter som kommunestyret bør bli kjent med • Lønn <ul style="list-style-type: none"> ○ Har revisor utført utvidede kontroller på området, og hvilke funn er gjort? ○ Hvordan vurderer revisor risiko og internkontroll når det gjelder behandling av lønn? ○ Er det i noen av kildene rapportert/kommunisert om vesentlige svakheter som kommunestyret bør bli kjent med? 	<p>Revisjonsberetningen, nummererte brev, revisjonsbrev, årsoppgjørsnotat fra revisor</p> <p>Attestasjoner, skattemelding for MVA- kompensasjoner</p> <p>Attestasjon av skjema (kontrolloppstilling) om samlede bokførte og innberettede beløp knyttet til lønnsopplysninger</p>

	<p><u>Misligheter</u></p> <p>Kommuneloven § 24-5 slår fast at revisor skal bidra til å forebygge og avdekke misligheter og feil. Hoveddelen av dette arbeidet i regnskapsrevisjon består i å vurdere internkontrollen på enkelte områder for å analysere og avdekke områder hvor det kan være risiko for misligheter, i tillegg til å gi innspill om forebyggende tiltak i internkontrollen. Videre skal revisor melde skriftlig til kontrollutvalget om enhver mislighet.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Antall saker/meldinger varslet til kontrollutvalget fra revisor • Er sakene fulgt opp og håndtert tilfredsstillende? • Type saker/gjentakende saker/områder/virksomheter som kan indikere svak intern kontroll? • Er det i noen av kildene rapportert/kommunisert om vesentlige svakheter som kommunestyret bør bli kjent med? 	<p>Meldinger fra revisor til kontrollutvalget om misligheter</p> <p>Revisjonsberetning</p> <p>Nummerert brev fra revisor</p>
Økonomi- forvaltning	<p><u>Forenklet etterlevelseskontroller av økonomiforvaltningen – RSK 301</u></p> <p>Forenklet etterlevelseskontroll er kontroller i forlengelsen av regnskapsrevisjonen av årsregnskapet. Kontrollen skal rette seg mot de deler av økonomiforvaltningen som går utover det å uttale seg om årsregnskapet.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Hvilke(t) område(r) er kontrollert? • Hva er essensen i revisor sine uttalelser på de aktuelle områdene som er kontrollert? • Er det rapportert/kommunisert vesentlige svakheter i den økonomiske internkontrollen, som bør komme kommunestyret til kunnskap? 	<p>Revisoruttalelser vedr etterlevelseskontroller med økonomiforvaltningen jfr. RSK 301 Forutsetter at rapport(er) er avlagt i senest samtidig med revisjonsberetningen.</p>
	<p><u>Forvaltningsrevisjoner hvor fokus har vært økonomiforvaltning / etterlevelseskontroller</u></p> <p>Kontrollutvalget kan utover revisor sin forenklede etterlevelseskontroll, ha gjennomført forvaltningsrevisjoner og andre undersøkelser som knytter seg helt eller delvis til økonomiforvaltningen.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Er det rapportert/kommunisert vesentlige svakheter i den økonomiske internkontrollen som bør komme kommunestyret til kunnskap? 	<p>Rapporter fra forvaltnings-revisjoner/ undersøkelser.</p>
	<p><u>Rettsaker / tvister kommunen er eller har vært involvert i</u></p> <p>Omfanget av rettsaker og tvister samt hvordan kommunen håndterer disse, kan gi indikasjoner på om kommune har forbedringspotensial i sin interne kontroll i håndtering av ulike prosesser.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Hvor mange tvister og hva skyldes de? 	<p>Tilbakemelding på revisor sitt advokatbrev</p> <p>Juridisk avdeling (dialog eller brev)</p>

	<ul style="list-style-type: none"> • Er det noen saker som er gjentakende og som kan skyldes svak internkontroll? • I hvilken grad er rettssaker/tvister fulgt opp på en tilfredsstillende måte fra kommunen sin side? 	
	<p><u>Anskaffelser</u></p> <p>Kommunesektoren gjennomfører årlig betydelige anskaffelser. Disse skal gjennomføres i tråd med anskaffelsesregelverket. Tilbydere kan klage kommunen inn til KOFA for avgjørelse dersom de mener anskaffelsen er gjennomført i strid med anskaffelsesregelverket.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Hvor mange saker, og hvilke typer saker er innklaget til KOFA? • I hvilken favør har avgjørelsene i KOFA falt? • Kan KOFA-avgjørelsene indikere at det er en sammenheng mellom KOFA-saken og svakheter i internkontrollen vedrørende innkjøp i kommunen? 	KOFA-avgjørelser
	<p><u>Statlige tilsyn med relevans for økonomiområdet:</u></p> <p>Statlige tilsynsaktører foretar tilsyn med kommunen sin etterlevelse av lover/forskrifter innen sine tilsynsområder. Konsekvensene av brudd er normalt pålegg om oppretting/forbedring, men kan også være mulige bøter/fagmulker med økonomisk effekt.</p> <p>Det er derfor naturlig som del av egenkontrollen at kontrollutvalget bygger på det arbeidet som andre tilsynsaktører utfører</p> <ul style="list-style-type: none"> • Er det rapportert/kommunisert vesentlige svakheter i den økonomiske internkontrollen som bør komme kommunestyret til kunnskap? 	<p>Statlige tilsyn, f.eks.:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Skatteetaten (bok- ettersynsrapport, MVA/Lønn/skatt) • Datatilsynet (GDPR) • Helsetilsynet / Statsforvalteren • Arkivverket • Arbeidstilsynet
Opp- summering	Kort oppsummering av den økonomiske internkontrollen og økonomiforvaltningen om hvilke forhold som løftes opp til kommunestyret	

Tabell 3

7. Vurdering av den kommunale økonomiske bærekraften (KØB)

Tabell 4 viser en oppstilling av måltall som kontrollutvalget kan vurdere for å kunne si noe om den økonomiske bærekraften. Vurderingen bør det minste bygge på årsregnskapet og kommunens finansielle måltall.

Tema	Vurdering	Innhenting av informasjon (ikke uttømmende)
Økonomisk handleevne	<p>Netto driftsresultat (korrigert) i % av brutto driftsinntekter sml. mot</p> <ul style="list-style-type: none"> • utvikling av egne tall over tid (5-10 år) • egne måltall • nasjonale måltall • sammenlignbare kommuner <p>Kort vurdering av tallene. Hva forteller utviklingen?</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Årsregnskap • Egne måltall • Teknisk beregningsutvalg (TBU) • Kommuneproposisjonen • Årsregnskap for sammenlignbare kommuner, KOSTRA
	<p>Gjeldsgrad (langsiktig rentebærende gjeld) i % av brutto driftsinntekter sml. mot</p> <ul style="list-style-type: none"> • utvikling av egne tall over tid (5-10 år) • egne måltall • nasjonale måltall • sammenlignbare kommuner <p>Kort vurdering av tallene. Hva forteller utviklingen?</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Årsregnskap • Egne mål • TBU • Kommuneproposisjonen • Årsregnskap for sammenlignbare kommuner
	<p>Gjeldsbelastningen på driften - netto rente- og avdragsutgifter i % av brutto driftsinntekter sml. mot</p> <ul style="list-style-type: none"> • utvikling av egne tall over tid (5-10 år) • egne måltall • nasjonale måltall • sammenlignbare kommuner <p>Kort vurdering av tallene. Hva forteller utviklingen?</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Årsregnskap • Egne mål • TBU • Veileder i økonomistyring, Fylkeskommunen i Nordland
	<p>Disposisjonsfond i % av brutto driftsinntekter sml. mot</p> <ul style="list-style-type: none"> • utvikling over tid (5-10 år) • egne måltall • nasjonale måltall • sammenlignbare kommuner <p>Kort vurdering av tallene. Kva forteller utviklingen.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Årsregnskap • Egne mål • TBU • Kommuneproposisjonen • Årsregnskap for sammenlignbare kommuner

<p>Realistiske planer</p>	<p>Vedlikeholdsetterslep innen ulike kategorier. I hvilken grad er denne type etterslep hensyntatt i budsjetter/planer?</p> <p>I hvilken grad er vedlikeholdsplaner generelt innarbeidet og hensyntatt ift. størrelse for normale måltall?</p> <p>Brudd på lovkrav (om større investeringer f.eks. tunnelsikkerhetsforskrifter – i M&R innebærer dette behov for investeringer på ca. 1,5 milliard)</p> <p>Hva forteller utviklingen og i hvilken grad er forholdene hensyntatt i drift og plane?</p>	<p>Vedlikeholdsetterslep:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Tilstandsrapportene «State of the nation» fra RIF • Kommunale og fylkeskommunale bygg • Kommunale og fylkeskommunale veier • VA-anlegg og VA-nett: • Bedrevann.no <p>Kommunedirektør/økonomisjef/eiendomssjef/veisjef/VA-sjef</p> <ul style="list-style-type: none"> • tilstandsrapporter for egen kommune • forespørsel/dialog <p>Kommunedirektør/økonomisjef/eiendomssjef/veisjef/VA-sjef/budsjett- og økonomiplandokumenter</p> <ul style="list-style-type: none"> • forespørsel og dialog • gjennomgang av dokument
<p>Forvaltning av finansielle midler og gjeld uten vesentlig finansiell risiko</p>	<p>Er finans- og gjeldsforvaltningen innenfor regelverket?</p> <ul style="list-style-type: none"> • plassering av midler • andel fastrentelån • andel sertifikatlån <p>Hva er størrelsen på sertifikatlån, og hvilken risiko utgjør størrelsen på lånene?</p>	<p>Kommunens finansreglement Finansrapport</p> <p>Bør også i den sammenheng ta i betraktning vurderingen i neste punkt vedr betalingsforpliktelse.</p>
<p>Betalingsforpliktelser skal kunne innfris ved forfall</p>	<p>Hvordan er utviklingen i likviditetsgrad 1 og likviditetsgrad 2 over de siste 5-10 årene sml. med omforente nøkkeltall?</p> <p>(NB – husk å reklassifisere sertifikatlån til kortsiktig gjeld i analysen)</p> <p>(Evt. kort vurdering og konklusjon)</p>	<p>Årsregnskap (balansen)</p> <p>Likviditetsgrad 1= omløpsmidler / kortsiktig gjeld inkl. sertifikatlån (bør være > 2)</p> <p>Likviditetsgrad 2= mest likvide betalingsmidler / kortsiktig gjeld inkl. sertifikatlån, (bør være > 1)</p> <p>Mest likvide betalingsmidler = bankinnskudd + kortsiktige aksjer, obligasjoner verdipapir (klassifisert under omløpsmidler)</p>

Tabell 4

8. Vurdering av ikke-økonomiske krav i årsberetningen

Tabell 5 viser en oppstilling av ikke-økonomiske krav til årsberetningen som kontrollutvalget kan vurdere, jfr. kommuneloven § 14-7 c-f.

Vurderingen bør i all hovedsak bygge på kommunens årsberetning.

Tema	Vurdering	Innhenting av informasjon (ikke uttømmende)
Virksomhetens måloppnåelse og andre ikke-økonomiske forhold som er av vesentlig betydning for kommunen eller fylkeskommunen eller innbyggerne	Vurdering av innholdet i årsberetningen opp mot kravet	Årsberetningen
Tiltak som er iverksatt og tiltak som planlegges iverksatt for å sikre en høy etisk standard	Vurdering av innholdet i årsberetningen opp mot kravet	Årsberetningen
Den faktiske tilstanden når det gjelder kjønnslikestilling	Vurdering av innholdet i årsberetningen opp mot kravet	Årsberetningen
Hva kommunen eller fylkeskommunen gjør for å oppfylle arbeidsgivers aktivitetsplikt etter likestillings- og diskrimineringsloven § 26.	Vurdering av innholdet i årsberetningen opp mot kravet	Årsberetningen

Tabell 5

9. Vurdering av revisjonen sitt arbeid

Påse-ansvaret er en viktig del av kontrollutvalgets arbeid. I dette punktet bør kontrollutvalget vise hvordan påse-ansvaret er fulgt opp i tråd med FKT sin veileder. Her er det naturlig å vise til sakene i kontrollutvalget som omhandler påse-ansvaret, og som dokumenterer at revisjonen er utført på en forsvarlig måte.

Forhold som kan kommenteres:

- Uavhengighet
 - egenerklæring
 - andre attestasjonsoppgaver utført av revisor
- Åpenhetsrapport
- Annet
- Honorarstørrelse – gjerne sammenlignet mot noen sammenlignbare kommuner
 - Fordelt på RR / FR / Annet

VEDLEGG 1

Mal for kontrollutvalet sin uttale til årsrekneskap og årsmelding 20xx

Til xxxx kommune v/kommunestyret

UTTALE TIL ÅRSREKNESKAP OG ÅRSMELDING FOR 20xx

Kontrollutvalet har xx.xx.xxxx behandla årsrekneskapen og årsmeldinga for 20XX for XXX kommune som er avgitt av kommunedirektør den xx.xx.xx, samt tilhøyrande revisjonsmelding datert xx.xx.xx

Kommunen har i 20xx eit netto driftsresultat på kr xxx.xxx. Revisor har, i revisjonsmeldinga, ikkje gitt merknadar til årsrekneskapen / årsmeldinga. Med grunnlag i kontrollutvalet sine kontrollaktivitetar retta mot økonomiforvaltninga, ei samla vurdering tilrår derfor kontrollutvalet at årsrekneskap og årsmelding for 20xx blir godkjent slik det ligg føre.

Kontrollutvalet vil likevel gjere kommunestyret merksam på følgjande forhold:

- Den økonomiske internkontrollen på overordna nivå for kommunen er vurdert som tilfredsstillande. Dog er det konstatert to forbetningsforhold i internkontrollen som kontrollutvalet vil trekke fram (oppsummert i punkt 6 i vedlegg 2)). Det er:
 - Svakheiter i intern kontroll når det gjeld MVA behandling
 - Svakheiter i intern kontroll knytt til etterleving av anskaffingsregelverket
- Dei grunnleggjande krava til økonomiforvaltninga skal bidra til den økonomiske handleevna blir ivaretatt over tid, at planane er realistiske, at finans- og gjeldsforvaltninga ikkje inneber vesentleg risiko og at betalingsforpliktingane kan innfriast ved forfall. Kontrollutvalet vil trekke fram (oppsummert i pkt. 7 – tabell 7-10).
 - Det er:
 - Vedlikehaldsetterslepet knytt til veg og bygningsmasse utgjer samla x,x milliard. Kommune har ikkje planar eller økonomisk handlingsrom til å redusere vedlikehaldsetterslepet
 - Kommune har ikkje realistiske planar
 - Kommunen har ikkje realistiske planar for å etterleve krava i tunellsikkerheitsforskrifta innan fristen x.x.xx. Berekna oppgraderingsbehov utgjer x,x milliard.
 - Med grunnlag i momenta over vil kontrollutvalet peike på at dagens drifts- og investeringsnivå er for høgt for å ivareta den økonomiske handleevna over tid.
 - Sertifikatlåna utgjer kr xx mil og utgjer xx% av renteberande gjeld. Dette er innanfor finansreglementet, men kontrollutvalet vil likevel peike på at det føreligg refinansieringsrisiko knytt til sertifikatlån som kommunestyret bør vere merksam på.

- Krav til ikkje-økonomiske forhold i årsmeldinga (ref. pkt. 8)
 - Dei ikkje-økonomiske krava i koml § 14-7 c- f er omtalt i årsmeldinga stort sett på ein tilfredsstillande måte, men det viser at kommunen kan ha ei utfordring når det gjeld kjønnslikestilling

Ut over det som er nemnd i uttalen, og det som går fram av saksframlegget til kontrollutvalet i rekneskapssaka, samt revisjonsmeldinga av xx.xx.xxxx og revisjonsrapport nr. xx, datert xx.xx.xxxx, har kontrollutvalet ikkje merknader til xxxx kommune sin årsrekneskap for 20xx.

VEDLEGG 2

Dokumentasjon til saksframlegg eller vedlegg til uttalen

1. Innleiing

Kontrollutvalet har i møte xx.xx.xxxx, behandla utvalet sin uttale til xxxx kommune sin årsrekneskap for 20xx.

Representantar for administrasjonen og ansvarleg revisor var til stades i møtet og presenterte årsrekneskapen og svarde på spørsmål.

2. Ansvar for økonomiforvaltninga

Det er kommunestyret sitt ansvar å forvalte kommunen sin økonomi, derunder vedta årsregnskap og årsmelding, jfr. kommunelova § 14-2. Det er vidare kommunestyret sitt ansvar å påsjå at økonomiforvaltninga skjer i tråd med lov, forskrift og egne føresegner. Kommunestyret sitt ansvar for forvaltninga av den økonomiske internkontrollen og økonomiforvaltninga er forsterka gjennom ny kommunelov, jfr. mellom anna kommunelova §§ 14-1 og 25-1 og 2.

Med grunnlag i finansielle måltal, skal årsmeldinga gje ei vurdering av om den økonomiske utviklinga og stillinga slik den går fram av årsrekneskapen, er forsvarleg og tek vare på handleevna over tid, jfr. kommunelova § 14-7 a-b. Det er ikkje lenger tilstrekkeleg at årsmeldinga berre gjer greie for sentrale resultat frå årsrekneskapen.

3. Formål med kontrollutvalet sin uttale

Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT) definerer formålet med uttalen til å vere at kommunestyret skal få oppsummerande og samla informasjon om at det gjennom året er gjennomført uavhengig kontroll med at krava til årsrekneskap og årsmelding, er ivaretatt i tråd med lov, forskrift og egne føresegner. jfr. kommunelova §§ 14-1,14-2 og 14-7.

4. Grunnlag for uttalen

Grunnlaget for uttalen er dokument og behandlingar som ligg til grunn for utarbeiding av denne saka, slik som:

- Avlagt årsregnskap frå kommunedirektør, datert xx.xx.xxxx
- Kommunedirektøren si årsmelding, datert xx.xx.xxxx
- Revisjonsmelding, datert xx.xx.xxxx
- Eventuelle nummererte brev frå revisor
- Revisjonsrapport av xx.xx.xxxx
- Rapport etter etterlevingskontroll datert xx.xx.xxxx

- Revisor sine orienteringar til kontrollutvalet om revisjonsplanar, oppsummering etter interimrevisjon og oppsummering etter årsoppgjersrevisjon
- Analyser og vurderingar av den økonomiske stillinga til kommunen
- Gjennomført påsjå-ansvar overfor revisor

I tillegg har ansvarleg revisor og kommunedirektør supplert kontrollutvalet med munnleg informasjon om aktuelle problemstillingar.

5. Vurdering av årsrekneskapen og årsmelding

5.1 Revisjonsmeldinga

- Revisor har lagt fram ei rein revisjonsmelding.
- Revisor har lagt fram ei revisjonsmelding med følgjande atterhald. Revisor forklarar dette med.....
- Revisor har lagt fram ei revisjonsmelding med negativ konklusjon. Revisor forklarar dette med....
- Revisor har lagt fram revisjonsmelding utan tilstrekkeleg grunnlag for ein konklusjon. Revisor forklarar dette med...
- Dersom revisor meiner at årsrekneskapen eller årsmeldinga ikkje bør vedtakast slik dei ligg føre, skal dette opplysast særskilt. Revisor forklarar dette med....

Alternativt kan oppsettet visast i tabell:

Revisor har lagt fram ei rein revisjonsmelding.

Eventuelt:

Revisor har lagt fram ei revisjonsmelding med følgjande presiseringar:

Presisering	Kommentar/forklaring

Tabell 1

Eventuelt:

Revisor har lagt fram ei revisjonsmelding med følgjande atterhald:

Atterhald	Kommentar/forklaring

Tabell 2

Eventuelt:

Revisor har ikkje lagt fram revisjonsmelding. Revisor sin forklaring er at...

5.2 Årsrekneskapen

Tema	Status og vurdering	Grunnlag
Netto driftsresultat	<p>Netto driftsresultat er på kr. Xxxx. Rekneskapen for dei føregåande åra har vore:</p> <p>2019 kr.xxxxxxxxxxxxxx 2018 kr.xxxxxxxxxxxxxx 2017 kr.xxxxxxxxxxxxxx</p> <p>Evt. kommentar om utviklinga</p>	Revisjonsmeldinga og rapport etter etterlevingskontroll

Tabell 3

Andre tema som kan vurderast:

Tema	Status og vurdering	Grunnlag
Usikre postar som ikkje er rekneskapsført		<p>Noter i rekneskapen – ofte nemnt som «ikkje rekneskapsførte forpliktingar» og «usikre forpliktingar»</p> <p>Informasjon frå kommuneadvokaten om tvistar/rettssaker</p> <p>Spørje revisor ved orienteringar om behandling av usikre postar</p>
Spesielle resultatposter i året som krev omtale og som har påverka rekneskapen dette året		<p>Noter i rekneskapen</p> <p>Årsmeldinga</p> <p>Førespurnad til kommunedirektør/økonomisjef</p> <p>Førespurnad til revisor</p>
Spesielle poster som revisjonen har hatt vanskar med å revidere		Førespurnad til revisor
Storleiken på korrigerede feil		Førespurnad til revisor
Storleiken på ikkje-korrigerede feil		Førespurnad til revisor

Tabell 4

6. Vurdering av økonomiforvaltninga og internkontrollen

Her vil kontrollutvalet vurdere kommunedirektøren si økonomiforvaltning og internkontroll, herunder etterleving av lover og føresegner. Vurderinga byggjer på rapportar frå rekneskapsrevisor, forvaltningsrevisor, statlege tilsyn og informasjon frå kommunen/fylkeskommunen.

Tema	Status og vurdering	Grunnlag
Internkontroll	Det er ikkje avdekka vesentlege svakheiter med den økonomiske intern kontrollen verken i revisor sine rapporteringar gjennom året eller i deira orienteringar til kontrollutvalet.	Revisjonsmeldinga, nummererte brev frå revisor, revisjonsbrev, årsoppgjersnotat frå revisor, presentasjonar frå revisor i kontrollutvalet
Løyvingskontroll (Budsjetttavvik)	Det er rapportert frå revisor om at budsjettavvik og avvik frå budsjettpremissane, er tilfredsstillande forklart i årsmeldinga. Dette er også bekrefta i eigen uttale frå revisor.	Revisjonsmeldinga, nummerert brev frå revisor, revisjonsbrev, årsoppgjersnotat, revisor sin uttale om vesentlege budsjettavvik (RSK302)
Bokføring	Revisor har bekrefta at bokføringa er i tråd med bokføringsregelverket. Ingen avvik er avdekka eller rapportert Revisor har attestert alle kompensasjonsoppgåvene vedk MVA. Revisor har likevel rapportert om at det er avdekka feil i avgiftsbehandlinga på om lag xx mill i 20xx. (tapt MVA). I tillegg har revisor i samband med attestasjon av mva-oppgåvene avdekka feil på samla xx mill som er korrigert før innsending av kompensasjonsoppgåvene Når det gjeld skatte- og avgiftsbehandling av lønsopplysningar, er det ikkje avdekka vesentlege feil. Revisor har ikkje rapportert om vesentlege feil knytt til dette.	Revisjonsmeldinga, nummererte brev frå revisor, revisjonsbrev, årsoppgjersnotat frå revisor Attestasjonar, skattemelding for MVA-kompensasjonar Attestasjonar av skjema om samla bokførde beløp knyt til lønsopplysningar
Misleghald	misleghaldsaker i 20xx. Disse er behandla i kontrollutvalet xx.xx.xx. Beløpa i sakene er ikkje vesentlege. Sakene er knytt til misbruk av Administrasjonen si handtering og oppfølging er vurdert som tilfredsstillande. Sakene er politimeldt, og arbeidsforholda avslutta.	Melding frå revisor til kontrollutvalet om misleghald Revisjonsmelding Nummererte brev frå revisor

<p>Etterlevingskontroll</p>	<p>Det er gjennomført etterlevingskontroll retta mot:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Etterleving av anskaffingsreglementet 2. Etterleving av GDPR 3. Etterleving av reglement for finans- og gjeldsforvaltninga <p>Det er ikkje avdekka vesentlege avvik, men unntak av i etterlevingskontrollen anskaffingsreglementet. Der blei det avdekka 30% avvik frå anskaffingsreglementet. Avvika gjaldt ulovlege direkteanskaffingar samt manglande bruk av rammeavtaler.</p> <p>Kontrollutvalet har under oppfølging at administrasjonen gjer naudsynte korrigeringar i sine prosedyrar.</p>	<p>Forenkla etterlevingskontroll av økonomiforvaltninga(RSK301) Andre relevante attestasjonar frå revisor</p>
<p>FR med tema innan økonomiforvaltning</p>	<p>Det er gjennomført ein forvaltningsrevisjonsrapport i løpet av i fjor som er retta mot økonomiforvaltninga. Dette gjaldt undersøking av "IT-sikkerheit".</p> <p>Funna frå denne er nok korrigert og tilfredsstillande forklart.</p>	<p>Rapportar frå forvaltningsrevisjonar/undersøkingar</p>
<p>Rettsaker</p>	<p>I førre år blei 3 rettsvistar avslutta. Ingen av sakene medførte økonomiske konsekvensar for kommunen.</p> <p>Det er ingen pågåande saker.</p> <p>Det er ein tvist der det kan føreligge mogleg økonomisk ansvar for xx kommune. Dette gjeld tvistesak med ferjeoperatør med mottatt krav om etterbetaling på xx kr. For opsjonsår.</p> <p>Det er ikkje avsett midlar i rekneskapen til dette. Sjå nærare omtale i note x til årsrekneskapen og omtale i årsmeldinga.</p>	<p>Tilbakemelding på revisor sitt advokatbrev Juridisk avdeling (dialog eller brev)</p>
<p>Anskaffingar</p>	<p>KOFA har behandla 1 sak som involverer xx kommune. Saka gjaldt klage frå xxx i samband med kontrakt om kjøp av transporttenester (busspakke)</p>	<p>KOFA avgjerder</p>

	<p>Kontrollutvalet behandla saken i sitt møte xx.xx.xx</p> <p>KOFA slo fast at xxx kommune ikkje har brote regelverket for offentlege anskaffingar.</p>	
Statlege tilsyn med relevans for økonomi-området	Det er ikkje gjennomført statlege tilsyn med som har betydning i høve økonomiforvaltninga,	<p>Statlege tilsyn (lista er ikkje uttømmende)</p> <ul style="list-style-type: none"> • Skatteetaten/bokettersyn • Arbeidstilsynet • Mattilsynet • Statsforvalteren • Arkivverket • Andre
Oppsummering tabell 6	<p>Med bakgrunn i utført arbeidet vurderast den økonomiske intern kontrollen å vere tilfredsstillande.</p> <p>Det er avdekka forbetningspunkt knytt til</p> <ul style="list-style-type: none"> - MVA behandlinga der kommunen har tapt xx million som følgje av..... - Innkjøpsforvaltninga der det er avdekka fleire brot på anskaffingsreglementet 	

Tabell 5

7. Vurdering av den kommunale økonomiske berekrafta (KØB)

Omgrepet kommunal økonomisk berekraft er betydeleg styrka i den nye kommunelova. Vurdering av kommunelova sine krav til kommunen:

7.1 Økonomisk handleevne

Tema	Status og vurdering	Grunnlag										
<p>Netto driftsresultat (korrigert) i % av driftsinntekter sml. mot</p> <ul style="list-style-type: none"> - Utvikling av egne tal over tid (5-10 år) - Eigne måltal - Nasjonale måltal - Samanliknbare kommunar 	<p>Netto driftsresultat i 2019 var på x,xx % av driftsinntektene. Utviklinga dei siste 5 åra har vore:</p> <table style="border: none;"> <tr><td>2014</td><td>x1</td></tr> <tr><td>2015</td><td>x2</td></tr> <tr><td>2016</td><td>x3</td></tr> <tr><td>2017</td><td>x4</td></tr> <tr><td>2018</td><td>x5</td></tr> </table> <p>Kommunen sine egne måltal er x5. Nasjonale måltal er på x6. Vurdering: Netto driftsresultat er eit uttrykk for kva kommunen har til disposisjon til avsetningar, inndecking av tidlegare underskot (meirforbruk) og investeringar, og bør ligge på minst 1,75% av driftsinntektene. Talgrunnlaget viser at kommunen ligg godt over dette, og har hatt ei positiv utvikling dei siste åra.</p>	2014	x1	2015	x2	2016	x3	2017	x4	2018	x5	<ul style="list-style-type: none"> • Årsrekneskap • Eigne måltal • Teknisk beregningsutvalg (TBU) • Kommuneproposisjonen • Årsrekneskap for samanliknbare kommunar, KOSTRA
2014	x1											
2015	x2											
2016	x3											
2017	x4											
2018	x5											
<p>Gjeldsgrad (langsigtig renteberande gjeld) i % av driftsinntekter sml. mot</p> <ul style="list-style-type: none"> - Utvikling av egne tal over tid (5-10 år) - Eigne måltal - Nasjonale måltal - Samanliknbare kommunar 	<p>Kommunen har ei lånegjeld i 2019 som er 90,1 % av sum driftsinntekter, som er langt over tilrådinga frå Riksrevisjonen på maks 75%. Tilsvarende tal dei siste åra:</p> <table style="border: none;"> <tr><td>2018</td><td>58,0 %</td></tr> <tr><td>2017</td><td>46,7%</td></tr> <tr><td>2016</td><td>52,2%</td></tr> <tr><td>2015</td><td>46,8%</td></tr> <tr><td>2014</td><td>51,3%</td></tr> </table> <p>Vurdering: Vedtekne investeringar og planlagde investeringar i økonomiplanperioden vil medføre stor auke i lånegjelda til kommunen også i åra framover. Det er venta at denne vil stige til over 100% innan få år dersom vedtekne investeringar vert gjennomførte. Dette kan gå ut over det økonomiske handlingsrommet til kommunen i åra som kjem.</p>	2018	58,0 %	2017	46,7%	2016	52,2%	2015	46,8%	2014	51,3%	<ul style="list-style-type: none"> • Årsrekneskap • Eigne mål • TBU • Kommuneproposisjonen • Årsrekneskap for samanliknbare kommunar
2018	58,0 %											
2017	46,7%											
2016	52,2%											
2015	46,8%											
2014	51,3%											
<p>Gjeldsbelasting på drifta – nettorente og</p>	<p>Gjeldsbelastinga på drifta i form av nettorente og avdragsutgifter dei</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Årsrekneskap • Eigne mål 										

<p>avdragsutgifter i prosent av brutto driftsinntekter sml. mot</p> <ul style="list-style-type: none"> - Utvikling av egne tal over tid (5-10 år) - Eigne måltal - Nasjonale måltal - Samanliknbare kommunar 	<p>siste fem åra viser :</p> <p>2018 xx</p> <p>2017 xx</p> <p>2016 xx</p> <p>2015 xx</p> <p>2014 xx</p> <p>Vurdering:</p> <p>Gjeldsbelastninga på drifta har vore nokolunde stabil dei siste åra.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • TBU • Veileder i økonomistyring, Fylkeskommunen i Nordland
<p>Disposisjonsfond i % av driftsinntekter sml mot</p> <ul style="list-style-type: none"> - Utvikling over tid (5-10 år) - Eigne måltal - Nasjonale måltal - Samanliknbare kommunar 	<p>Kommunen har eit disposisjonsfond på 17,1% av driftsinntektene i 2019. Disposisjonsfondet har vore relativt stabilt dei siste fem åra, og ligg godt over nasjonale måltal på 5%.</p> <p>Vurdering:</p> <p>Storleiken på disposisjonsfond viser at kommunen har frie reserver til å dekke uventa utgifter.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Årsrekneskap • Eigne mål • TBU • Kommuneproposisjonen • Årsrekneskap for samanliknbare kommunar

Tabell 6

7.2 Realistiske planar

Tema	Status og vurdering	Grunnlag
<p>Vedlikeholdsetterslep innan ulike kategoriar – i kva grad er det teke omsyn til denne type etterslep i budsjett/planar</p>	<p>Kommunen har betydelege vedlikeholdsetterslep når det gjelder</p> <ul style="list-style-type: none"> - Veg (om lag 3,5 milliard kroner) - Bygningsmassen knytt til skolebygg (om lag 2,5 milliard kroner) 	<p>Vedlikeholdsetterslep:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Tilstandsrapportene «State of the nation» fra RIF • Kommunale og fylkeskommunale bygg • Kommunale og fylkeskommunale veier • VA-anlegg og VA-nett: • Bedrevann.no <p>Kommunedirektør/økonomisjef/eiendomssjef/veisjef/VA-sjef</p> <ul style="list-style-type: none"> • tilstandsrapporter for egen kommune • forespørsel/dialog
<p>I kva grad er vedlikehaldsplanar generelt innarbeidd og teke omsyn til ift. storleiken for normale måltal</p>	<p>Kommunen har ikkje lagt fram realistiske planar for korleis vedlikeholdsetterslepet skal kunne bli redusert.</p> <p>Kommunen har heller ikkje økonomisk handlingsrom til å handtere ei auke i vedlikehald og/eller oppgraderingar. Dette kan indikere at den økonomiske situasjonen framover kan bli utfordrande.</p>	<p>Kommunedirektør/økonomisjef/eiendomssjef/veisjef/VA-sjef/budsjett- og økonomiplandokumenter</p> <ul style="list-style-type: none"> • forespørsel og dialog • gjennomgang av dokument
<p>Eventuelle brot på lovkrav (om større investeringar)</p>	<p>Tunellsikkerheitsforskrifta stiller ein rekke krav til oppgraderingar av sikkerheita i tunellane på vegnettet. Det er konstatert at kommunen er gitt frist til 01.01.xx for å gjennomføre tilstrekkeleg oppgraderingar i samsvar med krava i forskrifta. Naudsynte oppgraderingar er berekna til å utgjere om lag 1,5 milliard kroner.</p> <p>Det er ikkje lagd fram realistiske planar</p>	<p>Kommunedirektør/økonomisjef/eiendomssjef/veisjef/VA-sjef/budsjett- og økonomiplandokumenter</p> <ul style="list-style-type: none"> • forespørsel og dialog • gjennomgang av dokument

	for å gjennomføre oppgraderingane innan fristen. Kommunen har heller ikkje økonomiske rammer til å handtere oppgraderingsbehovet. Konsekvensen av fristoversitting vil kunne innebære bøter og/eller stengde veglenker.	
--	---	--

Tabell 7

7.3 Forvaltning av finansielle midlar og gjeld utan vesentleg finansiell risiko

Tema	Status og vurdering	Grunnlag
Er finans- og gjeldsforvaltninga innanfor regelverket mtp <ul style="list-style-type: none"> - Plassering av midlar - Andel fastrentelån - Andel sertifikatlån 	Finans- og gjeldsforvaltninga er innanfor vedtatt reglement	Kommunens finansreglement Finansrapport Bør også i den sammenheng ta i betraktning vurderingen i neste punkt vedr betalingsforpliktelse
Storleiken på sertifikatlån	Sertifikatlåna utgjer kr xx, mill og er innanfor vedtatt reglementet. Det vil likevel påpeikast at sertifikatlån er kortsiktige lån. Det kan derfor føreligge ein refinansieringsrisiko som kommunestyret bør vere merksam på.	

Tabell 8

7.4 Vurdering av likviditet

Tema	Status og vurdering	
Utvikling i likviditetsgrad 1 over dei siste 5-10 åra mot avtala nøkkeltal	Likviditeten vurderast som tilfredsstillande.	Årsregnskap (balansen)
Utvikling i likviditetsgrad 2 over dei siste 5-10 åra mot avtala nøkkeltal		Likviditetsgrad 1= omløpsmidler / kortsiktig gjeld inkl. sertifikatlån (bør være > 2) Likviditetsgrad 2= mest likvide betalingsmidler / kortsiktig gjeld inkl. sertifikatlån, (bør være > 1) Mest likvide betalingsmidler = bankinnskudd + kortsiktige aksjer, obligasjoner verdipapir (klassifisert under omløpsmidler)

Tabell 9

8. Vurdering av ikkje-økonomiske krav i årsmeldinga

Tema	Status og vurdering	Grunnlag
Er verksemda si måloppnåing og andre ikkje-økonomiske forhold som er av vesentleg verknad for kommunen eller innbyggjarane omtalt i årsmeldinga?	Ja, dette er omtalt i årsmeldinga på s. xx i årsmeldinga.	Årsmeldinga
Er tiltak som er sett i verk og tiltak som er planlagt sett i verk for å sikre ein høg etisk standard omtalt i årsmeldinga?	Det er omtalt på side xx i årsmeldinga, men kunne vore omtalt meir utdjupande.	Årsmeldinga
Er den faktiske tilstanden når det gjeld kjønnslikestilling omtalt i årsmeldinga?	Ja, det er omtalt på side xx i årsmeldinga. Det går fram at kommunen har ei utfordring når det gjeld likestilling mellom kjønn.	Årsmeldinga
Er det omtalt i årsmeldinga kva kommunen gjer for å oppfylle arbeidsgjevar si aktivitetsplikt etter likestillings- og diskrimineringsloven § 26.	Ja, det er omtalt på side xx i årsmeldinga.	Årsmeldinga

Tabell 10

9. Vurdering av revisjonen sitt arbeid

Ein viktig del av kontrollutvalet sitt arbeid er påsjå-ansvaret. Påsjå-ansvaret er følgt opp i tråd med FKT sin rettleiar, og behandla i eiga sak i kontrollutvalet (Sak xx osv).

Tema	Vurdering
Påsjå at rekneskaperen vert revidert på ein trygg måte a. Kvalifikasjonskrav b. Vandel c. Uavhengigheit d. Kvalitetskontrollsystemet i revisjonsforetaket	Det er utført påsjå-ansvar overfor revisor: Kvalifikasjonskrav – ok KU-sak xx/xx Vandel – ok KU-sak xx/xx Uavhengigheit – ok KU-sak xx/xx Kvalitetskontrollsystemet i revisjonsforetaket - ok KU-sak xx/xx
Halde seg løpande orientert om revisjonsarbeidet: a. Planleggingsfasen b. Interimsfasen c. Årsoppgjersfasen d. Etterlevingskontroll	Som over
Påsjå at revisjonsarbeidet går føre seg i samsvar med: a. Lov, forskrift, og god kommunal revisjonsskikk b. Kontrakt, avtalar og instruksar	Som over
Konklusjon	Revisjonen av kommunen er etter kontrollutvalet si vurdering utført på en forsvarleg måte

Tabell 11



DET KONGELIGE KOMMUNAL-
OG MODERNISERINGSDEPARTEMENT

Ifølge liste

Deres ref	Vår ref	Dato
	20/5274-7	15. mars 2021

Veileder til kontrollutvalg- og revisjonsforskriften

Departementet har utarbeidet en veileder til kontrollutvalg- og revisjonsforskriften (forskrift 17. juni 2019 nr. 904 om kontrollutvalg og revisjon).

Veilederen inneholder departementets merknader til de enkelte bestemmelsene i forskriften.

Veilederen er tilgjengelig her: [Veileder til kontrollutvalgs- og revisjonsforskriften - regjeringen.no](https://www.regjeringen.no)

Med hilsen

Ragnhild Spigseth (e.f.)
kst. avdelingsdirektør

Erland Aamodt
fagdirektør

Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikke håndskrevne signaturer

Postadresse	Kontoradresse	Telefon*	Avdeling	Saksbehandler
Postboks 8112 Dep	Akersg. 59	22 24 90 90	Kommunalavdelingen	Erland Aamodt
0032 Oslo		Org.nr.		22 24 68 28
postmottak@kmd.dep.no	www.kmd.dep.no	972 417 858		

Politiske saker

PS 19/21 Val av revisor for Stord kommune - tilråding frå kontrollutvalet



Stord kommune

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saksnr: 2014/302-54
Saksbehandlar: Hogne Haktorson

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Stord kommune	19/21	19.04.2021

Val av revisor for Stord kommune - tilråding frå kontrollutvalet

Forslag til innstilling

Kommunestyret i Stord kommune vel.....som revisor frå 01.07.2021 - 30.06.2025

Samandrag

Sekretariatet har gjennomgått og evaluert dei innkomne tilboda og resultatet av dette arbeidet vart lagt fram i arbeidsmøte 04.03.2021. I dette møtet skal kontrollutvalet vedta innstilling på val av revisor for kommunen. Avtaleperiode er 01.07.2021 til 30.06.2025. (I konkurransegrunnlaget er det bl.a. informert om dette: «Kommunane Stord og Fitjar vurderer for tida revisjonsordning, og kan dermed få behov for å avslutte avtalen før avtaletida sitt utløp med 6 månaders varsel.»). Innstillinga frå kontrollutvalet går vidare til kommunestyret, som gjer endeleg vedtak i saka.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kommunestyret i Stord kommune vedtok 24.09.2020 å gje kontrollutvalet fullmakt til å gjennomføre prosessen for å få gjennomført konkurranse om val av revisor. Det var i sak PS 55/2020:

«Kommunestyret gjev kontrollutvalet fullmakt til å gjennomføre ny konkurranse i høve val av revisor for Stord kommune. Tidsramma må leggjast slik at den som vert valt ut frå konkurransen, er revisor fom. 01.07.2021. Fullmakta omfattar gjennomføring av heile prosessen, herunder:

- *Utarbeiding og godkjenning av tilbodsdokument*
- *Knytte til seg naudsynt hjelp.*
- *Vurdera mottekne tilbod og innstilla overfor kommunestyret på val av revisor.*

Kommunestyret ynskjer at Kontrollutvalet også vurderer om Stord kommune, til liks med Sveio, skal gå inn i Rogaland revisjon. Kommunestyret bed Kontrollutvalet om å komma tilbake med ei eiga sak på dette innan kommunestyremøtet i desember 2020.»

Konkurransesgrunnlaget vart vedteke i møte i kontrollutvalet 15.10.2020, sak PS 38/20.

Kommunestyret fatta dessutan slik vedtak 17.12.2020 i sak PS 86/2020:

1. *«Då det ikkje ligg føre nok informasjon til at ein kan estimere ein framtidig revisjonskostnad med at Stord kommune går inn som eigar i Rogaland Revisjon IKS, ønskjer ikkje kommunestyret å gå inn for ei slik løysing no.*
2. *Kommunestyret ber Rogaland Revisjon IKS komme tilbake med eit estimat på kva det totalt vil koste Stord kommune pr. år i revisjonshonorar for å gå inn som eigar i selskapet. I dette må det også gå fram kor mange timar det ligg i estimatet til forvaltningsrevisjon, eigarskapskontroll og andre timebaserte tenester.*
3. *Fram til ny vurdering, held Stord kommune fram med konkurranseutsetting av revisjonstenestene for kommunen.»*

Konkurransesgrunnlaget legg bl.a. til grunn at tildeling av kontrakt vil skje på grunnlag av best forhold mellom pris og kvalitet, der ein tek omsyn til følgjande kriterium:

- 40 % Pris (fastpris og timepriser)
- 35 % Kvalitet (Løysing av oppdraget)
- 25 % Kompetanse

Vedtakskompetanse

Det er kontrollutvalet som har vedtakskompetanse til å gjennomføre prosess med konkurranseutsetting av revisjonstenestene og lage innstilling til kommunestyret på val av revisor, medan det er kommunestyret sjølv som gjer vedtak, jf. kommunelova § 24-1.

Vurderingar og verknader

Anbudsfristen gjekk ut 26.01.2021 kl. 12.00 for levering av tilbod på kjøp av revisjonstenester for Stord kommune for perioden 01.07.2021 til 30.06.2025. (I konkurransegrunnlaget er det bl.a. informert om dette: «Kommunane Stord og Fitjar vurderer for tida revisjonsordning, og kan dermed få behov for å avslutte avtalen før avtaletida sitt utløp med 6 månaders varsel.»)

Sekretariatet har gjennomgått og evaluert dei innkomne tilboda og førebudd arbeidsmøtet ut frå det. I dette arbeidet har sekretariatet nytta jurist frå innkjøpsseksjonen i Vestland fylkeskommune som rådgjevar. Denne juristen rapporterer i denne saka til sekretariatet og ikkje til fylkesrådmannen.

Sekretariatet presenterte 04.03.2021 forslag til evaluering av dei innkomne tilboda for kontrollutvalet i møte (arbeidsmøte), under sak PS 11/21.

Evalueringa i arbeidsmøte i kontrollutvalet 04.03.2021, vil utgjere grunnlag for innstillinga frå kontrollutvalet i dette møtet.

Sekretariatet har no førebudd sak til kontrollutvalet der utvalet skal innstille overfor kommunestyret på val av revisor for Stord kommune frå 01.07.2021. Det er kommunestyret som skal gjere det endelege vedtaket. Sekretariatet vil i møte 19.04.2021 presentere munnleg forslag til val av revisor for Stord kommune for perioden 01.07.2021 - 30.06.2025. Det vil også bli presentert ei grunnngjeving i forhold til dei 3 tildelingskriterium som ligg til grunn i konkurransegrunnlaget.

Konklusjon

Sidan tilboda inneheld informasjon av konkurransemessig betydning for tilbydarane er informasjonen unnateke offentleggjering, jf. offl.13, jf. forvl. § 13. Kontrollutvalsmøtet må difor lukkast med heimel i kommunelova § 11-5 under handsaming av denne saka.

På bakgrunn av det som kjem fram i dette saksframlegget, og ut frå det som vert presentert i møtet, og arbeidsmøte 04.03.2021, vert kontrollutvalet tilrådd å innstille til val av revisor for Stord kommune frå 01.07.2021 til 30.06.2025. Innstillinga går til kommunestyret. Vanlegvis går ikkje kommunestyret inn i detaljane i tilboda, men forhold seg i hovudsak til evalueringsresultatet. I så fall kan kommunestyremøtet vera åpent når saka kjem dit.

Tilbydarane er kjent med, gjennom konkurransegrunnlaget, at kommunane Stord og Fitjar for tida vurderer revisjonsordning, og dermed kan få behov for å avslutte avtalen før avtaletida sitt utløp med 6 månaders varsel. Det er difor ikkje trong for å ta det med i vedtaket.